

# Ideologisk endring og stabilitet

*Ein komparativ ideologianalyse av Socialistisk Folkeparti i Danmark og Sosialistisk Venstreparti i Noreg i perioden 1989 til i dag*

Ingrid Brandal Myklebust



Masteravhandling ved institutt for statsvitenskap

UNIVERSITETET I OSLO

Vår 2013



# **Ideologisk endring og stabilitet**

*Ein komparativ ideologianalyse av Socialistisk Folkeparti i Danmark  
og Sosialistisk Venstreparti i Noreg i perioden 1989 til i dag*

© Ingrid Brandal Myklebust

2013

Ideologisk endring og stabilitet. Ein komparativ ideologianalyse av Socialistisk Folkeparti i Danmark og Sosialistisk Venstreparti i Noreg i perioden 1989 til i dag.

Ingrid Brandal Myklebust

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: OK Print Shop, Oslo Kopisten AS

# Samandrag

Temaet i denne avhandlinga er den ideologiske utviklinga til Socialistisk Folkeparti (SF) i Danmark og Sosialistisk Venstreparti (SV) i Noreg frå 1989 og fram til i dag. Studien bygger på eit teoretisk fundament der idear og språk blir sett på som sentrale for å forstå politikk. Samstundes er den analytiske tilnærminga godt forankra i teori innanfor komparativ politikk; politiske konfliktdimensjonar, partiorganisasjonar og partifamiliar. Ei idéhistorisk vurdering av dei to partia og partifamilien deira viser at to ideologiske strøymingar har stått sentralt: Det eine er tradisjonelle konfliktliner, knytt til staten si rolle og organisering av økonomien, og det andre er *Ny politikk*-verdiar, knytt til synet på til dømes freds- og miljøspørsmål. Med bakgrunn i dette vert det utvikla eit analytisk rammeverk bygd opp av dei tre ideologiske dimensjonane *venstreorientering*, *økologisme* og *pasifisme*. Analysen er gjennomført som ein komparativ, fortolkande casestudie og utviklinga blir studert ved hjelp av ideologianalyse.

Ideologianalysen viser at utviklinga er prega av både endring og stabilitet. Partia har flytta seg noko mot sentrum langs venstreorienterings- og pasifismedimensjonen, men langs økologismedimensjonen ligg både SF og SV langt ut mot ytterpolen. Synet på overordna mål er stort sett stabilt; endringa skjer på verkemiddelnivå. Sidan eg finn både endring og stabilitet i programma, blir det gitt mest støtte for den empiriske forventinga som seier at partia skal ha tona ned si venstreorientering, samstundes som dei har fått ein sterkare *Ny politikk-profil*. På bakgrunn av funna vert det likevel diskutert om det er på tide å behandle kvar av desse sakene som sjølvstendige ideologiske område for partia, og ikkje som eit kollektivt saksfelt under merkelappen *Ny politikk*. Eg argumenterer til slutt, på bakgrunn av analysen, for at det i dag er meir presist å snakke om SF og SV som *økososialistiske* enn som *Nye venstre*.



# Forord

Denne avhandlinga har blitt til som eit resultat av mange ulike samtalar med mange kloke og flinke folk i løpet av det siste året. Nokre av dei får eg takka her.

Fyrst og fremst ynskjer eg å rette ei stor takk dei to rettleiarane mine – ikkje berre for å ha hjelpt meg i mål, men for å ha gjort det siste året til ein svært lærerik, utfordrande og kjekk prosess! Tusen takk til Øivind Bratberg for å ha sett i gong den sterke interessa for idear og parti, for givande diskusjonar og for å ha losa meg trygt gjennom tidvis usikkert farvatn. Tusen takk til Elin Haugsgjerd Allern for inspirasjon gjennom designseminar og for svært grundige, gode og utfordrande tilbakemeldingar heile vegen.

Takk til Bård Vegar Solhjell, Turid Leirvoll, Ole Hvas og Steen Gade for å ta seg tid til å la meg intervjuje dei og gi meg eit svært interessant innblikk i kva prosessar som ligg bak partiideologisk utvikling. Takk til Lilla Sølhusvik for nyttige innspel. Takk til Anders Ravik Jupskås for å alltid ha ei opa dør og gode råd i kritiske fasar.

Takk til alle på seminargruppa for komparativ politikk for faglege tilbakemeldingar. Takk til Eirik Hildal for gjennomlesing, nyttige innspel og godt selskap. Og takk til Lise, Rannveig, Runa og Oddhild for ulike bidrag til teksten undervegs. Tusen takk til foreldra og syskena mine for all støtte gjennom studieåra og til Jon Martin for uendeleg tålmod.

Trass i god hjelp frå mange er eg sjølv fullt ansvarleg for det endelege produktet.

Ingrid Brandal Myklebust

Oslo, 22.05.2013

Tal på ord: 41 896 (40 234 utan vedlegg).

# Innhold

<b>1</b>	<b>Introduksjon</b> .....	<b>3</b>
1.1	Problemstilling: Ideologisk utvikling i SF og SV .....	4
1.2	Bakgrunn for studien .....	5
1.3	Vegen vidare .....	6
<b>2</b>	<b>Teori og litteraturgjennomgang</b> .....	<b>8</b>
2.1	Introduksjon .....	8
2.2	Teoretisk grunnlag: Ideologi og politiske parti .....	8
2.2.1	Det komplekse ideologiomgrepet .....	9
2.2.2	Partiideologi .....	11
2.2.3	Partifamilieomgrepet .....	12
2.3	Det ideologiske opphavet til partia .....	14
2.3.1	Partifamilien: Det Nye venstre .....	14
2.3.2	Partia: Socialistisk Folkeparti og Socialistisk Venstreparti .....	18
2.4	Eit analytisk rammeverk .....	24
2.4.1	Venstreorientering .....	25
2.4.2	Økologisme .....	27
2.4.3	Pasifisme .....	29
2.5	Ideologisk endring og stabilitet .....	32
2.6	Oppsummering .....	36
<b>3</b>	<b>Forskningsdesign og metode</b> .....	<b>37</b>
3.1	Introduksjon .....	37
3.2	Forskningsdesign og val av case .....	37
3.3	Analysemateriale og utval .....	40
3.3.1	Partiprogram som analysemateriale .....	40
3.3.2	Partiprogram i Danmark og Noreg .....	41
3.3.3	Utval av partiprogram .....	42
3.4	Metode .....	44
3.4.1	Tekstanalyse .....	44
3.4.2	Ideologianalyse .....	46
3.5	Intervjumateriale .....	48
3.6	Oppsummering .....	50



<b>4</b>	<b>Analyse: Ideologisk utvikling i SF og SV .....</b>	<b>51</b>
4.1	Introduksjon .....	51
4.2	Økonomisk venstreorientering .....	51
4.2.1	Utvikling i Socialistisk Folkeparti.....	52
4.2.2	Utvikling i Sosialistisk Venstreparti.....	57
4.3	Økologisme .....	62
4.3.1	Socialistisk Folkeparti .....	62
4.3.2	Sosialistisk Venstreparti .....	67
4.4	Pasifisme.....	71
4.4.1	Socialistisk Folkeparti .....	72
4.4.2	Sosialistisk Venstreparti .....	77
4.5	Oppsummering: Kva slags ideologisk utvikling? .....	83
<b>5</b>	<b>Diskusjon: Ideologisk endring og stabilitet i SF og SV .....</b>	<b>86</b>
5.1	Introduksjon .....	86
5.2	Korleis forstå funna i lys av dei empiriske forventningane? .....	86
5.3	Korleis klassifisere partia i dag?.....	90
5.4	Drivkrefter bak ideologisk endring og stabilitet – nokre refleksjonar .....	92
5.4.1	Korleis forstå ideologisk endring? .....	93
5.4.2	Korleis forstå ideologisk stabilitet? .....	96
5.4.3	Korleis forstå ulik ideologisk utvikling i SF og SV?.....	99
5.5	Oppsummering .....	102
<b>6</b>	<b>Konklusjon.....</b>	<b>103</b>
6.1	Mine bidrag og vidare forskning.....	106
	<b>Litteraturliste .....</b>	<b>108</b>
	<b>Vedlegg.....</b>	<b>120</b>

## Tabelloversikt

Tabell 2.1	Oversikt over det analytiske rammeverket.....	31
Tabell 3.1	Oversikt over partiprogramma som finst i perioden med årstal og sidetal.....	43
Tabell 3.2	Oversikt over informantar .....	49
Tabell 4.1	Oppsummering av ideologisk utvikling frå 1990 til 2012 for SF.....	83
Tabell 4.3	Oppsummering av ideologisk utvikling frå 1989 til 2011 for SV.....	84



# 1 Introduksjon

Temaet for denne avhandlingen er den ideologiske utviklingen i partia Socialistisk Folkeparti (SF) i Danmark og Sosialistisk Venstreparti (SV) i Norge. Disse partia har tilsynelatende gjennomgått ei omfattende utvikling dei siste tiåra: Etter å ha blitt starta som sterkt ideologiske protestparti langt til venstre i det politiske landskapet gjekk dei for fyrste gong inn i kvar sine regjeringskoalisjonar i løpet av 2000-talet. Partia høyrer til innanfor den europeiske partifamilien av politiske parti som blir referert til som "the New Left" (Kitschelt 1988: 194). Men med tanke på at både SF og SV no er over femti år gamle, godt etablerte innanfor det danske og det norske partisystemet og sit i kvar si regjering saman med sosialdemokratiske parti, er det på tide å setje spørsmålsteikn ved kor presist det er å framleis kalle desse partia for "det nye venstre". Samstundes er det verdt å sjå nærare på kva slags ideologisk reise dei eventuelt har vore gjennom.

Politiske parti endrar seg med tida – det er det brei semje om. Partia må endre seg etter som nye politiske saker kjem på dagsorden, og for å halde tritt med utviklingen i samfunnet elles (Ware 1996: 47). Partiideologi oppstår ikkje i eit vakuum. Samstundes er det viktig for partia å halde på, og å dyrke, nokre utvalde saker som er spesielt viktige for dei og som definerer deira ideologiske kjerne eller partiidentitet (Panebianco 1988). Alle parti vert utsette for denne spenningen mellom ideologisk endring og stabilitet. Men for parti som SF og SV, som har gått frå reine ideologiske protestparti (Allern 2007: 220) til regjeringspartnerar i løpet av dei siste åra, er det nærliggande å tenke seg at denne spenningen er ekstra sterk (Adams, Clark, Ezrow og Glasgow 2006) – og dermed ekstra interessant å sjå nærare på.

## 1.1 Problemstilling: Ideologisk utvikling i SF og SV

Problemstillinga for avhandlinga inneheld fylgjande spørsmål:

*I kva grad har SF og SV endra seg ideologisk langs sentrale politiske dimensjonar frå 1989 og fram til i dag, og kvar står partia ideologisk i dag på bakgrunn av denne utviklinga?*

Den fyrste delen av problemstillinga skal svarast på ved hjelp av ein komparativ ideologianalyse av partiprogram. Den andre delen er underordna den fyrste og vil bli diskutert i etterkant av analysen i lys av teori det teoretiske bakteppet og funna frå analysen. Fordi empirien legg til rette både for teori knytt til ideologi og idear si rolle i politikken, samt klassisk teori innanfor komparativ politikk om politiske parti og partifamiliar, vil eg freiste sameine desse to utgangspunkta teoretisk.

Avhandlinga bygger på ein litteratur der idear og språk blir sett på som sentrale for å forstå politikk og der ideane er med på å forme det politiske handlingsrommet. Samstundes er den analytiske tilnærminga godt forankra i klassisk teori innanfor komparativ politikk; politiske konfliktdimensjonar, partiorganisasjonar og partifamiliar. Partiideologi blir her definert som eit politisk trussystem basert på eit sett politiske verdiar som eit parti forfektar. Avhandlinga bygger på ein premiss om at det gir meining å spore ideologisk endring i eit parti ved å studere partiprogram etter teoretiske dimensjonar. SF og SV sitt syn på politiske enkeltsaker kan på denne måten samlast under ein partiideologi som på si side plasserer partiet innanfor ein partifamilie.

Målet er likevel ikkje å avdekke heile SF og SV sin ideologi. For å avgrense analysen har eg definert tre ideologiske dimensjonar som representerer kjerneområde i opphavet og ideologien til partia, og som eg kallar venstreorientering, økologisme og pasifisme. Tanken er at område som har vore identitetsberande for partia er rette staden å vurdere om vesentleg endring har skjedd. Utifrå desse dimensjonane diskuterer eg den partiideologiske utviklinga til SF og SV og korleis partia kan forståast i dag. Mine bidrag med denne avhandlinga er derfor (1) eit analytisk rammeverk for partiideologisk endring basert på mi forståing av opphavet og ideologien til SF og SV, (2) dei empiriske funna av ideologisk utvikling frå 1989 til i dag, målt langs tre utvalde ideologiske dimensjonar, og (3) ein diskusjon av korleis ein kan klassifisere SF og SV ideologisk i dag på bakgrunn av dette.

## 1.2 Bakgrunn for studien

[W]e need to begin a more fundamental re-evaluation of left parties (Bale og Dunphy 2011: 286).

Nye venstreparti generelt, og SF og SV spesielt, er parti det er lite forska på når det gjeld ideologisk ståstad og endring. Tradisjonelt har dei store partifamiliane fått mest merksemd, og særleg har sosialdemokratiske parti vore populære forskingsobjekt. Men særleg etter at Sovjetregimet fall i 1989-91 har forskingsfokuset på nye parti flytta seg til høgre for det politiske sentrum (Mudde og March 2005: 23). I Norden har parti som Dansk Folkeparti, Framstegspartiet og Sverigedemokraterna vore tema for mange studiar dei siste åra (sjå mellom andre Hellström 2010; Hildal 2012; Johansen 2007; Orrenius 2010; Simonsen 2007; Wold 2005). Av Nye venstre-parti har det derimot vore få studiar, særleg komparativt (Bale og Dunphy 2011; Olsen, Hough og Koß 2010). Noko av forklaringa på dette kan ligge i at det ikkje finst så mange Nye venstre-parti i Vest-Europa og at dei som finst inntil nyleg ikkje har hatt så mykje politisk påverknadskraft anna enn som pressparti overfor større sosialdemokratiske parti (Gallagher, Laver og Mair 2011: 249). Det gjer behovet desto større for å bidra med studiar på dette feltet.

Dei skandinaviske Nye venstre-partia er også svært interessante å studere nærare på grunn av deira særeigne natur som gjer at dei skil seg både frå sosialdemokratiske, kommunistiske og grønne parti elles i Europa. Fordi dei har ein distinkt ideologisk posisjon felles, ei eiga blanding av raudt og grønt, er det god grunn til å studere dei saman og samanlikne utviklingstrekk (Gallagher et al. 2011). Eit døme på likskapar er at begge partia i løpet av 2000-talet vart med i sine fyrste regjeringssamarbeid nokon gong – SV i 2005 saman med Arbeidarpartiet (Ap) og Senterpartiet (Sp) – og SF i 2011 saman med Socialdemokraterne (SD) og Radikale Venstre (RV). Dette har ført til ein massiv offentleg debatt om partia, noko som aktualiserer problemstillinga, ikkje minst fordi partia i si tid vart danna som korrektiv til, og i opposisjon mot, dei dominerande sosialdemokratiske partia. I den norske offentlege debatten har fleire tatt til orde for at SV har endra seg så mykje at dei like godt kan melde seg inn i Arbeidarpartiet (sjå mellom andre Huseby 2012; Rossavik 2012) – partiet dei ein gong braut ut frå grunna ideologisk usemje (Ersson 2005: 57-58). I Danmark har same debatten rasa, særleg etter SF kom i regjering i 2011, om kvar dei eigentleg står ideologisk i dag (sjå mellom anna

Lund 2012; Schaft 2013), og seinast etter at tre SF-profilar meldte seg ut av SF og inn i SD denne våren (Westerby, Turunen og Petersen 2013).

Lenge har det vore eit paradoks innanfor samfunnsforskning at ideologiar og idear si rolle i politikken har vore hyppig diskutert og meint mykje om, men relativt lite forska på utifrå eit idéperspektiv:

On one hand, ideas are central features of the social and political world. People produce them, develop them, disseminate them, and consume them. [...] Yet as objects of scientific inquiry, ideas have held a beleaguered status, often derided as imprecise or placed lower in status than material interest or institutions (Béland og Cox 2011: 6).

I studiet av partifamiliar er samsvar mellom ideologi og politikk det vanskelegaste å teikne konturane av, og det har vore få gode forskingsbidrag der ideologiske uttrykk er direkte gjenstand for analyse (Mair og Mudde 1998: 217). *"Ideologies is one of the most important, yet least understood phenomena"*, skriv Sheri Berman (2011: 105), og er blant mange som etterlyser meir forskning på ideologisk endring i samfunnet. Lenge var ideologi innanfor partiforskinga berre sett på som eit middel til makt, og ikkje som eit mål i seg sjølv – noko som går tilbake til mellom anna Downs (1957) og hans tese om at val av politikk er instrumentelt, då målsettinga til partia fyrst og fremst er å samle stemmer og få posisjonar. Men dei siste tiåra har studiar av ideologi fått ein sterkare posisjon i statsvitskapleg forskning, og særleg innanfor studiar av internasjonal og komparativ politikk (sjå Béland og Cox 2011: 4 for eit oversyn over særleg viktige bidrag). I desse nyare studiane har fokuset i større grad vore på framveksten og utbreiinga av ulike idear og ideologiar, korleis ideologiane vinn terreng og kvifor det skjer. Forskningsfokuset har gått frå *om* til *korleis* idear har betydning for politikk, og særleg politisk endring (Mehta 2011).

### **1.3 Vegene vidare**

Etter denne introduksjonen vil kapittel 2 utgjere det teoretiske og analytiske grunnlaget for avhandlinga. Litteraturgjennomgang har ikkje fått sitt eige kapittel fordi det er få studiar å vise til når det gjeld ideologisk utvikling i SF og SV. Derimot er det svært mykje litteratur å ta av når det gjeld studien av politiske parti og endring i desse, noko som gjer teorikapitlet breitt utforma. Kapitlet vil også inkludere ein presentasjon av SF og SV sitt

historiske opphav. Og eg vil sjå på kva som særmerker partifamilien SF og SV er ein del av. Dette dannar utgangpunktet for utviklinga av tre ideologiske dimensjonar som har stått sentralt for den ideologiske plasseringa av SF og SV: (1) Ønsket om å representere ein sosialistisk økonomisk politikk, samt å fremje kjerneverdier knytte til (2) økologi og (3) pasifisme, to omgrep som er typiske for "Ny politikk". Til slutt i kapitlet vil eg, med basis i teori om endring og stabilitet i desse partia, meisle ut nokre empiriske forventningar til analysen.

I kapittel 3 vil eg fyrst argumentere for mine val av case og kva som kjenneteiknar studiens komparative design. Deretter vil eg presentere premissane for tekstanalyse og ideologianalyse og argumentere for kvifor eg her har valt å bruke denne metoden. Eg vil også diskutere partiprogram som datamateriale, både når det gjeld korleis analyseutvalet og kodinga vart gjort. Eg vil også kort presentere føremålet med å nytte intervjumateriale som supplerande bakgrunnsinformasjon til diskusjonen.

I kapittel 4 vil eg freiste svare på hovudproblemstillinga for avhandlinga; I kva grad SF og SV har endra seg ideologisk langs sentrale dimensjonar frå 1989 og fram til i dag. Her vil eg presentere funna eg har gjort gjennom ideologianalysen av partiprogram ved å gå gjennom den ideologiske utviklinga for begge partia etter tur langs dei tre utvalde dimensjonane.

I kapittel 5 vil eg gå nærare inn på funna i kapittel 4 og diskutere korleis ein kan forstå den ideologiske utviklinga. Fyrst diskuterer eg kva av dei empiriske forventningane som passar best slik dei vart definerte i kapittel 2. Deretter diskuterer eg korleis partia kan klassifiserast i dag i lys av funna frå analysen. Til slutt kjem eg med nokre tentative refleksjonar kring korleis ein kan forstå drivkrefter bak den ideologiske utviklinga. Denne delen er lausare teoretisk forankra og er meint å vere ein avsluttande diskusjon om korleis ein kan forstå ideologisk endring og stabilitet, og kanskje legge eit grunnlag for vidare forskning på desse partia.

Til slutt, i kapittel 6, vert avhandlinga runda av med ein kort konklusjon.

## 2 Teori og litteraturgjennomgang

### 2.1 Introduksjon

Dette kapitlet har fire hovuddelar. Den fyrste presenterer omgrep og litteratur som er særleg viktige for temaet. Føremålet er å definere og avgrense sentrale omgrep som ideologi, partiideologi og partifamiliar, og med det legge eit breitt teoretisk fundament som avhandlinga baserer seg på. I den andre delen går eg meir spesifikt inn på dei to casane i avhandlinga: SF og SV. Eg tek til med ein presentasjon av partifamilien SF og SV høyrer til, for deretter å gå gjennom det historiske opphavet til partia.

Den tredje delen presenterer det analytiske rammeverket av dei tre utvalde ideologiske dimensjonane venstreorientering, økologisme og pasifisme, som er meisla ut på bakgrunn av dei to førre delane. I den fjerde og siste delen nyttar eg tidlegare litteratur til å sjå på kva ein kan forvente av endring og stabilitet i den ideologiske utviklinga til partia. Utifrå dette utleier eg tre ulike empiriske forventningar til analysen.

### 2.2 Teoretisk grunnlag: Ideologi og politiske parti

Studiet av politiske parti har lange røtter innan komparativ politikk, og eg vil støtte meg på klassisk litteratur om politiske skiljeliner, partiorganisasjonar og partifamiliar. Idear og ideologi har hatt ein meir varierende posisjon i statsvitskapen. Fordi debatten om relevansen av ideologi har prega mykje av forskinga på området og legg nokre av premissane for å forstå omgrepet, vil eg starte teorikapitlet med ein gjennomgang av det som vert kalla avideologiseringsdebatten. Gjennomgangen vil munne ut i ein valt ideologidefinisjon som eg meiner er mest føremålstenleg i høve til problemstillinga.



## 2.2.1 Det komplekse ideologiomgrepet

Politiske ideologiar har hatt ein svært omstridt og skiftande posisjon sidan termen ideologi vart utbreitt utover 1800-talet (Bergström og Boréus 2005: 150). Ordet stammar frå den franske revolusjonen og tyder "vitskapen om idear" (Heywood 2007: 5). I dag blir omgrepet brukt på svært mange ulike måtar. Eg skal her undersøke korleis politiske idear kan endre seg over tid, og legg til grunn (1) ei forståing av ideologi som eit sett av meir eller mindre samanhengande politiske idear hjå ein aktør, her eit parti, og (2) eit syn på politikk som noko meir enn lausrivne standpunkt til politiske saker.

Åra mellom 1950 og 1965, i det tidsrommet då dei Nye venstre-partia i Danmark og Noreg vart stifta, var prega av mangel på sterke ideologiske konflikter (Lane og Ersson 1999: 3). Den svenske statsvitaren Herbert Tingsten var blant dei som hadde argumentert for at ideologiane var døde: Mindre klassemotsetnader, større sosial mobilitet og det aukande fokuset på enkeltsaker gjorde at politiske prinsipp hadde mista sin relevans (Tingsten 1955; sjå også Bell 1960; Lipset 1968). Men denne påståtte avideologiserte perioden vart fylgt av ei av dei mest intense ideologiske periodane vi har sett i den vestlege verda (Aardal 1999: 53). På slutten av 1960-talet såg ein ikkje berre ei fornya interesse i marxistiske og anarkistiske idear, men også framveksten av nye ideologiar som feminisme og økologisme (Heywood 2007: 335). Dessutan vart SF og SV etablerte som sterkt ideologiske parti nettopp i denne perioden – noko som i seg sjølv strid med hypotesane til Tingsten og andre.

Likevel var grunnlaget lagt for ein omfattande samfunnsvitskapleg debatt om relevansen av ideologi. På slutten av 1980-talet blussa debatten om "ideologiane sin død" opp igjen grunna kommunismen sitt samanbrot i Aust-Europa og diskusjonen kring postmoderne verdiar i vestlege land (Saglie 1992: 2). I Francis Fukuyama sitt essay "The End of History" (1989) tok han til orde for at historia som ein kamp mellom ideologiar var over, og at vestleg liberalisme hadde vunne. Den amerikanske statsvitaren Samuel P. Huntington var blant dei som debatterte og argumenterte i mot dette i den kjende artikkelen "The Clash of Civilizations?" (1993). Huntington såg føre seg at andre typar djuptgåande ideologiske konflikter ville avløyse venstre/høgre-dimensjonen som hadde dominert i det tjuande hundreåret. Uansett ideologisk ståstad, er det liten tvil om at dei dramatiske omveltingane som fylgde av den austeuropeiske revolusjonen frå 1989 til

1991 drastisk endra eit verdsomfattande syn på ideologi (Heywood 2007: 335). Ikkje minst fekk det konsekvensar for politiske parti som delvis eller heilt var tufta på dette verdssynet, som Socialistisk Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti kan seiast å vere.<sup>1</sup>

Mange av teoriane om avideologisering har blitt kritisert for å ha eit for snevert syn på kva ideologi er (Heywood 2007: 335). Utviklinga har kanskje gått i retning større konsensus mellom dei store vestlege ideologiane, som liberalisme, sosialisme og konservatisme, og nye ideologiske konfliktliner har kome til syne. Men dette kan snarare kallast ei svekka polarisering av "ismane" enn ein svekka relevans for ideologiane. Leon Epstein (1967: 286) meiner til dømes at: "[...] *the decline-of-ideology school is usually thinking about no more than the decline in socialist ideology*". Dei siste tiåra har ein tvert i mot sett at ideologi og idear sin plass i politikken har fått stadig meir merksemd, og også blitt eit meir ynda mål for politisk analyse (Mehta 2011: 23). Ser ein på nyare norsk valforskning spelar den ideologiske strukturen i samfunnet ei avgjerande rolle for folk sine politiske orienteringar (Aardal 2007: 128). Partiforskning viser dessutan at ideologi er sentralt i danninga og vidareføringa av partia sin identitet (Ware 1996: 17).

Knutsen (1985: 30) definerer ideologi slik:

En politisk ideologi er et politisk trossystem av preskriptiv karakter (bestående av politiske verdier) som inkluderer utsagn om at visse samfunnstilstander (endelige politiske verdier) og visse politiske handlingsmønstre (instrumentelle politiske verdier) er ønskelige. Elementene (de politiske verdiene) i et slikt trossystem er bundet sammen av en eller annen form for gjensidig funksjonell avhengighet.

Denne definisjonen legg vekt på at det er politiske verdiar som ligg til grunn. Ein politisk verdi kan enkelt seiast å vere "*en overbevisning om at spesifikke samfunnstilstander er å foretrekke framfor andre tilstander*" (Knutsen 1988: 165). Med "*funksjonell avhengighet*" meiner Knutsen at verdiane må vere empirisk korrelerte. Denne definisjonen er streng nok til å krevje at ideologien skal vere konsistent, men den er samstundes open nok til at den gir rom for ideologisk utvikling innanfor avgrensinga. Den vektlegg både eit syn på korleis ein ynskjer at samfunnet skal vere, utifrå verdiar og ideal, men også instrumentelle betraktningar om korleis ein skal kome dit. Definisjonen gir derfor eit godt grunnlag for å studere ideologisk endring i partiprogram.

---

<sup>1</sup> SF og SV søkte eit markant alternativ til begge dei to sidene i den kalde krigen, og denne "tredje vegen" definerte delvis deira ideologiske utgangspunkt. Dette vil utdjupast ytterlegare seinare.

<sup>2</sup> Eg vil herifrå konsekvent nytte dei norske termene *Ny politikk* og *Gammal politikk* og dermed også

## 2.2.2 Partiideologi

Party is a body of men united, for promoting by their joint endeavours the national interest, upon some particular principle in which they are all agreed (Edmund Burke 1770, sitat henta frå Sartori 2005: 8).

På mange måtar er Burke sin definisjon av eit politisk parti framleis svært fruktbar for å forstå kva eit parti er, eller iallfall bør vere, etter mange si meining: Ei samling menneske som har tru på same type samfunnsmodell og som organiserer seg for å kjempe for dette verdisetet. I dag ville ein kanskje ha brukt ordet "ideologi" for å skildre det spesielle prinsippet som medlemmane samlast rundt. Dersom partia ikkje har ein heilskapleg ideologi, meiner mange at eit representativt demokrati heller ikkje kan fungere optimalt, fordi det vil vere langt vanskelegare for veljarane å setje seg inn i kva partia står for i enkeltsaker dersom standpunkta ikkje utgjør ein samanhengande ideologi (Saglie 1992: 1; Vassallo og Wilcox 2006: 414).

Analyseeininga i denne avhandlinga er ikkje enkeltindivid, men parti, og det er derfor partiideologi som er i fokus. Diane Sainsbury (1981: 274) definerer partiideologi slik:

Party ideology refers to a body of ideas – espoused by a party – evaluating society, proclaiming fundamental goals, ideals and principles about the nature of the good society, and stating the ways of achieving them.

Denne definisjonen samsvarer i stor grad med Oddbjørn Knutsen sin definisjon av ideologi, men her med politiske parti som aktør. Uttrykket "*a body of ideas*" tolkar eg på same måte som Knutsen sitt uttrykk "politisk trossystem". Partiideologi er altså den samlinga av idear, eller det "trussystem", eit gitt parti forfektar.

I partiprogram kan ein oftast finne ei blanding av både abstrakte, ideologiske prinsipp, generelle politiske målsettingar og spesifikke *policy*-tiltak (Vassallo og Wilcox 2006: 415). Ofte vil partiprogram innehalde dei same generelle ideologiske prinsippa for lange periodar, sjølv om dei skulle endre namn eller organisasjonsstruktur. Dei konkrete tiltaka kan likevel endre seg innanfor desse rammene (Ibid.). Partia kan også ha ideologiske innslag eller element i programma og politikken sin, sjølv om dei ikkje nødvendigvis har ein samanhengande ideologi som gjennomsyrrer alle delar av partiet.

Partia kan altså ha ulik grad av ideologisk medvit, og det er derfor vanskeleg å hevde at partiideologi totalt sett har svekka relevans i dag. Som Edmund Burke legg eg her til

grunn at det å samle seg rundt, og jobbe for, nokre grunnleggande prinsipp framleis er det som kjenneteiknar politiske parti. I dag vil nok dei fleste vere einige med Klaus von Beyme (1985: 29) i at *“over the longer term only parties based on an ideology have succeeded in establishing themselves”*. Med dette legg eg til grunn at ideologi spelar ei sentral rolle i det politiske samfunnet i dag, og at ideologiske konfliktlinjer er sentrale for å studere politiske parti.

### 2.2.3 Partifamilieomgrepet

Eit av dei grunnleggande prinsippa innanfor partiforskinga er ideen om at det finst tilstrekkelege likskapar mellom politiske parti, på tvers av nasjonale grenser, til at dei kan kategoriserast og analyserast saman. Denne ideen ligg bak mange av dei klassiske verka om politiske parti, som Lipset og Rokkan sitt verk *“Party, Systems and Voter Alignments”* frå 1967. Her viser forfattarane at moderne parti har sitt opphav i sosioøkonomiske og kulturelle skiljelinjer som går tilbake til industrialiseringa og urbaniseringa av samfunnet. Dei identifiserte konfliktstrukturar som la grunnlaget for framveksten av dei fyrste partia som dukka opp på slutten av 1800-talet. I Danmark vart dei fyrste partia Venstre, Højre og Socialdemokratiet alle danna i løpet av 1870-åra, medan Noreg fekk sine tilsvarande parti Venstre, Høgre og Arbeidarpartiet på 1880-talet (Heidar 2008a: 46; 2008b: 76).

Analyseobjekta for denne avhandlinga, SF og SV, vart skipa lenge etter at desse fyrste partia kom til, og synleggjorde på mange måtar nye konfliktstrukturar som hadde vakse fram. Fastfrysingshypotesen til Rokkan, som viste til at partisystema “fraus” på 1920-talet då det ikkje var fleire nye veljargrupper å mobilisere, viste seg å ha stor gyldighet fram til rundt 1960-talet (Gallagher, Laver og Mair 1995: 218; Heidar og Bakke 2008: 29). Då sytte etterkvart store samfunnsendingar for ei verdiending der klassiske konfliktstrukturar fekk mindre forklaringskraft, og moderne stridssaker relatert til miljø, alternative livsstilar, politisk deltaking, minoritetsrettar og sosial likskap vann terreng (Knutsen 2010: 569). Dette *Ny politikk*-perspektivet avdekka nye skiljelinjer som supplerte dei klassiske til Lipset og Rokkan. I fylgje Ronald Inglehart danna dette ein ny konfliktdimensjon: materialisme versus postmaterialisme. Materialisme viser her til at eldre generasjonar vil søke økonomisk trygghet, lov og orden og eit sterkt forsvar

– ei støtte til det etablerte (Inglehart 1977: 23). Postmaterialistar, på den andre sida, prioriterer verdiar som sjølvrealisering, tilhøyrse og livskvalitet.

Ein ser i dag føre seg at partia jaktar på stemmer og innverknad langs politiske verdidimensjonar, og at den politiske dagsorden til ei kvar tid er avgjerande for kva dimensjonar som er mest aktuelle (Narud og Valen 2007: 22). Det handlar om at veljarar og politikarar tek standpunkt i konkrete saker under påverknad av grunnleggande motsetnadar i samfunnet. På denne måten kan ein seie at haldningane til dei ulike sakene innanfor eit saksfelt heng i hop (Aardal 1999: 53). Politikk blir med andre ord forstått som noko meir enn lausrivne politiske standpunkt.

Ein nyare tradisjon innanfor partiforskinga handlar om å studere parti etter partifamiliar, eit omgrep ein for alvor begynte å operere med fyrst på 1980-talet (Mair og Mudde 1998: 212). Som analyseverktøy har det vist seg å vere svært fruktbart i komparative studiar.

[...] the adoption of some notion of party families is a sine qua non of comparative party research, because it is only by identifying links and equivalences among parties in different policies that we can get a proper sense of what should and what should not be compared or of what is like and unlike (Mair og Mudde 1998: 212).

Statsvitarane Peter Mair og Cas Mudde skil mellom fire ulike måtar å studere partifamiliar på: etter opphav og sosiologi, etter medlemskap i internasjonale partiorganisasjonar, etter politikk og ideologi, og etter partinamn. Alle desse tilnærmingane kan seie oss noko om kva som kjenneteiknar ulike parti, og har blitt brukt for å identifisere partifamiliar. Mair og Mudde konkluderer likevel med at den beste måten å studere partifamiliar på, er etter opphav og etter ideologi. Opphav baserer seg på den "genetiske identiteten" til partia – når dei oppstod og under kva samfunnspolitiske tilhøve. Kjernen eller utgangspunktet er det avgjerande for partia her, uansett kva retning dei seinare tek (Mair og Mudde 1998: 223). Den andre tilnærminga dei anbefaler er å studere partifamiliar etter ideologi. Dette krev ei djupare analyse, men vil gi nyttig innsikt i korleis partia utviklar seg (Ibid.: 225). Fordelen med desse to måtane å studere partifamiliar på er at dei seier noko om kva partia er, og ikkje kva dei gjer. Fordi *"the most fruitful findings of all would derive from a combination"* (Mair og Mudde 1998: 226), vil både opphav og ideologi bli inkludert i denne avhandlingsa.

Mange av studiane av partifamiliar baserer seg på logikken til Lipset og Rokkan sin skiljelinemodell, og dei fleste med bakgrunn i vesteuropeiske parti (til dømes von Beyme 1985). Men etterkvart har mange land frå ulike delar av verda vist seg å ha parti som passar inn i klassifiseringa av agrarparti, liberale eller regionale parti, for å nemne nokre partifamiliar (Ware 1996: 25). Styrken til partifamilietilnærminga er at den legg større vekt på historisk opphav og ideologi, og mindre vekt på veljarane si plassering og venstre/høgre-orientering på utvalte politiske saker. Denne tilnærminga gir eit svært godt utgangspunkt for å studere partiideologi og endring i denne fordi den legg vekt på det ideologiske opphavet til partia, og viktigheita av ein ideologisk arv som lim mellom ulike grupper og som kontinuitetsberar for partiet som ein heilskap.

This approach sees parties not just as institutions that respond to the opinions of voters but as institutions whos behaviour may also be governed by much older beliefs and values that the party had at its founding (Ware 1996: 22).

## **2.3 Det ideologiske opphavet til partia**

Kva som utgjer den ideologiske arven til SF og SV finst det ikkje noko eintydig svar på. Men fordi eg, som Mair og Mudde tilrår, vil studere både partia sitt historiske opphav og deira ideologiske profil, vil eg kome nærare inn på kva som definerer desse partia. Eg vil fyrst gå gjennom korleis Nye venstre-parti har blitt grupperte i litteraturen. Etterpå vil eg gå gjennom opphavet og nokre sentrale utviklingstrekk ved akkurat desse partia.

### **2.3.1 Partifamilien: Det Nye venstre**

Å klassifisere SF og SV innanfor ein partifamilie er ingen enkel jobb. Det viser dei relativt få og delvis sprikande bidraga som tek føre seg partifamilien til desse partia. SF og SV blir ofte grupperte saman med postkommunistiske, sosialistiske eller grønne parti, men passar ikkje nødvendigvis inn her. Dei skandinaviske Nye venstre-partia har utvikla ein distinkt felles ideologisk posisjon – ei særreiga blanding av raudt og grønt, som ein ikkje finn andre stadar:

Outside Denmark and Norway, new left support has proved notable only in Iceland (where it has included the Women's Alliance) and Sweden. In this sense it may be regarded as a largely Scandinavian phenomenon (Gallagher et al. 2011: 249).

Likefullt har SF og SV blitt kategoriserte under svært mange ulike merkelappar, som venstresosialistiske (Christensen 1998) *left-libertarian* (Kitschelt 1988), økososialistiske (Arter 2008), demokratisk sosialistiske (March 2011) og radikale venstreparti (Mudde og March 2005), for å nemne nokre. Ein av dei mest brukte er likevel *New politics*; eit samleomgrep for nyare politiske parti som braut med dei klassiske politiske skiljelinene mellom dei tradisjonelle partia – referert til som *Old Politics*<sup>2</sup> (Taggart 1996: 22). Uttrykket oppstod fyrst i USA på slutten av 1960-talet som ein felleskategori for slagorda, symbola, verdiane og haldningane knytte til det politiske opprøret på denne tida (Miller og Levitin 1976: 5). Den politiske agendaen til den nye sosiale rørsla var å samle "*political ecology, environmentalism, feminism and pacifism with the politics of the anti-nuclear movements*" (Taggart 1996: 2). For mange er nok omgrepet i dag nærast assosiert til postmaterialismeteorien til Ronald Inglehart (1977). Han identifiserte som nemnt ei gradvis verdiendring blant veljarar frå materialisme til postmaterialisme som han kalla "den stille revolusjonen".

Taggart (1996: 30) tek med SF og SV under sin definisjon av Ny politikk-parti saman med grønne parti i 15 europeiske land. Etter denne klassifikasjonen er SF, SV og det italienske Radikale Partiet dei einaste unntaka frå at Ny politikk-parti er synonymt med grønne parti. Det svenske Vänsterpartiet er til dømes utelatt, medan Miljöpartiet de Gröna er med. Kor vidt SF og SV høyrer heime saman med dei grønne partia i Europa under merkelappen Ny politikk er ein interessant diskusjon som eg vil kome tilbake til. Det kan vere verdt å nemne, som eit døme, at alle dei grønne partia i landa Taggart inkluderer vart skipa i 1980 eller seinare, som del av ei grøn bølge over Europa, medan SF og SV vart skipa fyrste gong i 1959 og 1961. Dette viser at SF og SV ikkje deler opphav med grønne parti.

Ideologisk skil Ny politikk-parti seg frå tradisjonelle parti ved at dei avviser tre sentrale søyler i Gammal politikk. For det fyrste snakkar ikkje desse partia på vegne av ei spesiell klasse, då sjølve grunnlaget for rørsla er å rive ned tilhøva som gjorde at klasseskilnader vaks fram i utgangspunktet. For det andre kjem ideen om Ny politikk ut frå eit postindustrielt samfunn: Dei skuldar industrialismen for sosiale, politiske og

---

<sup>2</sup> Eg vil herifrå konsekvent nytte dei norske termane *Ny politikk* og *Gammal politikk* og dermed også *Gamle/Nye venstre* og *Gamle/Nye høgre*. Eg legg det same i uttrykka som den engelske litteraturen gjer, og nyttar stor forbokstav for å vise at eg refererer til desse fenomenena.

miljømessige problem. For det tredje er den profesjonaliserte staten eit vonde: Den er lite effektiv og invaderer den private sfære. På sitt mest radikale utfordrar Ny politikk ideen om nasjonar som den mest effektive og demokratiske politiske institusjonen (Taggart 1996: 25).

Det er naudsynt å presisere at mykje av litteraturen viser til Ny politikk som alle nyare parti som bryt med den tradisjonelle høgre/venstre-aksen – ikkje berre parti på venstresida. Inglehart (1990: 277) knyt til dømes høgreradikale og nasjonalistiske parti til Ny politikk-aksen. Derfor har uttrykket blitt ytterligare utdjupa gjennom termene Nye/Gamle venstre og Nye/Gamle høgre. Fordi mange såg Gammal/Ny politikk som ein dimensjon frå venstre til høgre, kom dermed uttrykka Nye venstre/Nye høgre og Gamle venstre/Gamle høgre slik at ein kunne plassere dei nye partia som vaks fram i høve til dei gamle. I Noreg og Danmark kan ein då sjå på Socialdemokratiet/Arbeidarpartiet som "Gamle venstre", og partia Det Konservative Folkeparti/Høgre som "Gamle høgre". Dei to framstegspartia i Danmark og Noreg går under "Nye høgre" og SF/SV som "Nye venstre".

Dei fyrste Nye venstre-partia kom på 1960-talet, og tenderte mot ein ortodoks marxistisk posisjon fordi dei gjerne vart danna som eit resultat av splitta kommunistparti. Deretter kom ei andre bølge stimulert av studentradikaliseringa på slutten av 1960-talet, og seinare motivert av ei stadig aukande økologisk rørsle (Gallagher et al. 2011). På grunn av dette mangslungne opphavet har partia også eit breitt register av politiske saker:

On one hand the new left parties echo traditional communist parties in their opposition to market forces, and their concern for public ownership and a controlled economy. Again like traditional communist parties, and quite unlike their Green allies, they emphasize an explicit appeal to the traditional working class. And although they stress a commitment to the welfare state, social justice and environmental protection, in common with all left parties, they also promote a more libertarian trend of freedom and democracy (Gallagher et al. 2011: 249-250).

Dei Nye venstre-partia markerte eit brot med det som tidlegare hadde blitt kalla venstrepolitikk. Partia plasserte seg mellom dei sosialdemokratiske og dei kommunistiske partia og prioriterte politiske saker som braut med dei tradisjonelle skiljelinene (Christensen 1996: 527). I byrjinga handla det mest om å ta avstand frå blokkdeling og atomopprusting: det som vart kalla "den tredje veg". Men sjølv om det Nye venstre hadde brodd både mot kommunisme og klassisk sosialdemokrati, er det



ikkje noko skarpt skilje frå det "gamle" til det "nye" venstre når det gjeld kamp for sosial likskap gjennom organisering og aktivisering av arbeidarklassen (Rossavik 2012: 499). SF og SV søkte å finne ein veg der dei slapp å forsvare autoritære verdiar og Sovjetunionen som sosialistisk utopi, men samstundes plassere seg godt til venstre for dei sosialdemokratiske partia. Eit kjenneteikn ved dette Nye venstre var målet om sosial og økologisk berekraft, ein øko-sosialisme, som kom meir til syne i SF og SV utover mot 1980-talet (Arter 2008: 110).

Herbert Kitschelt legg mange av dei same faktorane til grunn som Paul Taggart og andre som tek føre seg Ny Politikk og Nye venstre, men bruker uttrykket *left-libertarian parties* i staden.<sup>3</sup> I fylgje Kitschelt (1988) er dei venstresosialistiske partia "left" i den forstand at dei forvaltar den sosialistiske arven: Dei er i mot marknaden, insisterer på solidaritet og likskap og ligg til venstre i økonomi- og fordelingspolitikk. Men dei er også "libertarian" fordi dei er i mot sentralisert byråkrati og tek til orde for meir individuell autonomi, deltaking og sjølvstyre (Kitschelt 1988: 197). Kitschelt definerer partia vekk frå tradisjonelle politiske retningar (1988: 195):

Their political alternatives conform neither to traditional conservative nor to socialist programs, but link libertarian commitments to individual autonomy and popular participation, with a leftist concern for equality.

SF og SV var blant føregjengarane til partia som kallast *left-libertarian*. Det ideologiske grunnlaget deira var opphavleg fundert i saker som antimilitarisme, antihierarki, solidaritet med den tredje verda, samt opposisjon mot utviklinga i sosialiststatane i Aust-Europa (Christensen 1996: 527). Men etterkvart som "klassekampretorikken" vart meir dempa etter 1970-talet, og ein sterkare "libertarian" profil kom til syne, gjorde veljarstøtta og programprofilen utover på 1980-talet at dei etterkvart kvalifiserte som *left-libertarian* (Kitschelt 1988: 199).

Typane skisserte her er ikkje gjensidig utelukkande, men peikar kvar for seg på nokre av berebjelkane i det som har forma SF og SV slik vi kjenner dei i dag. Partia er utfordrande å gruppere fordi dei har tatt til seg ulike idear undervegs. Luke March (2011) peikar på tre faktorar som skil det han kallar *Nordic Green Left*-parti frå andre venstreparti i Europa. Det fyrste er at dei spring ut frå etablerte sosialdemokratiske eller kommunistiske parti og forma sin "eigen" sosialisme. Den relative uavhengigheita dei

---

<sup>3</sup> I mangel på gode norske uttrykk nyttar eg den engelske termen her.

hadde i høve til Sovjetunionen *"helped them survive the fall of the USSR (relatively) unscathed"* (March 2011: 95). For det andre har dei ei meir pragmatisk tilnærming til regjeringdeltaking og koalisjonar enn andre radikale venstreparti. Og for det tredje er partia forankra i ein "nordisk eksepsjonalisme" som forsvararar av den nordiske velferdsmodellen. Dei har derfor ein sterkare motstand mot NATO, EU og amerikansk utanrikspolitikk etter Vietnam enn andre europeiske venstreparti (Ibid.).

Summert opp kan ein seie at partia har ein fot i Gammal politikk – eksemplifisert gjennom støtte til statleg eigarskap, solidaritet og likskap og motstand mot marknaden (Larsson 1997: 84-86) – og ein fot i Ny politikk – gjennom fokus på saker som miljø, feminisme og pasifisme (Hildebrandt og Dalton 1978; Sassoon 1996). Etter at det ideologiske bakteppet til dei to partia er presentert, vil dette utgjere grunnlaget for det analytiske rammeverket for avhandlinga, som består av dei tre dimensjonane venstreorientering, økologisme og pasifisme.

## **2.3.2 Partia: Socialistisk Folkeparti og Socialistisk**

### **Venstreparti**

[...] political ideas do not merge in a vacuum: they do not drop from the sky as rain. All political ideas are moulded by the social and historical circumstances in which they develop and by the political ambitions they serve (Heywood 2007: 3).

Eit parti sin ideologi og eventuelle endringar i denne kan aldri forståast isolert, fordi den er så tett knytt til den historiske utviklinga til partiet. Alle parti har visse særtrekk ved seg som definerer dei og som igjen påverkar dei strategiske og ideologiske vala partiet tek. Derfor vil eg her presentere utviklinga til partia i grove trekk. Fordi analysen min tek føre seg tida frå 1989 og fram til i dag, vil den fylgjande presentasjonen fokusere på utviklingstrekk frå danninga og fram til starten av min analyseperiode.

### **Socialistisk Folkeparti**

Socialistisk Folkeparti vart skipa i 1959 då fleire prominente medlemmar frå Danmarks Kommunistiske Parti (DKP) vart ekskluderte eller forlét partiet frivillig. Bakgrunnen for splittinga var personlege motsetnader og sterk politisk usemje, særleg kring tilhøvet til Sovjetunionen og deira invasjon av Ungarn i 1956 (Christensen 1996: 526). SF vart ein

suksess frå starten av: Partiet vart representert på Folketinget ved fyrste høve i 1960 og skauv samstundes kommunistane ut derifrå. Det nystarta partiet skulle stå for "ein tredje veg" i høve til supermaktene. Dei tala for uavhengigheit i høve til Sovjetunionen og "*ein sosialisme på dansk med fredelige midlar*" (Ibid.). Sosialismen skulle innførast gjennom parlamentariske vedtak om "revolusjonære reformer" som skulle endre grunnleggjande tilhøve i samfunnet. I det fyrste prinsippprogrammet frå 1963 står det: "*Vi anser det for muligt, at Danmark kan nå socialismen ad fredelig vej, og vi tilstræber ingen anden*" (SF 1974: 6).

Den fyrste parolen til SF var "afrustning og socialisme" og uttalte ideologiske mål frå starten av var avskaffing av militæret og militæralliansar, solidaritet med den tredje verda, stopp på atomprøvesprenging og EEC-motstand (Bille 1997: 59). Organisatorisk var SF opptekne av å ha ein formelt lite sentralistisk organisasjon prega av stor openheit – eit resultat av opplevingane med det sentraliserte demokratiet i DKP (Melve 1999: 50). Kravet om dansk nedrusting var SF si uomstridde merkesak i byrjinga, noko som kom til uttrykk på partiet sin valplakat frå 1960: "*Afrust vort land*" (Kragh 1995: 131).

Eit av dei viktigaste elementa i strategien til SF har vore eit parlamentarisk samarbeid med Sosialdemokratiet (SD) gjennom det dei kallar eit "*arbejderflertall*": Å skape fleirtal saman med SD og dermed få gjennomslag for ein meir radikal politikk ved å tvinge SD til å samarbeide til venstre, i staden for til høgre (Kragh 1995: 46). SF sin fyrste formann, Aksel Larsen, meinte i 1959 at partiet skulle ha mål om å "*tvinge Socialdemokratiet til at samarbejde med arbejderorganisationene og med arbejderpartier fremfor med borgerlige partier*" (SF 1983: 66). Men etterkvart vart medlemmar i SF meir splitta i synet på den parlamentariske strategien. Stridsspørsmålet var om ein fekk nok igjen politisk for dei kompromissa ein inngjekk med SD. Venstresida i partiet meinte at partiet ikkje kunne nå sosialismen gjennom dette samarbeidet, medan høgrefløya såg føre seg eit samarbeid med både Sosialdemokratiet, Radikale Venstre og Venstre (Christensen 1997: 239). I 1966 kom det til splitting i partiet på grunn av strid om "*det røde kabinet*" – eit samarbeid der SF var fast støtteparti til SD i regjering (Kragh 1995: 51). Seks representantar frå venstrefløya i SF braut ut grunna usemje om denne strategien og danna Venstresocialisterne <sup>4</sup> som vart eit noko meir marxistisk parti enn SF (Ibid.)

---

<sup>4</sup> Dette partiet gjekk i 1989 inn i Enhedslisten saman med DKP og Socialistisk Arbejderparti. Enhedslisten har i dag 12 mandat på Folketinget (Folketinget utan dato)

Utover mot 1970-talet fekk SF eit breiare spekter av politiske saker å profilere seg på. Under landsmøtet i 1974 vedtok dei mellom anna ei eiga fråsegn om likestilling samt meir fokus på økologi. Men samstundes representerte dei nye stridssakene ein ny og veksande konflikt i partiet. Striden stod mellom dei "tradisjonelle" sosialistane, og dei som forfekta Ny politikk-sakene som no hadde gjort sitt fulle inntog:

De dele, der kom fra miljø-, kvinde- og EF-bevægelserne, var ikke nødvendigvis socialister i klassisk forstand. Nogle var, men billedet var sammensat. Og når man så bort fra de fælles interessepunkter, var det ikke politisk sammentømrede grupper. For eksempel havde kvinnegruppernes medlemmer vidt forskellige syn på politikområder, der ikke handlede om ligestillingspolitik (Mortensen 2011: 186).

Folketingsvalet i 1973 vart eit "jordskjelv" som alle dei etablerte partia tapte på, også SF og SD. Valet demonstrerte også at den radikale venstresida no var delt i fleire blokker, sidan DKP på nytt gjorde sitt inntog på Folketinget etter 15 år på utsida (Arter 2008: 109). 1970-talet førte med seg dårlege valresultat for SF, mykje på grunn av den auka konkurransen. Ved valet i 1977 nådde SF sitt historiske botnpunkt på 3,9 prosent oppslutnad. Både Venstresocialistene og DKP var representerte fleire periodar på Folketinget på denne tida, noko som gjorde at SF mista sin posisjon som det dominerande partiet til venstre for SD.

Det historiske nederlaget førte med seg ei endring i politikken som staka ut ein ny veg vidare. Partiprogrammet frå 1977 viste at SF no "*firkantet sagt, var blevet en blanding av rødt og grønt*", for å bruke Mortensen (2011: 213) sine ord. No var det ikkje lengre berre snakk om vekst og framgang, men også ei fornuftig utvikling og økologisk medvit. Ved valet i 1979 vart SF historisk med den fyrste folketingsgruppa som hadde fleire kvinner enn menn – 7 av totalt 11 (Ibid.: 221). Samstundes vart det revolusjonære målet heldt ved like, og trappa opp, mykje på grunn av stor arbeidsløyse og økonomisk krise i Danmark på 1980-talet. I prinsippprogrammet frå 1980 står det at:

Vort mål er et samfund med fællesejendom og fællesproduktion med fuld selvforvaltning. Et samfund uden markedsøkonomi, klasse modsætninger og stat, hvor ingen mennesker hersker over andre mennesker, og hvor den enkeltes frie udfoldelse er forudsætningen for alles frie udfoldelse (SF 1980: 26).

Fyrst i 1988 gjekk partiet over frå eit planøkonomisk til ein marknadsøkonomisk syn på sosialisme (Nore 1992: 41). Slutten på den kalde krigen betydde ei nyorientering for dei

fleste sosialistar, og hjå SF kom ein enda tydelegare miljøprofil til syne etterkvart som den sosialistiske retorikken vart kraftig tona ned. På grunn av ein *”stadig tettare kontakt til forskjellige miljøorganisationer, var SF gradvis blevet mere grønt og mere opptaget af miljøspørgsmål”* skriv Mortensen (2011: 235). SF var med på å gjennomføre miljøpolitiske saker i Folketinget som førte til ein synleg politisk gevinst (Ibid.). Med dette var grunnlaget på mange måtar lagt for den vidare raudgrøne plattformen til SF.

## **Sosialistisk Venstreparti**

Der danske SF vart skipa etter splitting i det kommunistiske partiet, var det utbrytarar frå det sosialdemokratiske partiet som stod bak danninga av det norske Sosialistisk Folkeparti to år etter. Årsaka til splittinga var stor usemje om utanriks- og tryggingspolitikken som Det Norske Arbeidarparti (DNA) stod for, særleg når det gjaldt synet på atomvåpen og NATO-medlemskap (Knutsen 1997: 247). Trass i at skipinga skjedde berre fem månadar før valet i 1961, klarte det nye partiet, til stor overrasking for mange, å få to representantar på Stortinget. Dei sytte samstundes for at fleirtalet til Arbeidarpartiet gjekk tapt for fyrste gong sidan krigen (Rossavik 2011: 45). Valsuksessen til norske SF kan kanskje forklarast i partiet sin appell både i fagrørsla og blant ulike grupperingar på den politiske venstresida. SF definerte seg straks som ein del av den gamle arbeidarrørsla, samstundes som dei heldt eit godt grep om intellektuelle i byane og nye *antiestablishment*-grupper (Allern 2010: 197; Nore 1992: 47).

Det ideologiske utgangspunktet til partiet var ein sosialismevisjon der *”produksjonsmidlene og produksjonsresultatene er hele folkets eie”*, som det står i stiftelseserklæringa (SV 1961). Norsk nedrusting, ein nøytral tryggingsspolitikk og støtte til frigjeringa i den tredje verda var dei viktigaste sakene i byrjinga. Men sjølv om det var viktig å markere seg som eit sosialistisk parti og med ei sterk tilhøyrse til arbeidarrørsla, var det like viktig å vise seg som ei fornying i norsk politikk – eit alternativ som skilte seg politisk frå DNA og NKP:

Det er nødvendig med et tredje alternativ i arbeiderbevegelsen fordi både DNA og NKP har sviktet i kampen for et sosialistisk Norge. Mens DNA avskriver sosialismen og fører en borgerlig reformpolitikk, aksepterer NKP ukritisk metoder, paroler og retningslinjer utarbeidet for andre land og andre forhold. Begge partiers politikk bestemmes i høy grad av deres forhold til maktblokkene i Vest og Øst. SF har trådt inn i norsk politikk for å

skape fornyelse på grunnlag av de sosialistiske ideene og norsk virkelighet (SV 1962: utan sidetal).

Mot slutten av 1960-talet gjorde partiet ei vending i innanrikspolitikken mot ein meir populistisk distriktspolitikk. Dette gjorde at dei skilte seg tydelegare frå DNA også på dette feltet (Knutsen 1997: 247-248). Den populistiske vendinga vart pressa fram av primærnæringane og førte til eit omfattande distriktsprogram i 1967, som tok utgangspunkt i lokalsamfunnet sitt behov (Paulsen 1984). Likevel var det på det utanrikspolitiske feltet dei interne stridigheitene gjekk føre seg. På landsmøtet i 1969 vart partiet splitta frå ungdomsorganisasjonen Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF), på grunn av SUF si orientering mot Kina og Sovjetunionen (Christensen 1997: 250; Maurseth 1996: 19-20).

Det var kampen mot EF-medlemskap som førte til den formelle danninga av Sosialistisk Venstreparti i 1975. Bakgrunnen var at EF-kritiske grupper innanfor Arbeidarpartiet og delar av Noregs Kommunistiske Parti hadde gått saman med Sosialistisk Folkeparti før stortingsvalet i 1973 (Ersson 2005: 60).<sup>5</sup> Sosialistisk Valforbund, som dei kalla seg, gjorde braksuksess ved dette valet, med 11,2 prosent oppslutnad, noko som inspirerte sterkt til ei samling av eit nytt parti, trass i indre stridigheiter (Christensen 1997: 250). Organisatorisk kom det inn fleire endringar under danninga. Rotasjon av tillitsverv og kjønnskvotering var av elementa som skulle bidra til å skape ein enda meir moderne partistruktur, og som braut med det medlemmane meinte var for sterk demokratisk sentralisme og manglande vilje til open politisk diskusjon i DNA (Melve 1999: 60).

Sidan danninga av SV i 1975 har partiet vore kontinuerleg representert på Stortinget, men med ein valoppslutnad som har svinga. Den parlamentariske strategien til partiet har vore å korrigere eit Arbeidarparti i regjeringsposisjon (Christensen 1997: 252). Men denne strategien har alltid vore ein kjerne til strid i partiet. Partiet var forma som eit reint ideologisk protestparti utan seriøse regjeringsambisjonar (Allern 2007: 220), men diskusjonen om korleis oppslutnaden skulle brukast gjekk likevel heftig internt. Forplikande avtalar med Arbeidarpartiet var av løysingane som vart diskutert. Mangeårig leiar i SV, Berge Furre, oppsummerte diskusjonen under landsmøtet i 1982:

---

<sup>5</sup> Heile NKP (og Demokratiske Sosialister (AIK), den EF-kritiske gruppa som braut med Ap og Uavhengige Sosialister) gjekk med i Valgforbundet, og desse gruppene skulle etter planen inn i SV. Men landsmøtet til NKP i 1975 bestemte å likevel oppretthalde NKP. Leiaren i NKP, Reidar Larsen, og fleire andre, meldte likevel overgang til SV.

Politikk er idear, men også kamp om makt. Mange i SV har eit nokså abstrakt tilhøve til det med makt. Vi likar ikkje ordet, ottast skitne fingrar. Vi spør sjeldan: Kva med den vesle makta vi har her og no, korleis bruka ho til å ta eit lite steg i den leia vi vil? (i Rossavik 2011: 293-294).

Ideologisk hadde SV i utgangspunktet, i fylgje Christensen (1997: 251) *"heile sin identitet og sitt veljargrunnlag grunna i utanrikspolitisk opposisjon til DNA"*, og dette skapte lenge lite handlingsrom for partileiarskapet langs denne dimensjonen. Men SV fekk ei stadig sterkare forankring også innanrikspolitisk, særleg etterkvart som økologiske perspektiv supplerte den populistiske distriktspolitikken (Knutsen 1997: 248). Det sterke engasjementet på miljøpolitikk og feminisme som kjem til syne frå slutten av 1960-talet gjer at ein kan kalle SV *"the first of the Scandinavian eco-socialist family of parties"* (Arter 2008: 111). Ersson (2005: 67-68) si analyse av Manifestodata viser at partiet har den mest uttalte venstreorienteringa på 1960-talet, og at den ideologiske profilen endrar seg utover 1980- og 1990-åra. I parti- og prinsippprogram kjem dette til syne ved ein mindre bastant sosialiseretorikk og færre antikapitalistiske argument – i partiorganisasjonen kjem det til syne ved val av leiarar som flytta tyngdepunktet mot høgre.

### **Oppsummering – gammalt og nytt**

Som vi har sett er det mange fellestrekk ved utviklinga til SF og SV, både i historiske hendingar og i ideologiske stridssaker. Det er ingen tvil om at Ny Politikk-verdiane etterkvart har spela ei stor rolle for både SF og SV. Sentrale verdiane som Taggart (1996) med fleire peikar på, som økologisme og pasifisme, er saker som alle har vore viktige for SF og SV. Dei har mellom anna kome til uttrykk gjennom motstand mot NATO og atomvåpen og eit sterkt miljøengasjement. Samstundes er det tydeleg at partia også har ein fot godt planta innanfor det Gamle venstre, iallfall frå byrjinga av, som er synleg gjennom målet om planøkonomi og lik fordeling av godar i samfunnet. Sidan problemstillinga for avhandlinga er i kva grad partia har utvikla seg langs sentrale ideologiske dimensjonar, bør analysen derfor famne både om den sterke tilhøyrsla til venstre i økonomiske spørsmål og om Ny politikk-verdiane partia forfektar.

## 2.4 Eit analytisk rammeverk

Eg kan ikkje spegle alle delar av kjerneideologien til SF og SV innanfor rammene av denne masteravhandlinga. Det er heller ikkje målet. Målet er snarare å spegle ideologisk utvikling langs nokre sentrale ideologiske dimensjonar. Partifamilieperspektivet oppmodar om å ta omsyn til både opphav og ideologi. Dersom ein skal oppsummere opphavet og ideologien til partia basert på gjennomgangen over, er det altså særleg to kjenneteikn som skil seg ut: Det eine er ein venstreorientert økonomisk politikk, representert ved ei sterk tru på offentleg eigarskap og fordeling av godane i samfunnet. Denne kallar eg *venstreprofil*. Det andre er eit sett verdiar knytt til Ny politikk som kom for fullt på 1960-talet, som miljø- og fredssaker. Denne kallar eg partia sin *Ny politikkprofil*. Dersom partia har endra seg i betydeleg grad frå sitt ideologiske opphav som *Nye venstre* vil det dermed bety at dei både har blitt mindre "venstre" og mindre "nye".

Blant Ny politikk-sakene såg vi frå gjennomgangen i teorikapitlet at pasifisme, økologisme og feminisme gjerne er dei tre sakene som oftast vert peika på som sentrale (Sassoon 1996). Fordi det er vanskeleg å spegle alle desse sakene i analysen i tillegg til partia sin venstreprofil, har eg valt å fokusere på økologisme og pasifisme. Årsaka er at miljøomsyn har vore den saka som partia har hatt størst sakseigarskap til, og vert sett på som den viktigaste indikatoren på Ny politikk (Knutsen og Kumlin 2005: 126). Fredsperspektivet, på den andre sida, har vore heilt sentralt for opphavet til partia, gjennom motstand mot militær intervensjon og motstand mot NATO, sjølv om partia aldri har definert seg som pasifistiske.

Sjølv om dei tre dimensjonane venstreprofil, økologisme og pasifisme dekker sentrale delar av opphavet og ideologien til SF og SV, klarer dei ikkje dekke alt. Når det gjeld *libertarian*-verdiane, som særleg Kitschelt peikar på, mellom anna med fokus på grasrotdemokratiet, er det i stor grad knytt til organiseringa av partiet, og dermed ikkje noko eg vil ta føre meg her. I kva grad dei hadde ein meir eller mindre hierarkisk organisasjonskultur før enn no er noko som vanskeleg kan analyserast tekstanalytisk gjennom partiprogram. Andre sentrale politikkområde og stridssaker for partia, som synet på EU, er dessutan bevisst utelatne frå det analytiske rammeverket. Det er konfliktsaker som ligg i skjeringspunktet mellom dimensjonane og dermed er vanskelege å plassere. EU-saka vert ofte handsama som ei sjølvstendig konfliktline (sjå



til dømes Valen 1999) og skandinaviske venstresosialistiske parti sitt tilhøve til EU er dessutan eit svært innfløkt tema (sjå Christensen 1998). På grunn av kompleksiteten og eigenarten til dette spørsmålet meiner eg det er gode grunnar å utelate EU-saka i denne avhandlinga.

Andre ideologiske særtrekk som er trekte fram ved Nye venstre-parti, som like rettar og solidaritet med den tredje verda (sjå mellom anna Poguntke 1987: 549-550), vil falle utanfor denne analysen, men er tema det kan vere verdt å sjå nærare på for seinare studiar. Til saman meiner eg dei valde dimensjonane legg dei eit godt grunnlag for å kunne seie noko om partia si ideologiske utvikling og i kva grad dei har gått vekk frå det som kan kallast deira opphavlege og seinare ideologiske kjerne i tida frå 1989 til i dag. Under vil eg kort presentere kva eg legg i desse dimensjonane, og korleis eg meiner dei kan angripast analytisk.

## 2.4.1 Venstreorientering

Uansett korleis ein prøvar å forstå SF og SV utifrå opphav og ideologi kjem ein ikkje utanom deira sterke venstreorientering. Ein naturleg stad å starte når ein skal studere ideologisk endring er derfor å sjå på i kva grad dei har vorte mindre venstreorienterte. Men det er fyrst verdt å dvele litt ved kva som ligg i ordet *venstre*. Venstre/høgre-distinksjonen har historisk vorte brukt på ulike måtar og kan konseptualiserast på mange vis. Den universelle tydinga av *venstre* kan seiast å ha mista noko av sin signifikans etter at tradisjonell klassetilhøyrslé har gått ned og polariteten frå den kalde krigen er over; Mange har stilt spørsmålet "*what is left of the left*" (sjå mellom anna Mudde og March 2005; Sferza 1999; Siavelis 2006). Samstundes har konfliktlina mellom økonomisk venstre og høgre som Rokkan og Lipset (1967: 19) introduserte, heldt seg svært stabil og vore den viktigaste motsetnaden mellom parti i Vest-Europa etter den andre verdskrigen (sjå mellom anna Narud og Valen 2007: 27). Denne dimensjonen refererer til "*the role of government in creating more economic equality in society versus the need for economic incentives and efficiency*" (Knutsen og Kumlin 2005: 125).

For venstresosialistiske parti representerer denne dimensjonen den sosialistiske arven frå Gammal politikk som partia hadde med seg frå starten, og som etterkvart blanda seg med Ny politikk-konfliktsakene. Dette er gjerne referert til på engelsk som *leftism* (sjå

mellom anna Poguntke 1987: 550). Kitschelt (1989: 2) plasserer Ny politikk-partia til venstre fordi dei "*affirm solidarity and equality and reject the primacy of markets as the final arbiters of social development and justice*". Som vi har sett var både SF og SV opphavleg for ein planøkonomi og hadde eit sterkt engasjement for like rettar og deling av godane. Dette utgjer ein stor del av deira identitet som parti:

These groups are 'left' first in their identification of economic inequity as the basis of existing political and social arrangements, and their espousal of collective economic and social rights as their principal agenda (Mudde og March 2005: 25).

### **Operasjonalisering**

Venstreorientering måler ein vanlegvis ved hjelp av det som vert kalla den økonomiske venstre-høgredimensjonen, som har vore den viktigaste motsetnaden mellom partia i dei fleste vestlege land etter andre verdskrig (sjå mellom anna Narud og Valen 2007: 22). Det har ført til at den også har blitt brukt og tolka på svært mange ulike måtar. Det er likevel nokre problemstillingar som går igjen, og som gir gode generelle mål på venstreorientering. Det viktigaste er haldninga til kva plass det offentlege og det private skal ha i samfunnet (Aardal 1999: 77), og dei viktigaste konfliktane dreier seg om synet på privat eigarskap, om ein skal redusere skilnadar i inntekter og i kva grad staten skal styre økonomien (Knutsen 1989: 506; Narud og Valen 2007: 130).

I fylgje Alan Ware (1996: 27) kan offentleg eigarskap av produksjonsmiddel sjåast på som "*a litmus test dividing left from right*", og er derfor eit essensielt spørsmål når ein skal måle venstreorientering. Oddbjørn Knutsen (1989) ser i tillegg på om ein bør gå hardare til verks for å redusere inntektsskilnadar, og om myndigheitene bør spele ei større rolle i økonomistyring. Utifrå dette vel eg å fokusere på partia sitt syn på marknaden og marknadsregulering, samt synet på offentleg eigarskap. Andre spørsmål som om rikdommen i verda bør fordelast betre (Aardal 1999: 74) eller synet på sosiale reformer (Borre 2003: 173), for å nemne nokre døme, vil ikkje bli behandla eksplisitt her, men vil til ei viss grad bli fanga opp av dei andre indikatorane.

For også å kunne seie noko overordna om det samfunnet partia ynskjer, vil eg fyrst sjå på den overordna språkbruken når det gjeld samfunnsordning og korleis samfunnet skal endrast. Her gjeld det både kva sosialismesyn partia legg til grunn og korleis dei ser føre seg endring av samfunnet.

## 2.4.2 Økologisme

Miljødimensjonen har stått som *"the most manifest expression of the 'New Politics' conflict"* (Knutsen og Kumlin 2005: 126), og er dermed eit godt utgangspunkt for å studere Ny politikk-profilen til partia. Men økologisme kan også høyre heime i mange andre ideologiske kategoriar, alt etter kva ein vel å legge vekt på (Freedon 1996: 526). Tidlegare har spørsmålet vore knytt til konservativ politikk (Grendstad, Selle, Strømsnes og Bortne 2006: 65), og miljøspørsmålet har i dag nedslagskraft på tvers av politiske posisjonar. Rohrschneider (1993: 682) skriv at *"Old Left parties are considerably more able than previously assumed to absorb the environmental challenge"*.

Det ideologiske grunnlaget for økologismen er førestillinga om ein økologisk balanse som rådar i den urørte naturen – ein balanse som det moderne industrisamfunnet har forstyrra (Larsson 1997: 135). Det har etterkvart kome til ein omfattande litteratur som omhandlar økologi og miljøspørsmål i politikken, men mykje av det fell utanfor rammene til denne avhandlinga. Ein kort gjennomgang er likevel på sin plass for å forstå det grunnleggande ved ideologien.

Eit sentralt skilje som er verdt å merke seg er skilnaden mellom det som på engelsk kallast *environmentalism* og *ecologism*. Andrew Dobson (2007: 2-3) kallar ikkje *environmentalism* for ein ideologi fordi denne retninga argumenterer for at miljøspørsmål kan bli løyst utan fundamentale endringar i verdiar eller måten vi produserer og forbruker på. Økologisme er derimot ein ideologi fordi:

Ecologism holds that a sustainable and fulfilling existence presupposes radical changes in our relationship with the non-human natural world, and in our mode of social and political life (Ibid.).

Richardson (1995) peikar på at skiljet mellom *environmentalism* og *ecologism* også ligg i at dei som høyrer til den fyrste gruppa bryr seg om miljøet på grunn av menneska, medan den siste gruppa er opptekne av jorda som ein verdi i seg sjølv.

Eit anna, men liknande skilje, går mellom "djup" og "grunn" økologisme <sup>6</sup> (Næss 1973), som på mange måtar legg den same distinksjonen til grunn. Djup økologisme legg vekt

---

<sup>6</sup> Filosofen Arne Næss står bak desse termene, som heng saman med det han refererte til som *økofilosofi* og *økософи*, og som representerte eit fundamentalt nytt verdssyn og omfatta både ein personleg livsstil og miljøørsla (Næss 1973).

på ei meir heilskapleg omlegging av samfunnet og ser på menneska og økonomien som årsakene til, og ikkje løysinga på problema. Her til lands har ein også skilt mellom *Vekst med vern-ideologien* og *økologiske ideologiar* (Jansen 1989; Aardal 1993). Vekst med vern-ideologien vil seie at ein framhevar økonomisk vekst som ein føresetnad for miljøvern og ikkje noko som står i absolutt motsetnad til vern. Aardal (1993) konkluderer med at *vekst med vern-ideologien* er den som har vunne fram i Noreg i perioden 1977 til 1989, mellom anna som resultat av lovgjevnad og institusjonsbygging. Det meir radikale *økologiske* miljøvernet, som ser miljøvern som ei målsetting overordna økonomisk vekst, har fått lite plass i lovverk og institusjonar og lite oppslutnad i den perioden han undersøker (Aardal 1993).

I 1950- og 1960-åra var det nærast tverrpolitisk semje om vekstpolitikken i Noreg (Kitschelt 1988: 197), men sidan då har vinden snudd (Aardal 1993). I fråveret av eit sterkt grønt parti i Noreg, har SV representert det grønne alternativet i det norske partisystemet, og i Stortinget har SV-medlemmane vore dei som sterkast har forfekta grønne saker (Knutsen 1997: 248). I fylgje Manifestodata (Strøm og Leipart 1989) er SV det partiet, saman med Venstre, som har dedikert mest plass til miljøraker i partiprogram. Nyare valforskning viser dessutan at SV stadig er det klart største partiet på miljøpolitikk i Noreg (Aardal 2011: 139). I Danmark har SF saman med Enhedslisten vore dei partia som har hatt størst fokus på miljø (Borre 2003: 180-183). SF har, som SV, altså vore blant partia med størst sakseigarskap til miljøraker i Danmark.<sup>7</sup>

## **Operasjonalisering**

Som vist kan økologisme, trass i at det blir betrakta som ein representant for Ny politikk, seiast å passe inn i fleire ulike ideologiar, og dei fleste politiske parti i dag har miljøpolitikk på agendaen. Derfor kan ein også konseptualisere ideologien utifrå både Gammal og Ny politikk, alt etter korleis partia argumenterer. Når eg skal sjå nærare på kva verkemiddel SF og SV bruker i miljøpolitikken vil eg derfor sjå på i kva grad dei forfektar det som kan kallast Ny politikk-argumentasjon, fordi dette seier noko om i kva grad partia har utvikla ein sterkare eller svakare Ny politikk-profil i løpet av analyseperioden.

---

<sup>7</sup> Det sterke miljøfokus til SF og SV er den vanlegaste forklaringa på kvifor ikkje grønne parti har vakse fram i Danmark og Noreg som i mange andre europeiske land (sjå mellom anna Rootes 1995).

Miljøargumentasjonen som er knytt til forbod og regulering, offentlig eigarskap av til dømes energiselskap eller nye og auka skattar og avgifter på miljøfarleg åtferd, vert kategorisert som Gammal politikk. Argumentasjonen som derimot går på redusert forbruk, grønne skattar og avgifter eller forbrukaransvar, kategoriserast som Nye venstre-argumentasjon (sjå Båtstrand 2012: 9 for meir bakgrunn om denne operasjonaliseringa). Denne meir inngripande og individretta argumentasjonen er eit uttrykk for Ny politikk og kan også illustrere den meir heilskaplege djuptgripande økologisme-ideologien. Der Båtstrand (2012) ser på klimamål definert som eit konkret *policy*-forslag, er det føremålstenleg for meg å i tillegg sjå på meir overordna argumentasjon. Denne inndelinga vil ikkje vere altfor streng, men skal kunne gi eit samla bilete av korleis partia argumenterer for sin miljøpolitikk.<sup>8</sup>

I tillegg til dette vil eg også sjå på det meir overordna fokuset på økologisme ved å vurdere i kor stor grad miljø gjennomsyrrar alle delar av politikken til partia og korleis dei ser på økonomisk politikk i høve til miljø. Dersom partia tek til orde for at miljøomsyn må gå framfor økonomisk vekst, talar dette meir for at dei forfektar ein heilskapleg økologisk ideologi enn dersom dei frontar det som kan kallast *vekst med vern*-ideologi (Aardal 1993).

### 2.4.3 Pasifisme

Andrew Heywood (2007: 198) definerer pasifisme som "*The principled rejection of war and all forms of violence as fundamentally evil*". Dette utgangspunktet var lenge rådande blant venstreparti i etterkrigstida, etter filosofien om "Never again war" (Brunstetter og Brunstetter 2011: 66). Men etterkvart har det kome fleire bidrag som avskriv ei så enkel tilnærming til pasifismeomgrepet. I boka *The Ethics of war* (1997) skil A. J. Coates mellom "absolutt" og "betinga" pasifisme, der den fyrste avviser krig som eit alternativ, medan sistnemnde aksepterer "*the moral permissibility of war, at least in principle*" – og under enkelte vilkår. Kor vidt dette likevel kan kallast pasifisme utifrå ein streng definisjon har vore omdiskutert i litteraturen (Brunstetter og Brunstetter 2011).

---

<sup>8</sup> Nokre av indikatorane kan vere vanskelege å skilje, til dømes plasserer Båstrand "nye, auka skattar og avgifter" som Gammal politikk og "grønne skattar og avgifter" som Ny politikk. Her vil forslag bli kategorisert som Nye venstre dersom det kjem fram at miljøavgiftene blir kompensert for med reduserte avgifter på andre felt, slik at det totale skattenivået ikkje aukar. Takk til Sondre Båtstrand for utdjujing av operasjonaliseringa av dimensjonen (Båtstrand 2013 [personleg korrespondanse]).

Pasifisme og antikrigsrørsla var opphavleg eit av dei sterkaste kjenneteikna ved Ny politikk slik det oppstod i USA på 1960-talet (Miller og Levitin 1976: 6). Ein felles djup skepsis til militær politikk og militære alliansar, inkludert NATO, knyt SF og SV sterkt til andre Ny politikk-parti i Europa, som Die Grünen i Tyskland (Brunstetter og Brunstetter 2011: 68). Valden i det tidlegare Jugoslavia skapte imidlertid splid i Die Grünen og gjorde etterkvart at dei endra strategi frå "Never again war" til "Never again Auschwitz". Brunstetter og Brunstetter (2011) kallar dette ei endring frå absolutt til "*engaged pacifism*" som tyder at dei før kunne ha råd til å ta eit prinsipielt standpunkt, men fordi dei seinare måtte involvere seg endra ståstad i spørsmålet om absolutt pasifisme.

Verken SF eller SV er uttalte pasifistiske parti. I skildringa av SF i dag heiter det at "*SF er ikke – og har aldrig været – et pacifistisk parti*" (SF utan dato). Likevel var mange av medlemmane i SF pasifistar og medlemmar i foreininga "Aldrig mere Krig" – og tok til orde for ein svært restriktiv forsvarspolitik med full avrusting (Kragh 1995: 134). Også SV har alltid hatt mange pasifistar i partiet, trass i at dei aldri har definert seg som eit pasifistisk parti. Fredssaker som kan knytast til denne dimensjonen har likevel vore heilt sentrale for partia.

### **Operasjonalisering**

Pasifismedimensjonen, utifrå ei lausare betydning av ordet, er den som klarast er knytt til opphavet til SF og SV. Som vi har sett i partigjennomgangen var kravet om nedrusting og motstand mot atomvåpen ein heilt sentral del av politikken til partia dei fyrste åra. I tillegg var motstand mot NATO-medlemskap av dei avgjerande årsakene til at SV braut ut frå DNA i 1961, og synet på intervensjons- og tryggingsspolitikk då SF braut ut frå DKP i 1959. Ein mindre streng bruk av ordet pasifisme kan dermed seiast å definere ein sentral kjerne i partia sin ideologiske profil.

Det eg vil forsøke å svare på ved å studere pasifismedimensjonen er i kva grad partia har utvikla seg langs politikkområde som kan sei noko om kva grad av pasifisme partia forfektar. Derfor vil eg her analysere graden av pasifisme ved å ta føre meg to saker som har vore sentrale for partia sitt opphav: NATO og militær intervensjon. Dette fordi det er saker som har stått sentralt i opphavet og ideologien til partia, og som også er sentrale kjenneteikn på Ny politikk. Dersom partia har endra seg vekk frå sitt opphav her, kan det derfor tolkast som at dei har tona ned sin Ny politikk-profil og dermed gått vekk frå

eit sentral element frå opphavet. I tillegg til å studere utviklinga langs desse to spesifikke områda, vil eg også sjå på korleis det overordna fredsperspektivet kjem til syne i programma til partia. Her gjeld det særleg i kva grad dei meiner prinsippet om ikkjevald og antimilitarisme skal gå framfor andre prinsipp, og i kva grad det er snakk om fredsperspektiv som overordna mål for samfunnet.

Det analytiske rammeverket slik det er presentert kan summerast opp i fylgjande tabell:

*Tabell 2.1 Oversikt over det analytiske rammeverket*

Ideologisk ytterpunkt	Venstreorientering	Økologisme	Pasifisme
<b>Konflikten sitt opphav</b>	Gammal politikk	Ny politikk	Ny politikk
<b>Politisk saksområde</b>	Økonomisk politikk	Miljøpolitikk	Tryggingspolitikk
<b>Overordna mål</b>	Kapitalismen erstattast av eit nytt samfunnssystem	Fundamental grøn omlegging av samfunnet	Eit fredeleg samfunn basert på prinsippa om ikkjevald og antimilitarisme
<b>Verkemiddel</b>	- Sterkare offentleg eigarskap - Meir regulering av marknaden	- Mindre forbruk - Meir bruk av grønne skattar og avgifter - Større forbrukaransvar	- Sterk NATO-motstand - Sterk motstand mot militær intervensjon

Tabellen gir eit samandrag av korleis ein kan forstå dei tre ideologiske dimensjonane. Den speglar problemstillinga – grad av ideologisk endring langs sentrale dimensjonar – fordi det er snakk om grad av utvikling frå eit definert ytterpunkt. Eg har her definert dei ytre posisjonane langs dimensjonane og dersom partia har endra seg vil det seie at dei har blitt mindre venstreorienterte, altså flytta seg mot sentrum i økonomisk politikk, mindre økologiske dersom dei har flytta seg mot sentrum miljøpolitisk, og mindre pasifistiske dersom dei har flytta seg mot sentrum tryggingspolitisk. Denne utviklinga vil bli analysert både i overordna mål og i verkemiddelbruk. Kva som er mål og kva som er verkemiddel heng tett saman, og verkemidla slik eg har definert dei kan i nokre tilfelle sjåast på som eit mål i seg sjølv. Dette gjeld til dømes offentleg eigarskap. Her vil dei likevel verte behandla som verkemiddel, men det er relevant å sjå det i samanheng med det overordna målet om ei omforming av samfunnet frå kapitalistisk til sosialistisk.

## 2.5 Ideologisk endring og stabilitet

Kva kan ein så forvente av utvikling langs desse tre ideologiske dimensjonane? Alt etter kva teori og litteratur ein støttar seg til, er det grunn til å forvente både endring og stabilitet. Derfor vil eg her gå breitt ut og formulere tre ulike empiriske forventningar. Forventningane seier ikkje noko om skilnadar mellom land, men baserer seg på den overordna utviklinga til begge partia utifrå føresetnaden av at dei høyrer til den same partifamilien. Eg tek utgangspunkt i ideologien sin plass i generell partiforsking, før eg kjem inn på litteratur som seier noko om kva ein kan forvente av partiideologisk utvikling i desse partia.

I fylgje Panebianco (1988) er alle parti på ein eller annan måte er forma av sitt opphav og sin ideologiske arv. Fordi dette utgjer partiets *raison d'être*, må partileiinga alltid ta stilling til dette når nye politiske strategiar skal leggest. "*The organizational ideology is thus the primary source of collective incentives*" (Panebianco 1988: 11). Dersom ein politisk strategi slår feil og partiet mistar truverd på område som er sentrale for opphavet og ideologien til partiet, vil det derfor gå utover partiidentiteten. Panebianco legg likevel til at eit parti sitt ideologiske opphav, og dermed partiidentiteten, vil bli svekka over tid, sjølv om det skjer svært sakte (Ibid.: 6-7, 17, 240).

Teoriar som bygg på valkonkurransse ser ikkje ideologi som ei sentral drivkraft for partia. Dei tek tvert i mot utgangspunkt i at ideologi vert tona ned for at partia skal nå sine mål. Til dømes seier teorien til Kirchheimer (1966a, 1966b) at partia har gått frå å vere ideologiske masseparti til å ha ein meir uklar politisk profil med ein breiare appell, der dei søker kontakt med alle viktige sosiale segment i samfunnet, på tvers av tradisjonelle skilje. Endringa skjedde i fylgje tesen på 1950-talet. Tretti år seinare presenterte Katz og Mair (1995, 2009) tesen om kartellparti, der partia er ytterligare profesjonaliserte og teknokratiske, og bruker statlege ressursar for å behalde sin sterke posisjon. Fordi ideologiske konflikter vert sterkt tona ned, vil også "ekte" politiske diskusjonar bli det, og ein sit att med symbolske konflikter og "*artificial competition on issues*" (Krouwel 2006: 262).<sup>9</sup>

---

<sup>9</sup> Uttrykket ideologisk konvergens vert gjerne brukt om denne utviklinga, som refererer til at partia kjem stadig nærare kvarandre langs same ideologiske dimensjonar (sjå til dømes Camia og Caramani 2011).



På nokre område kan tesane til Kirchheimer og etterfølgjarane hans vise seg å stemme, men dei har også møtt mykje kritikk. Desse teoriane baserer seg på *mainstream*-parti, og SF og SV står som døme på parti som har hatt eit anna utgangspunkt. Dermed vil desse partia ikkje på same måte verte utsette for denne omforminga frå masseparti, via catch-all og vidare til kartell (Saglie 1992: 11). I fleirpartisystem vil dessutan ei rekkje ulike variablar spele inn når partia endrar og utviklar seg (Kitschelt 1989; Wolinetz 1991), og resultatet kan dermed bli eit ideologisk mangfald blant partia der det både er plass til avideologiserte catch-all parti og parti med ein klarare ideologisk profil.

Dei fleste europeiske partisystem har både slike store "catch-all"-parti og mindre "nisjeparti", som nasjonalistiske, kommunistiske eller grøne parti. Eit nisjeparti er definert som eit parti som primært konkurrerer på eit lite utval ikkje-økonomiske saker (Wagner 2012: 847). Adams et al. (2006) finn empirisk støtte for at nisjeparti vert hardare straffa for å moderere partiprogramma sine enn dei tradisjonelle, breie partia. Dessutan finn dei at nisjepartia tek mindre omsyn til skifte i offentleg opinion i form av å endre partiprogram etter dette:

[...] it makes little sense for a niche party to moderate its policy program in response to shifts in public opinion, if such an adjustment depresses the party's electoral support and moves the party away from its members' preferred policy position (Adams et al. 2006: 525).

Resultata til Adams et al. illustrerer at ideologi kan vere viktigare som identitetsmarkør for nisjeparti enn for parti med breiare politisk profil. I kva grad SF og SV kan kallast nisjeparti kan diskuterast. Truleg ligg dei ein stad midt mellom nisje- og *mainstream*-parti, men det er ingen tvil om at nokre enkeltsaker har stått svært sterkt og tidvis definert desse partia. Utifrå desse argumenta kan det vere grunn til å forvente mindre ideologisk endring over tid for desse partia enn for større parti lengre mot sentrum. Ei fyrste empirisk forventning kan dermed vere at den ideologiske utviklinga er meir prega av stabilitet enn av endring:

*1. SF og SV sin ideologiske profil er kjenneteikna av stabilitet, og partia vil derfor stadig ligge langt ut mot dei ideologiske ytterpunkta venstreorientering, økologisme og pasifisme.*

Samstundes er det ingen tvil om at Sovjetregimets fall i 1989-1991 radikalt endra tilhøva for venstreparti i Europa. Siavelis (2006: 365) argumenterer for at murens fall og kapitalismens triumf har ført til at venstreparti i Europa har blitt mindre ideologiske,

meir pluralistiske og har akseptert marknadskreftene som nøkkelen til økonomisk vekst. Vidare argumenterer Eley (2002: 483) med at skuffelsen over kapitalismen sitt inntog har gjort at venstrepartia har akseptert status quo og slått seg til ro med *"more modest aims of civilizing capitalism, stressing democracy, social citizenship and rights at work"*.

I fylgje dette synet skal altså venstreparti i Europa ha bevega seg vekk frå sin ideologiske kjerne og landa på ein meir pragmatisk politikk. I tillegg kan det tenkast at regjeringstilnærminga utover på 2000-talet har flytta partia mot ei meir moderat ideologisk linje. Fordi dei ikkje lenger kan fylle rolla som opposisjons- og protestparti må dei derfor tone ned ideologien (Bale og Dunphy 2011; Olsen et al. 2010). Strategien om *"pragmatic cooperation"*, for å bruke March (2008: 15) sine ord, har gjort at dei står mindre fritt og derfor har endra dei mest radikale delane av ideologien. Dermed kan ei andre, og motstridande, empirisk forventning vere fylgjande:

*2: SF og SV har endra seg ved å bli mindre venstreorienterte og mindre Ny politikk-orienterte og dermed bevega seg mot det ideologiske sentrum av dimensjonane venstreorientering, økologisme og pasifisme.*

Desse to empiriske forventningane indikerer anten konsekvent stabilitet eller konsekvent endring på alle dimensjonane eg analyserer. Men det kan også tenkast at utviklinga vil vere ulik på dei forskjellige områda, og at eg dermed vil finne både endring og stabilitet, avhengig av politikkområde. March (2008) meiner ei generell utvikling blant det han kategoriserer som "far left parties" i Europa er at dei er i ferd med å bli ein prinsipiell utfordrar til dei sosialdemokratiske partia, *"in large part because its main parties are no longer extreme, but present themselves as defending the values and policies that social democrats have allegedly abandoned"*. Han peiker på at dei mest suksessfulle venstrepartia er dei som har omforma seg etter muren fall til økososialistiske eller "demokratisk sosialistiske" Nye venstre-parti. Dette har ført dei inn på ein meir pragmatisk veg i sosialistiske spørsmål, gjennom utforming av ein moderat og nasjonal autentisk sosialisme. Samstundes har dei heldt på nokre viktige saker, reindyrka sin Ny politikkprofil, og blitt meir som grønne parti i Europa.

Choosing a strategy which preserved elements of a radical identity and distinctiveness from social democracy was logical for many parties, since usually [...] a social democratic transformation meant the self-dissolution of

the party. In many cases, especially where green parties were weak, an ecosocialist or democratic socialist «new left» strategy was the most natural exit route from communism (March 2008: 5).

Litteraturen som kategoriserer SF og SV saman med grøne Ny politikk-parti i Europa, som die Grünen i Tyskland (til dømes Taggart 1996), vil også argumentere for denne utviklinga. Dersom det stemmer at desse partia har nærma seg kvarandre, vil det bety at SF og SV har fått ein svakare venstreprofil, samstundes med ein sterkare Ny politikk-profil. Derfor kan ei siste empirisk forventning innehalde både endring og stabilitet:

*3. SF og SV har utvikla seg ideologisk ved å bli mindre venstreorienterte, men meir Ny politikk-orienterte, og dermed bevega seg mot sentrum i grad av venstreorientering, men mot ytterpunkta i retning økologisme og pasifisme.*

Kor stor grad av endring som skal til før en kan karakterisere det som ei betydeleg endring, er vanskeleg å avgjere, men verdt å reflektere rundt. Både endring i overordna mål og verkemiddel er definert som ideologisk endring utifrå ideologidefinisjonane til Knutsen (1985) og Sainsbury (1981). Likevel er det venta at det generelt skal meir til å endre dei overordna måla eller prinsippa for politikken enn å endre verkemidla. Mål i tydinga samfunnsvisjon er djupare fundert, viktigare ideologisk og vanskelegare å endre på. Derfor er det føremålstenleg å skilje mellom desse to.

Hall (1993) identifiserer tre nivå av idéendring i politiske parti. Det fyrste nivået handlar berre om ei finjustering, basert på erfaring, der ein endrar noko på måten ein bruker verkemidla på: *"instrument settings are changed in the light of experience and new knowledge, while the overall goals and instruments of policy remain the same"* (Hall 1993: 278). Det andre nivået inneber eit skifte av instrumenta, eller verkemidla for politikken, sjølv om det overordna målet er det same. Altså går ein eit steg vidare frå rutineprega læring til meir strategisk revurdering. Det tredje nivået dreier seg om eit fullstendig paradigmeskifte der ein endrar både verkemiddel og målsetting: *"simultaneous changes in all three components of policy: the instrument settings, the instruments themselves, and the hierarchy of goals behind policy"* (Ibid.: 279). Dette skiftet opplevde ein mellom anna i overgangen frå keynesianisme til monetarisme i Storbritannia og USA spesielt. Desse tre nivåa kan seie noko om kva type ideologisk utvikling partia har vore gjennom dersom dei har endra seg ideologisk i løpet av perioden. Det handlar derfor ikkje berre om anten endring eller stabilitet, men også om endringa sitt omfang.

## 2.6 Oppsummering

Målet med teori- og bakgrunnskapitlet har vore å plassere forskingsspørsmålet innanfor nokre teoretiske rammer som den vidare analysen baserer seg på, samt å legge grunnlaget for empiriske forventningar til analysen. Utifrå definisjonane og avgrensinga i fyrste del av kapitlet legg eg fylgjande premisser til grunn for avhandlinga vidare:

- Ideologi er eit politisk trussystem basert på grunnleggande politiske verdiar og idear om korleis samfunnet bør vere og korleis ein kan få det slik,
- medlemmar av eit parti er samla rundt eit slikt trussystem og kommuniserer dette ut til veljarar og samfunnet elles, mellom anna gjennom partiprogram,
- parti innanfor ein partifamilie har eit genetisk opphav og ein ideologi som sameiner dei,
- det er meningsfylt å analysere enkeltparti langs ideologiske dimensjonar og samanlikne dei med andre parti innanfor sin partifamilie, og
- dimensjonane venstreorientering, økologisme og pasifisme representerer SF og SV si tilhøyrse i både Gammal og Ny politikk og kan derfor gi oss eit godt bilete av ideologisk utvikling innan desse partia.

Gjennomgangen av partia og partifamilien viser at både gamle tradisjonelle konfliktlinjer knytt til staten si rolle og organisering av økonomien, samt postmaterialistiske eller Ny politikk-verdiar knytt til synet på miljø og pasifisme står sentralt. Tre empiriske forventningar er skisserte ut: Den fyrste forventninga er at SF og SV, fordi dei har nokre trekk som gjer at dei kan sjåast på som nisjeparti, ikkje har vore gjennom ei nemneverdig endring i løpet av perioden eg studerer. Den andre og motstridande forventninga er at partia har flytta seg vekk frå sitt ideologiske utgangspunkt og dermed både har vorte "*less left*" og "*less new*". Utifrå denne empiriske forventninga skal partia moderere seg både i venstreorientering, miljø- og fredspolitik. Den siste forventninga er at partia har vorte mindre venstreorientert og meir Ny politikk-orientert, og dermed skal ha tona ned venstreprofilen sin, men fått ein enda tydelegare Ny politikk-profil.

# 3 Forskingsdesign og metode

## 3.1 Introduksjon

Det finst ingen fasit på kva design og metode som best kan svare på problemstillinga i denne avhandlinga. Undersøkinga fordrar derfor ein grundig diskusjon av både forskingsdesign, datainnsamling og -analyse. Eg vil argumentere for at det mest føremålstenelege er å gå kvalitativt til verks, og baserer meg på eit komparativt forskingsdesign med bruk av tekstanalytisk metode og intervju. Kapitlet startar med argumentasjon for val av design og case, før eg vil gå inn på premissane for tekstanalytisk analyse generelt og ideologianalyse spesielt. Eg vil også diskutere styrkar og svakheiter ved å bruke partiprogram som analysemateriale. Til slutt vil eg gå gjennom dei metodologiske premissane for intervju som supplerande materiale.

## 3.2 Forskingsdesign og val av case

Utgangspunktet for denne studien, og for val av forskingsdesign, er å kunne seie noko om korleis skandinaviske Nye venstre-parti har endra seg ideologisk over tid. Dette talar for eit casebasert, komparativt design. Interessa i det empiriske, snarare enn ønsket om å utvikle generelle innsikter, gjer at designen kan kallast ein teoretisk fortolkande casestudie (Andersen 1997: 95). Føremålet er å skildre, forklare, tolke og forstå casane som blir studerte utifrå generelle teoriar som kan kaste lys over ideologisk innhald og endring. Teoriforankringa gir eit solid fundament for empirisk undersøking:

The more case interpretations are guided by theory, the more explicit their underlying analytic assumptions, normative biases, and causal propositions; the fewer their logical contradictions; and the easier they are to empirically validate or invalidate (Levy 2008: 5).

Som partifamilietynologien i førre kapittel viste, har SF og SV blitt påverka av fleire ideologiske strøymingar, både frå *Gammal og Ny politikk*. Dette har gjort at dei har ein særeigen natur som gjer det vanskeleg å generalisere til andre parti. Likefullt plasserer teorien dei analytisk i høve til andre case, til dømes som nisjeparti eller som Nye venstre-parti, noko som gjer at analysen likevel kan tenkast å gi ein meirverdi.

Samanlikningar innanfor den komparative designen kan skje på fleire måtar (Andersen 1997: 94). I denne studien blir SF og SV samanlikna med seg sjølv over tid, før funna vert diskutert i lys av kvarandre. Ved å bruke det same teoretiske og analytiske rammeverket på to ulike case kan ein forstå det aktuelle fenomenet betre enn når det vert studert åleine. I fylgje Ian Budge (1987: 16) er det *"difficult to estimate for one party in isolation what its position is, or whether it has exploited the full range of appeals open to it"*. Ved å velje eit design med to casar utvidar ein gyldigheitsområdet. Samstundes gir det gode moglegheiter for djupneinnsikt, samanlikna med ein studie med mange einingar og få, standardiserte variablar. Tarrow (2010: 246) argumenterer for valet av to case slik:

The moment we go from one case to two, I would argue, we are in the realm of hypothesis-generating comparative study, while also enabling ourselves to examine how common mechanisms are influenced by the particular features of each case; as we increase the number of cases, however, the leverage afforded by paired comparison becomes weaker, because the number of unmeasured variables increases.

Ein hovudregel ved denne type studiar er å fokusere på casar som er mest mogleg like (Andersen 1997: 104; Levy 2008: 10; Lijphart 1975: 26-28). Det svenske Vänsterpartiet (V) er utelatt frå studien, delvis på grunn av argumentet om likskap, samt dei ovanfor nemnde fordelane ved å ha to framfor tre case. Sidan Sverige, Danmark og Noreg er naboland med ein relativt lik politisk kultur, ville det ha vore interessant å kunne samanlikne alle desse partia over tid. Likevel meiner eg at fordelane ved å utelate Vänsterpartiet veg tyngre enn ulempene. Vänsterpartiet skil seg frå SF og SV på fleire avgjerande område, både når det gjeld opphav og ideologi.<sup>10</sup> Partiet representerte lenge *Gamle venstre* (Christensen og Midtbø 1998: 3), då dei nyare venstresosialistiske partia i dei skandinaviske nabolanda hadde tatt til seg idear frå *Nye venstre*, som tidlegare vist:

---

<sup>10</sup> Mellom anna er den direkte arven frå og tilknytninga til kommunistpartiet meir uttalt hjå Vänsterpartiet enn hjå SF og SV (Arter 2008: 112). Det vart gjort fleire forsøk på å danne Nye venstre-parti i Sverige etter modell frå Danmark og Noreg på 1960-talet, men forsøka var mislukka (Ersson 2005: 53).

Whereas NATO represented the key issue that separated left socialists from the social democrats in Denmark and Norway, the dominant cleavage in Sweden was related to domestic economic policies (Christensen og Midtbø 1998: 3).

SF og SV er historisk like og deler mykje av den same ideologiske arven, så denne delvis kan haldast "konstant". Som vist i førre kapittel har dei gått gjennom mykje av dei same konfliktane, mellom anna når det gjeld spørsmålet om samarbeid med SD/DNA. Dei har begge vorte kritisert for å ha endra seg ideologisk i løpet av dei siste tiåra og dei gjekk begge inn i regjeringskoalisjonar i løpet av 2000-talet.

Også mellom SF og SV er det likevel skilnadar som det er viktig å vere klar over. Opphavet frå det kommunistiske partiet (SF) og det sosialdemokratiske partiet (SV) er eit sentralt punkt som skil dei to partia frå kvarandre og som kan ha definert partia i ulike retningar. SF har også tradisjonelt hatt ein høgare valoppslutnad enn SV, jamt over på mellom åtte og ni prosent, og med rekordoppslutnad på 14,6 prosent i 1987 (Folketinget, utan årstal). Knutsen (1989: 517) meiner at:

The differences in strength of the new left parties in Denmark and Norway has been one of the most important dissimilarities between the Danish and Norwegian party systems from the late 1970s and into the 1980s, which may be reflected in the comparative larger impact of the MPM <sup>11</sup> values in Denmark.

I ein studie frå 1989 finn Knutsen at postmaterialistiske versus materialistiske verdiar utgjer den viktigaste konfliktdimensjonen i Danmark, medan den viktigaste i Noreg er venstre-høgre dimensjonen. Danmark har dessutan ei svakare sentrum-periferi-konflikt og ei mindre uttalt skiljeline på moralske-religiøse verdiar enn Noreg. Det danske Kristendemokraterne er eit mindre parti enn det norske Kristeleg Folkeparti og det danske agrarpartiet, Venstre, har ein tradisjonell borgarleg/høgreprofil der det norske Senterpartiet er eit sentrumsparti med ei framleis tydeleg og sterk agrarorientering. Dette spelar inn på partisystema og dermed også på den politiske kulturen i Danmark og Noreg. Konfliktliner som har vore heilt sentrale i Noreg, har dermed ikkje vore viktige i Danmark, og omvendt (Knutsen 1989).

Danmark var, i motsetnad til Noreg, lenge prega av fråvær av sterke ideologiske skiljelinjer – og *"det mest eksemplariske i samlingen av nordiske konsensusdemokratier"*

---

<sup>11</sup> MPM står for materialist/postmaterialist-dimensjonen.

(Heidar 2008a: 73). Men 1970-talet førte med seg store endringar for Danmark gjennom større veljarturbulens, auka partifragmentering og ein etterkvart heftig debatt om innvandrings- og integrasjonspolitikken (Heidar 2008a: 73). Ved folketingsvala i 1990 og 1994 var det tydeleg at Ny politikk-saker spela ei stor rolle i dansk politikk (Borre og Andersen 1997). I Noreg har arbeidarrørsla historisk stått sterkare, noko som har ført til opprør på radikale saker langs den konvensjonelle høgre/venstre-aksen (Heidar 2008a: 73). Desse skilnadane mellom politisk kultur og partikonkurransse i Noreg og Danmark vil ikkje bli behandla spesifikt i analysen, men er viktig å vere klar over, då dei kan gi noko av forklaringa på kvifor dei to partia eventuelt har utvikla seg i ulik retning, og vil derfor bli vendt tilbake til i diskusjonskapitlet.

Analysen er også avgrensa i tid til perioden frå 1989 og fram til i dag. Bakgrunnen for avgrensinga er at det ikkje hadde vore mogleg å gå i djupna på alle tekstane om ein skulle ha studert utviklinga heilt frå partia vart danna. Målet med å innsnevre analyserommet er å kunne gå grundigare inn på dei enkelte endringane, og dermed også kunne diskutere funna nøyare. Åra rundt 1990 er ein naturleg startstad i høve til den venstresosialistiske partifamilien fordi både SF og SV måtte redefinere seg sjølv ideologisk etter murens fall (Mortensen 2011; Rossavik 2011). Sidan det var val i Noreg i 1989 og i Danmark i 1990 er det også eit praktisk element i avgrensinga.

### **3.3 Analysemateriale og utval**

Party manifestoes provide scholars with an indication of both abstract party ideologies, and narrower, concrete policy proposals to impliment that ideology (Vassallo og Wilcox 2006: 415).

#### **3.3.1 Partiprogram som analysemateriale**

Partiprogramma er veileigna til å studere kva partia meiner over tid fordi dei tek sikte på å dekke alle dei viktigaste områda av nasjonal politikk i det tidsrommet dei er laga. Slik er dei viktige historiske prov på dei politiske sakene som var på agendaen i ein gitt periode: Partiprogramma gir antakeleg den sterkaste dokumentasjonen på valløfta og utgjær ei politisk og ideologisk kontrakt mellom parti og veljarar for den komande perioden (Narud og Valen 2004). Dessutan er programma eit unikt analysemateriale fordi dei står for *"the only collective policy statement that parties as such ever make"*



(Budge 2001: 211). Ikkje noko anna materiale gir ei samla oversikt over politisk ståstad på ulike felt, uavhengig av interne fraksjonar eller sterke enkeltindivid i partiet.

Partiprogramma har eit konsistent språk, som gir eit godt grunnlag for analyse. Fordi det skal vere lett å skjønne for veljarane er det eit mål at språket skal vere tydeleg og enkelt, og prinsipielle poeng og kampsaker kan gjerne ikkje gjentakast ofte nok (Budge 2001: 211). Dette gjer at partiprogramma har eit eige språk, som gjer det mulig å analysere fleire partiprogram over tid utan at formuleringane og stilen har endra seg nemneverdig. Men språket i programma kan også vere ei utfordring. Ian Budge (2001: 219) skriv at «*no sentence appear in them without a purpose*». Det er nyttig å ha i bakhovudet at retoriske grep vert brukt aktivt for å gi ei mest mogleg pragmatisk framstilling av partiet sin politikk – og dermed nå ut til fleire potensielle veljarar. Men fordi partia gjerne trekker på sin politiske arv i form av spørsmål som har vore viktige ved tidlegare val, er det gode sjansar for å identifisere nokre kjenneteikn som går igjen i partiprogramma over tid (Narud og Valen 2007: 138). Det styrkar moglegheita til å seie noko om kjerneideologien til partia.

Til saman er det derfor gode argument for å spore ideologisk endring i partiprogram. At avsendar (politiske parti) og mottakar (veljarar) alltid er dei same, gjer at validiteten i utgangspunktet vil vere god. Datamaterialet er i tillegg rikt og oftast tilstrekkeleg detaljert, noko som gjer programma betre eigna til mitt føremål – å studere partiideologi – enn til dømes TV-debattar, parlamentsinnlegg eller landsmøtetalar hadde vore.

### **3.3.2 Partiprogram i Danmark og Noreg**

Utfordringane nemnt ovanfor kan i stor grad imøtekomast ved å vere medviten på dei, samt ved å ta atterhald om at ein aldri vil kunne gi eit heilt nøyaktig mål på ideologisk endring. Ei større utfordring mot validiteten er skilnadane i form og innhald på tvers av parti- og landegrensene. I Noreg kjem arbeidsprogramma til partia ut kvart fjerde år i samband med Stortingsvala. Arbeidet med valprogramma startar i god tid, gjerne to år før, og er utarbeidde av ein programkomité og vert sendt ut på høyring i partiorganisasjonen (Heidar og Saglie 2002: 214-217). Prosessen vert sett på som svært viktig, både internt og eksternt, og prosedyren er omstendeleg fordi ein alltid veit når neste Stortingsval vil kome og kan planlegge etter det.

I Danmark er situasjonen ein annan. Her vert Folketingsvala haldne med ujamne mellomrom, ofte på kort varsel, på grunn av oppløysingsretten. Dette gjer det vanskeleg for partia å gjennomføre langvarige programprosessar i samband med vala. Fordi dei har kort tid på seg når statsministeren har bestemt at det vert nyval, er valmanifesta gjerne korte ytringar med eit klarare språk retta mot "vanlege folk". I tillegg har dei danske partia fleire kortare program på nokre få sider som tek føre seg spesifikke politikkområde som er særleg viktig for dei.<sup>12</sup> Prinsippprogramma er derimot utforma relativt likt i Danmark og Noreg og er derfor lettare å samanlikne.

Her er det også verdt å merke seg ein skilnad mellom prinsipp- og valprogram. Medan fyrstnemnde tek føre seg fundamentale, langsiktige mål og ideologi, tek valprogramma i større grad føre seg konkrete politiske saker. I dei danske programma er dette særleg tydeleg, då prinsippprogramma er relativt lange og viser dei store linene, medan valprogramma som nemnt er korte, og ofte med eit visst utval av saker som er særleg viktige ved det aktuelle valet. Distinksjonen i Noreg er noko mindre, sidan dei omfangsrike arbeidsprogramma også kan ta føre seg grunnleggjande ideologiske prinsipp. Dei store skilnadane både i utforming og omfang mellom dei danske og dei norske programma, gjer at ei kvantitativ tilnærming har lite føre seg her, og understreker viktigheita av å nærlese teksten, i staden for å til dømes telje setningar.

### **3.3.3 Utval av partiprogram**

På grunn av skilnadane i partiprogramma mellom SF og SV, er utvalet av program noko ulikt. Oversikta er presentert i tabell 3.1. I tidsrommet 1989 til i dag har det vore seks stortingsval i Noreg: i 1989, 1993, 1997, 2001, 2005 og 2009. Eg har valt ut tre av desse arbeidsprogramma for analyse: 1989-1993, 1997-2001 og 2005-2009. Dei dekker til saman perioden eg ynskjer å undersøke og bør derfor gi eit godt inntrykk av dei viktigaste sakene i tidsrommet dei representerer. Årsaka til at eg ikkje har med det siste programmet er at eg prioriterer programmet frå den perioden partiet for fyrste gong går i regjering, 2005-2009. Dette er fordi regjeringsdeltaking er av dei faktorane som i

---

<sup>12</sup> Til dømes gav SF i 1990 ut eitt hefte om miljø- og militærpolitikk, eitt om energipolitikk, eitt om å ta toget og eitt om å helse oppbrotet i Europa velkommen. Desse seier til saman noko om partiet sin politikk, men gir ikkje den samla oversikta slik som dei omfattande norske arbeidsprogramma gjer.

litteraturen er peika som sentrale for at eit parti endrar ideologi <sup>13</sup> (sjå mellom anna Strøm 1990; Strøm og Müller 1999). Sjølv om eg ikkje skal teste dette spesifikt, er det interessant å sjå om ein kan finne endring her i høve til dei andre programma. Sidan dei to prinsippprogramma partiet har gitt er frå 1995 og 2011, får eg også med dei nyaste ideologiske trekka i prinsippprogrammet frå 2011. Det gir grunnlag for å seie at heile perioden frå 1989 til i dag vert analysert.

I Danmark har det vore sju folketingsval frå 1989 og til i dag: i 1990, 1994, 1998, 2001, 2005, 2007 og 2011. I tillegg til valprogram til desse, har SF også gitt ut prinsippprogram i 1991, 2003 og 2012. Eg har valt å undersøke alle dei tre prinsippprogramma i perioden, samt fire av arbeidsprogramma. For å få ein viss intervall i analysemateriale har eg valt valprogramma frå 1990, 1998, 2007 og 2011. Dei to nyaste er med for å gi eit breitt bilete av den nyaste utviklinga. I tillegg gjer det at eg også for SF får med valprogrammet frå det året dei gjekk i regjering (2011).

Tabell 3.1 Oversikt over partiprogramma som finst i perioden med årstal og sidetal.

Socialistisk Folkeparti, Danmark			Sosialistisk Venstreparti, Noreg		
År	Type program	Sidetal	År	Type program	Sidetal
<b>1990</b>	<b>Valprogram</b>	<b>8</b>	<b>1989</b>	<b>Arbeidsprogram 1989-1993</b>	<b>68</b>
<b>1991</b>	<b>Prinsippprogram</b>	<b>28</b>	1993	Arbeidsprogram 1993-1997	77
1994	Valprogram	8	<b>1995</b>	<b>Prinsippprogram</b>	<b>59</b>
<b>1998</b>	<b>Valprogram</b>	<b>18</b>	<b>1997</b>	<b>Arbeidsprogram 1997-2001</b>	<b>106</b>
2001	Valprogram	15	2001	Arbeidsprogram 2001-2005	82
<b>2003</b>	<b>Prinsipp- og perspektivprogram</b>	<b>24</b>	<b>2005</b>	<b>Arbeidsprogram 2005-2009</b>	<b>111</b>
2005	Valprogram	10	2009	Arbeidsprogram 2009-2013	113
<b>2007</b>	<b>Valprogram</b>	<b>10</b>	<b>2011</b>	<b>Prinsippprogram</b>	<b>24</b>
<b>2011</b>	<b>Valprogram</b>	<b>34</b>			
<b>2012</b>	<b>Prinsippprogram</b>	<b>5</b>			

Note: Dei programma som skal analyserast i avhandlinga er utheva.

<sup>13</sup> Strøm (1990) skil mellom tre overordna mål som partia opererer etter: Posisjonar (office-seeking), stemmer (vote-seeking) og politikk (policy-seeking).

Sju dokument frå SF og fem frå SV er ei stor mengde analysemateriale, og eg kunne kanskje ha gitt eit godt bilete av ideologisk utvikling også ved å velje færre program. Grunnen til at eg har valt så mange er todelt: Det eine er at eg ynskjer både prinsipp- og arbeidsprogram for å kunne sjå både på overordna prinsipp og på konkrete verkemiddel (jamfør ideologidefinisjonane til Knutsen 1985; Sainsbury 1981). Det andre er dei korte programma til SF som gjer at det kan råde usikkerheit rundt utelating av spesielle tema. Å ha med fleire program kan slik kvalitetssikre funna. Det kan også argumenterast for at det er problematisk at utvalet er ulikt i høve til at målet med forskingsdesignen er at framgangsmåten skal vere så lik som mogleg. Problemet ligg i at politikkområda eg undersøker vil vere betre dekt i dei norske enn i dei danske programma og at eg vil risikere at enkelte av indikatorane eg ynskjer å måle er utelatne frå SF sine korte valprogram. Eg meiner likevel ikkje at dette treng vere eit problem fordi føremålet mitt fyrst og fremst er å samanlikne partia med seg sjølv over tid. Utvalet eg har gjort dekkjer perioden som skal undersøkast og gir til saman ei brei oversikt over partia sin politiske ståstad på viktige saker.

## 3.4 Metode

Å studere språklig kommunikasjon er nødvendig for å forstå politiske aktører og deres handlinger (Mathisen 1997: 5).

### 3.4.1 Tekstanalyse

Tekstanalyse er tufta på eit sosialkonstruktivistisk syn, som tyder at verda er forma etter språklege handlingar. Utgangspunktet er at ord og tekstar speglar idear og reproduserer mening og at dei dermed er med på å forme moglegheitsrommet for politisk handling. Innanfor eit politisk parti kan ein forvente at idear er rotfesta i ei felles forståing av røynda. Fordi ei slik kollektiv forståing av røynda blir bygd opp og vert heldt ved like gjennom språk, legg idear og endringar i desse også premissar for politiske handlingsval. Som Mathisen (1997: 6) seier det: *"politiske (og andre) aktører setter seg selv og hverandre i bevegelse gjennom bruk av språket, samtidig som de formes av språket når de bruker det"*. Ved å erkjenne at språk har materielle konsekvensar for korleis samfunnet vårt er, erkjenner ein samstundes at det er viktig å analysere ideane si rolle og påverknad i politikken.

Marianne Ryghaug (2002: 304) meiner tekstanalyse innanfor statsvitskapen er kjenneteikna av "en naiv pragmatisme, der tekster leses overfladisk uten særlig bruk av metodiske analyseverktøy". Dette er ein kritikk ein bør ta på alvor. Når ein skal avdekke kva ideologi som ligg bak bestemte tekstar, held det ikkje berre å lese ein tekst overfladisk. Ved å ta i bruk tekstanalytiske metodar som er godt funderte metodologisk vil ein kunne "komme fram til nye erkjennelser og andre funn enn det vi ellers ville ha gjort ved en fortsatt pragmatisk-naivistisk tekstlesing" (Ryghaug 2002: 304). Fordelen ved å studere tekstar framfor andre kjelder er den sterke historiske forankringa i ein gitt tidsperiode.

Studying texts has the advantage that they are statements of policy made at a particular place and time by a specific person or organization. They therefore avoid the problems associated with expert judgements of party positions, which confuse preferences with the actual behaviour they are designed to explain, and are ambiguous about the time period involved, the criteria used to locate parties and what exactly they are locating (Budge 2001: 211).

Å spore eit politisk parti sin ideologi i tekst kan gjerast på mange måtar, både kvantitativt og kvalitativt. Eit døme på fyrstnemnde er *the Comparative Manifesto Project* (CMP) som har utvikla eit omfattande datasett utifrå kodingar av partiprogramma i vesteuropeiske land frå 1945 og fram til i dag (sjå til dømes Budge og Klingemann 2001: 22; Volkens 2001). Innhaldsanalyse av denne type data kan gi oss informasjon om kva politikkområde partia fokuserer på, men har dei siste åra blitt kritisert for manglande validitet og forklaringsevne (sjå mellom anna Benoit og Laver 2007; Dinan og Geminis 2009; Hansen 2008; Laver og Garry 2000; Pelizzo 2003). Den varierende karakteren til partiprogramma på tvers av parti og nasjonale grenser kan gjere operasjonaliseringa problematisk, også fordi kategoriane er basert på britiske valprogram for over tretti år sidan (Pelizzo 2003). Hansen (2008) påpeikar dessutan at analysane kan gi misvisande resultat. Til dømes er Radikale Venstre plassert til venstre for SF ved vala i 1987 og 1990, noko som er oppsiktsvekkande fordi

[...] it is not standard procedure in Danish politics that a party, which at the time of the publication of its manifesto still participated in the bourgeois government, is more to the left than a committed socialist party (Hansen 2008: 212).<sup>14</sup>

---

<sup>14</sup> I tillegg er det oppsiktsvekkande at Enhedslisten er plassert til høgre for både SF og SD i 2001-valet, og at Venstresocialistene ligg til høgre for SF frå 1975 til 1987. Dersom desse posisjonane og kodinga er rett, "it may very well shake the foundations of the left wing of Danish politics", skriv Hansen (2008: 212-213).

På bakgrunn av denne kritikken er fordelene med kvalitativ ideologianalyse framfor kvantitativ innhaldsanalyse openberr: tolkingsaspektet. Ved å gå inn og nøye lese kvar enkelt setning for så å tolke den, vert omgrepsvaliditeten styrka og grunnlaget for plassering på ein ideologisk dimensjon større.

### 3.4.2 Ideologianalyse

Ideologianalysen er ein tekstanalytisk metode som undersøker førekomsten av visse typar idear eller ideologiar i tekst gjennom manuell koding (Bergström og Boréus 2005: 19). Tanken er at det "under" teksten ligg idear som ein finn ved å tolke det ein les. Føremålet med analysen kan vere skildrande, forklarande eller normativt, og analysen kan gjerast ved hjelp av idealtypar, dimensjonar eller ved ideologikritikk (ibid.). I denne studien er analysen basert på dei ideologiske dimensjonane som vart presenterte i teorikapitlet. Å bruke dimensjonar som analyseverkty gir eit godt grunnlag for samanlikning av tekstar (Bergström og Boréus 2005: 159-170) og høver derfor godt til analyse av partiprogram. Dei er dessutan svært godt eigna til å studere idear over tid dersom ein brukar dei rett. Men det er også nokre utfordringar knytt til dimensjonar:

Det kan bli svært å uttala sig om ett partis eller en organisations ideologi eller ideologiska utveckling eftersom ideologin förmodligen innehåller så mycket mer än det som två eller tre dimensioner kan säga (Bergström og Boréus 2005: 172).

Dette er eit poeng som ikkje bør undervurderast, men som heller ikkje treng stå i vegen for å gjennomføre ein god og reliabel analyse. Målet med denne studien er ikkje å skildre alle sidene av ideologien til SF og SV frå 1989 til i dag. Det ville ha vore ei altfor omfattande oppgåve for eit slikt format. Men sidan problemstillinga nettopp er å sjå på ideologisk endring langs nokre bestemte politikkområde som er særleg viktige for desse partia, meiner eg analyseverktøyet er relevant og føremålstenleg.

På sitt beste er ideologianalysen ein pragmatisk middelveg mellom kvantitativ innhaldsanalyse og diskursanalyse, og kan slik sett skåre bra både på reliabilitet og validitet: *"Ideational analysis attempts to balance the virtues of counting and interpreting while avoiding the pitfalls of both"* (Bratberg 2011: 12). Men for at dette skal lukkast må ein vere merksam på metodologiske utfordringar. Det fyrste er at analyserammene ikkje må vere for konstruerte, då dette vil legge for sterke føringar for kva ein kjem fram til;

*"Om modellen i själva verket snarare har karaktären av ett resultat är den inget analysverktyg"* (Bergström og Boréus 2005: 172). Dette er ei større utfordring når ein bruker idealtypar enn dimensjonar, men likefullt eit sentralt poeng.

Det andre er tolkingsaspektet. Når ein skal tolke tekst beveger ein seg i spenningsfeltet mellom fleire vitskapsteoretiske tradisjonar. Dess meir spesifisert analysemodellen er, dess meir liknar den kvantitativ innhaldsanalyse, med eit ideal om eit mest mogleg nøytralt observasjonsspråk (Bergström og Boréus 2005: 172). Dess lausare analysemodellen er, og dess meir fortolking som er involvert, dess meir flyttar ein seg over på hermeneutikkens territorium (Gilje og Grimen 1995). Innanfor hermeneutikken rådar ei forståing av at vi alltid tolkar på grunnlag av visse føresetnadar. Forståinga av språk, personlege erfaringar og førestillingar er element vi uunngåeleg tek med oss når eit fenomen skal tolkast. Etter hermeneutisk tradisjon består all fortolking av stadig rørsle mellom det vi skal fortolke, og den konteksten det fortolkast i, eller mellom det vi skal fortolke og vår eiga forforståing. Dette vert kalla den hermeneutiske sirkel: Korleis fenomenet skal fortolkast er avhengig av korleis konteksten vert fortolka, og omvendt (Gilje og Grimen 1995: 153). Denne hermeneutiske tilnærminga er lite brukbar som konkret analyseverktøy (Ryghaug 2002: 309), men grunntanken om å forstå enkeltord utifrå heilskapen og heilskapen utifrå orda, er nyttig å ha med seg inn i ideologianalysen.

For å sikre god reliabilitet er det viktig å ha ei mest mogleg transparent framstilling. Andre forskarar skal kunne gjere same undersøkinga og kome fram til same resultat – den må vere intersubjektiv (Ryghaug 2002: 310). Dette er enklare sagt enn gjort, då alt som ligg bak analysen umogleg kan få plass innanfor rammene av denne avhandlinga. Likevel er det nokre grep som kan betre reliabiliteten. Det fyrste av dette arbeidet vart gjort i teorikapitlet, der analysedimensjonane vart gjort greie for og fundert teoretisk. Deretter er det viktig med ei god operasjonisering av dimensjonane, slik at det er klart kva som skal målast. Til slutt bør målsetjinga vere ei mest mogleg oversiktleg framstilling av analyseresultata. Dette vil eg imøtekome ved å presentere mange døme som underbygg funna, samt ved å nytte meg av det kvalitative analyseprogrammet NVivo.

NVivo gjer det enklare og meir reliabelt å strukturere og systematisere kvalitative data, og gjer at ein kan gå tilbake på seinare tidspunkt å sjå akkurat korleis kvar setning er

koda. Bryman (2008: 565) kallar framveksten av program for handtering av kvalitative data *“one of the most significant developments in qualitative research in the last twenty years”*. Kodinga er gjort ved at eg har nærlest heile partiprogramma fleire gongar og kategorisert setningar utifrå det analytiske rammeverket eg presenterte i kapittel 2. Fyrst ved å gruppere alle delar av teksten som handlar om det eg har definert som til dømes økologisme. Deretter ved å gå gjennom desse setningane for å sjå kva som kan klassifiserast som til dømes grønne skattar og avgifter, redusert forbruk eller forbrukaransvar.<sup>15</sup> Det viktigaste med NVivo er at det mogleggjer ei systematisk klassifisering og handsaming av kvalitative data og gjer analysen meir reliabel, samstundes som det ikkje trugar tolkingsaspektet (Bryman 2008: 567).

Å tolke tekst for samanlikning handlar ikkje berre om det som står, det handlar også om kva som ikkje står. Når partiet vel å utelate eit tema kan det tyde både at det temaet ikkje er sentralt for partiet ved dette valet, og at det dermed ikkje får plass i partiprogrammet. Men det kan også tyde at det er eit ømtolig tema som partiet ikkje nemner for å sleppe å bli konfrontert med eit eventuelt kontroversielt syn på saka. Analysen vil bli strukturert etter dei tre dimensjonane og derunder av dei to partia kvar for seg. Eg vil presentere mi tolking av partia sitt overordna mål for samfunnet før eg ser nærare på verkemidla. Målet med analysen er å i størst mogleg grad underbygge funna med døme frå teksten, men det vil ikkje alltid bli plass til å ha med døme frå alle. Det vil derfor bli behov for å trekke fram nokre program i større grad enn andre. For SF vil dette for det meste vere prinsippprogramma, fordi det er desse som har dei mest grundige gjennomgangane av ideologiske målsettingar. Valprogramma vil bli brukte som supplement for å vise i kva grad dimensjonen speglar aktuelle spørsmål i perioden.

### **3.5 Intervjumateriale**

For å få supplerande bakgrunnsinformasjon om partia si ideologiske utvikling har eg også gjennomført intervju med nokre få sentrale personar i partia. Intervju kan bidra til å gi meir innsikt og oppdatert informasjon om vurderingar som ligg bak ideologisk utvikling (Aberbach og Rockman 2002: 673). I dette tilfellet er målet ikkje å få

---

<sup>15</sup> Lista over kodingar er lagt ved som vedlegg 1, og dei som er interesserte kan dessutan få tilgang til loggen dersom dei etterspør brukarnamn og passord.



faktainformasjon, men ei djupare forståing av korleis programprosessane har skjedd. Materialet vil ikkje bli brukt under analysen, men for å gi tilleggsinformasjon til diskusjonen i etterkant. Informantane er plukka ut utifrå rolla som partisekretærar eller parlamentariske leiarar i den perioden eg undersøker.

Tabell 3.2 Oversikt over informantar.

Informant	Parti	Tittel
1. Ole Hvas	SF	Landssekretær 1995-2001
2. Steen Gade	SF	Parlamentarisk leiar 1991-1997
3. Turid Leirvoll	SF og SV	Partisekretær SV 1993-2001 Landssekretær SF 2002-
4. Bård Vegar Solhjell	SV	Partisekretær 2001-2005 Parlamentarisk leiar 2009-2012

Ved å gjennomføre intervju vil eg få ny kunnskap om årsakssamanhengar som eg ikkje kunne ha fått nokon annan stad. Slik kan intervjuobjekta betraktast som nøkkelinformantar fordi dei har særleg god oversikt over, og innsikt i, spørsmål forskaren søker svar på:

Nøkkelinformanter er altså interessante fordi de er ressurssterke personer som kan belyse en sak eller et fenomen.[...] De er bærere av informasjon og kunnskap som forskeren kan nyttiggjøre seg. Deres egne subjektive opplevelser gir viktige inntak til å forstå, tolke og forklare hendelser og prosesser med utgangpunkt i sammenhenger som også de intervjuede inngår i (Andersen 2006: 279).

Eliteintervju har mange utfordringar, frå å få tilgang på informantane til å få valide resultat (Kvale og Brinkmann 2010: 158). Rubin og Rubin (1995) påpeikar at eliteaktørar kan vere skeptiske og manipulerande, slik at det vert vanskeleg å etablere gode rammer for eit forskingsintervju. Dei kan også ha sin eigen agenda med intervjuet. *"Å tro at eliteinformanter umiddelbart skulle gi oss "sannheten" er derfor i beste fall naivt"*, skriv (Andersen 2006: 288). Men fordi svara intervjuar gir ikkje vert sett på som ei objektiv sanning, men som eit innblikk i korleis sentrale politikarar tenkjer kring ideologiske prosessar i partia sine, meiner eg ikkje dette er eit problem for min indirekte og supplerande bruk.<sup>16</sup>

<sup>16</sup> Intervjuguiden er vedlagt (V.2) og dei som ynskjer kan få tilgang til lydopptak av intervjuar.

## 3.6 Oppsummering

I dette kapitlet har målet vore å meisle ut dei viktigaste metodiske premissane for avhandlinga. Designen er ein fortolkande casestudie, der to parti som har svært mykje til felles utgjer dei to casane. Likskapane i ideologi og opphav mellom SF og SV gjer det fruktbart å analysere dei saman. Målet med samanlikninga er å kaste lys over særtrekk ved dei to casane slik at endringsprosessane kjem tydelegare til syne. Med omsyn til datamateriale, gir ønsket om å analysere partiideologi gode grunnar til å søke mot tekstar og intervju. Kompleksiteten i opphav og ideologi for desse partia, samt at dei er så vanskelege å gruppere, talar for ei inngåande, grundig og fokusert analyse som er klart avgrensa. Partiprogram er valt som analysemateriale fordi dette gir eit oversiktleg og konsistent bilete av ideologisk utvikling slik partia sjølve formulerer det.

# **4 Analyse: Ideologisk utvikling i SF og SV**

## **4.1 Introduksjon**

Denne empiriske analysen skal belyse hovudproblemstillinga for avhandlinga: I kva grad har SF og SV endra seg ideologisk langs dei sentrale ideologiske dimensjonane venstreorientering, økologisme og pasifisme? Føremålet med kapitlet er å bruke tekstanalysen til å teikne eit bilete av den ideologiske utviklinga til partia. Drøfting av resultata i høve til dei empiriske forventningane, samt diskusjon rundt drivkrefter bak endringa kjem i neste kapittel. Kapitlet er strukturert etter dei tre dimensjonane. Under kvar dimensjon vil eg diskutere kvart av dei to partia for seg og skilje mellom overordna mål og verkemiddel.

## **4.2 Økonomisk venstreorientering**

Å plassere seg til venstre i økonomiske spørsmål er, som vi har sett, eit sentralt element i opphavet og ideologien til SF og SV. I kapittel 2 viste eg at denne dimensjonen mellom anna kan målast i synet på marknaden og synet på privatisering. Det eg ynskjer å svare på i denne delen er dermed: Korleis har SF og SV utvikla seg i høve til venstreorientering i perioden, særleg når det gjeld synet på regulering av marknaden og offentleg eigarskap? Eg tek til med ein gjennomgang av korleis partia sine overordna visjonar for samfunnet er, og korleis dei ser føre seg samfunnsendring, fordi dette utgjer grunnlaget for den økonomiske politikken til partia.

## 4.2.1 Utvikling i Socialistisk Folkeparti

### Overordna mål og samfunnssyn

Målet for SFs økonomiske politikk er ei betre fordeling av godane i samfunnet og ei utjamning av skilnadane mellom fattige og rike. Det går att i alle partiprogramma frå 1990 til 2011. Kritikkk av dagens samfunnsstruktur er også eit gjennomgåande trekk. Kapitalismen får skulda for dei skeive makttilhøva og dei aukande miljøproblema, både i Danmark og i verda elles. Heile vegen blir det framheva at ein berre kan nå dei sosialistiske måla ved ei omlegging av samfunnsstrukturen:

Men utviklingen kan ændres – hvis vi vil. Det forudsætter et opgør med kapitalismen og folkelig opbakning bag en ny social udvikling, hvor hensynet til menneskelig og social udvikling og ansvarlighed overfor miljøet vejer tungere end kortsigtede økonomiske interesser (SF 2003: 1).

I SFs programarbeid er det inga stor endring å spore i det overordna synet på den økonomiske innretninga av samfunnet. Både i prinsippprogrammet frå 1991 og i det nyaste frå 2012 kan ein finne krass kritikkk av kapitalismen og eit uttalt behov for ei økonomisk omforming av samfunnet.

I synet på *korleis* samfunnet skal endrast frå ein kapitalistisk til ein sosialistisk samfunnsstruktur er det derimot ei tydeleg utvikling i perioden. Her finn eg at partiet har flytta seg mot sentrum når det gjeld korleis den sosialistiske omforminga skal skje. I prinsippprogrammet frå 1991 kjem det fram at samfunnet SF ynskjer krev "*en revolutionær, d.v.s. fundamental omdannelse af den kapitalistiske magtstruktur*" (SF 1991: 13). Det er lagt vekt på at det skal vere ein demokratisk prosess, men likevel er det tydeleg at "[d]er er tale om en grundlæggende omformning, dvs. en revolution" (Ibid.: 15). Det same kjem fram i 2003, men sagt på ein litt annan måte: Ein føresetnad for det samfunnet SF ynskjer er ein "*revolutionær proces, hvor et flertal i befolkningen gradvist afskaffer kapitalismen*" (SF 2003: 4). Her er det altså lagt meir vekt på det demokratiske aspektet, ved at eit fleirtal av folket skal syte for denne omdanninga. Sjølv om det demokratiske aspektet er sentralt i heile perioden, kjem det betre til uttrykk i 2003.

I det nyaste prinsippprogrammet er ordet "*revolutionær*" borte frå programmet. No står det i staden at "*SF ønsker at gennemføre en grundlæggende forandring af Danmark, Europa og verden, baseret på solidariske værdier*" (SF 2012: 1) og at "*SF ønsker en*

*grundlæggende ny indretning af samfundets økonomi, som giver indflydelse til de mange"* (Ibid.: 5). Eg tolkar dette som bevisst språkbruk som tyder på at SF har flytta seg mot sentrum av venstreorienteringsdimensjonen. Det har partiet gjort ved å no snakke om "grunnleggande" i staden for "revolusjonær" forandring, og ei "ny innretning" i staden for ei "fundamental omdanning".

Endemålet for samfunnsutviklinga er det same i 2012 som i 1991, men måten utviklinga skal skje på har altså endra seg. Det kan ein forstå på ulike måtar. På den eine sida er det uttalte, overordna målet stadig ei omlegging av den økonomiske maktstrukturen i samfunnet frå kapitalistisk til sosialistisk. Dermed er det inga endring. Men på den andre sida kan forskyving mot sentrum i endringsform også tyde på at lista er lagt lågare for kva samfunnsendringa skal resultere i: Dersom ein tenker seg at mål og endringsform heng saman og er avhengig av kvarandre, vil fråveret av "*revolutionær*" i 2012 også bety at målet er mindre revolusjonært. Dermed kan ein forstå det overordna målet som endra fordi ei "*grunnleggande ny innretning av samfunnets økonomi*" er ein mildare, eller meir sentrumsorientert form av det tidlegare målet om ei "*revolusjonær, fundamental omdanning av den kapitalistiske maktstruktur*". Derfor er det rom for å snakke om ei viss sentrumsrørsle i venstreorientering målt i overordna mål for samfunnet.

Inntrykket vert forsterka av at ein kan spore eit meir positivt ordelag i skildringa av kapitalismen i dei seinare programma i høve til dei tidlegare. I 2003 vert det framheva at "*[k]apitalismen er det samfundssystem, der til dags dato har sikret de fleste goder og den største materielle rigdom*" (SF 2003: 13). Sjølv om kritikken som fylgjer er tydeleg, er sitatet ovanfor også ei anerkjening. Det same kan ein finne i 2012:

Kapitalismen har skabt øget velstand og produktivitet, men den har også skabt stor ulighed og social uretfærdighed, hvor et velstående mindretal har den afgørende kontrol med økonomi og produktion, og hvor mange mennesker udstødes (SF 2012: 1).

Denne nedtoninga av den mest venstreorienterte retorikken er eit gjennomgåande trekk i dei nyaste programma. I programmet frå 1991 kunne eg ikkje finne ei anerkjening av kapitalismen slik eg finn i 2012. Kritikken av kapitalismen som samfunnssystem og behovet for ei grunnleggande samfunnsendring er framleis med, men desse synspunkta er mindre einsretta og meir pragmatiske utover i perioden. Ved å fyrst erkjenne at det kapitalistiske systemet har noko føre seg, for deretter å kritisere det, framstår partiet

dermed meir sentrumsretta enn tidlegare. SF ser ut til å gradvis legge meir vekt på retninga samfunnet utviklar seg i enn å diskutere korleis ein skal kome dit. Dette kan tyde på ei endring i meir pragmatisk retning.

### **Offentleg eigarskap og marknadsregulering**

Som vist i teorikapitlet er offentlig eigarskap av produksjonsmidla av dei sterkaste indikasjonane på venstre- eller høgreorientering i økonomisk politikk. Utviklinga til SF på dette punktet er prega av ei viss nedtoning i nyare tid. I prinsippprogrammet frå 1991 er det sett av god plass til temaet offentlig eigarskap, og det kjem fram at *"forskellige former for fælleseje til produksjonsmidlerne og finansielle selskaber er den vigtigste ejerform"* (SF 1991: 8). Målet er eit *"demokratisk-socialistisk samfund"*, der:

[...] det økonomiske liv er præget af demokratisk og kollektiv råderet over produksjonsmidlerne. Disse vil være domineret af forskellige former for fælleseje, men også med et væsentligt islæt af privateje, og i alle tilfælde med medarbejderne i en afgørende, ansvarlig magtposition (virksomhedsdemokrati)" (Ibid.).

I 2003 vert det brukt enda meir plass på behovet for offentlig felleseige og utdjupa kvifor privat eigarskap er eit vonde: At eigedomsretten av produksjonsmidla er privat fører til forskjellige former for utbytting, underordning og undertrykking (SF 2003: 5). SF meiner også at velferdssamfunnet er under sterkt press. For det fyrste grunna ideologisk aksept av større ulikskap. For det andre frå ein *"udbredt og ukritisk brug af markedslignende instrumenter i organiseringen af den offentlige sektor, som f.eks. privatiseringer"* (Ibid.). SF ynskjer derfor å *"afvikle markedsmekanismerne på vigtige dele af samfundslivet"*. Det gjeld mellom anna i fordelinga av velferd og helse, som i staden skal fordelast etter meir medmenneskelige og demokratiske kriterium. Marknaden må dessutan underleggast ei politisk regulering som medverkar til at omsyn til samfunnet veg tyngre enn omsyn til marknaden:

Ved anvendelse af redskaber som konkurrenceregulering og monopollovgivning, miljøafgifter, forbud/påbud, arbejdstagerrettigheder, sociale minimumsstandarder, arbejdsmiljøkrav etc. skal adfærden på markedet ændres fundamentalt. Det skal være demokratisk valgte politikere, som fastlægger rammer og spilleregler (SF 2003: 23).

I 2012 er denne type krav og kritikk tona ned. Her kjem det tydeleg fram at *"produktionen baseres på markedøkonomiske principper"* (SF 2012: 5) – sjølv om den skal vere underlagt regulering.

Det er verdt å merke seg at leddsetninga frå 1991 om eit *"islæt af privateje"* også er inkludert i 2003. Det sosialistiske samfunnet skal vere prega av ulike former for felleseige over den finansielle sektor, men *"[d]er vil dog også være et islæt af privateje"* (SF 2003: 3). At denne setninga er med i dei to fyrste prinsippprogramma, men borte i 2012, er det verdt å dvele litt ved. Fordi "islæt" tyder eit innslag av, eller noko som inngår som ein mindre del av noko anna, kan det tolkast som ei formulering som i liten grad legg vekt på det private og marknaden si rolle. I 2012 står det i staden at:

Vores vision er en demokratisk styret, socialistisk og grøn markedsøkonomi, som er præget af, at ejerskabet over virksomhederne bredes ud, mere offentlig kontrol med vitale sektorer, demokratiske prioriteringer i økonomien og medarbejdernes indflydelse på virksomhederne. SF er tilhænger af en **styret markedsøkonomi** [...] (SF 2012: 2, mi utheving).

Grunnprinsippet kan altså seiast å vere det same i alle dei tre prinsippprogramma som er analyserte; Det står også i 2012 at det sosialistiske samfunnet mest grunnleggande kan sikrast ved at *"ejendomsretten til produktionsmidlerne og de fælles ressourcer bredes ud"*. Skilnaden er at det ikkje lenger skal vere *"dog et islæt af privateje"*, men ein marknadsøkonomi med ein målretta offentleg kontroll og eit breitt eigarskap av produksjonsmidla. Dette tolkar eg dit at vekta er flytta: Frå å forfekte offentleg eigarskap med eit innslag av privateige, talar ein no for ein styrt marknadsøkonomi med eit innslag av regulering. Trass i denne "retoriske oppmjukinga" av standpunktet til offentleg eigarskap i 2012 i høve til tidlegare, er det likevel tydeleg at SF ynskjer at dei mest vitale sektorane skal vere underlagt offentleg eigarskap. Dette gjeld mellom anna helse, infrastruktur og de *"dele af økonomien, hvis fortsatte og uafbrudte funktion er nødvendig for, at samfundet skal fungere"* (SF 2012: 5).

Arbeidsprogramma stadfestar inntrykket frå prinsippprogramma om ei viss helling mot sentrum av den økonomiske dimensjonen, sjølv om det her varierer meir kor mykje plass SF bruker på offentleg eigarskap og marknadsregulering.<sup>17</sup> I det nyaste valprogrammet kjem det fram ei større vilje til å legge til rette for den private sektor. Årsaka er den store arbeidsløysa og behovet for å skape nye arbeidsplassar. Derfor ynskjer partiet å prioritere:

---

<sup>17</sup> Årsaka er formatet til dei danske arbeidsprogramma som vart problematisert i kapittel 3.3.2.

Et investeringsvindu til private virksomheder, der ved hjælp af en skattefordel her og nu gør det mere attraktivt at investere i nye maskiner og dermed øge produktionen og skabe nye arbejdspladser i Danmark (SF 2011: 12).

Denne typar fråsegn finn eg ikkje i programma frå 1990-talet. Ei anna endring er at krav og kritikk mot markanden og private krefter er tona ned i høve til dei tidlegare programma. Dette understrekar inntrykket av endring. Likevel kjem motstanden mot privatisering av velferdstenester fram også i dei nyaste programma, mellom anna gjennom kritikk av regjeringa si favorisering av private sjukehus:

SF ser på sundhedsområdet som en offentlig opgave, hvor alle skal have samme muligheder. Derfor er SF imod private hospitaler og forsikringsordninger, der ofte er forbeholdt de velstillede og som trekker personale væk fra de offentlige sygehuse (SF 2007: 10).

Vi vil gøre op med, at de private sygehuse favoriseres og tildeles en nøglerolle i sundhedsvæsenet. Et stærkt offentligt sygehusvæsen er den bedste garant for lige adgang til sundhed for alle (SF 2011: 17).

Dette synet er konsistent gjennom perioden, og det er ikkje råd å finne konkrete fråsegner på at partiet aksepterer privatisering av sentrale sektorar som tradisjonelt har vore under offentleg kontroll. Men andre, nyare delar av samfunnslivet kan vere i privat eige dersom dette gagnar økonomien og syt for arbeidsplassar. Denne forskyvinga av kva partiet vel å legge vekt på, frå offentleg eigarskap med innslag av privateige – til marknadsøkonomi med innslag av regulering, illustrerer slik eg ser det ei gradvis forskyving mot sentrum av venstreorienteringsdimensjonen.

## **Oppsummering**

På bakgrunn av analysen av dei to fyrste prinsippprogramma, frå 1991 og 2003, er det overordna inntrykket at SF ligg stabilt ute mot ytterpolen av dimensjonen. På enkelte område framstår partiet vel så radikalt i 2003 som i 1991. Prinsippprogrammet frå 2012 skil seg derimot klart ut frå dei to føregåande i grad av venstreorientering: Sjølv programmet er langt kortare med færre lange utgreingar om det kapitalistiske samfunnet, setningar som har vore med i begge dei to fyrste er kutta bort, og partiet har flytta seg meir mot sentrum. Arbeidsprogramma viser den same tendensen, og særleg det siste valprogrammet frå 2011 er annleis enn dei andre, med ein meir reindyrka profil inn mot fire utvalde politiske saker: arbeid, utdanning, helse og miljø.



Av konkrete endringar kan det nemnast at SF har gått frå å snakke om "*revolutionær omdannelse*" til "*grundlæggende ny indretning*" av det kapitalistiske samfunnet. Det meiner eg er eit funn som kvalifiserer til ideologisk endring fordi endringsform her er tett knytt til endringsmål. Ved å gå vekk frå å snakke om ei revolusjonær omvelting, legg partiet lista lågare for kva samfunnsendringa skal vere. Derfor seier det også indirekte noko om det overordna synet på samfunnet. I tillegg har endringa skjedd i kjernen av det som har vore ein identitetsmarkør frå SFs sosialistiske, venstreorienterte utgangspunkt. Inntrykket av sentrumsdreiinga vert støtta i analysen av verkemiddelbruk ved at SF har gått frå å snakke om "*islæt af privateje*" til å snakke om ein styrt marknadsøkonomi med eit innslag av regulering. Den aukande anerkjenninga av marknadskreftene si rolle i samfunnet peikar også mot ideologisk endring. Konklusjonen er derfor at SF har vorte mindre venstreorientert; noko i overordna mål, men mest i synet på offentleg eigarskap og marknadsregulering som verkemiddel.

## 4.2.2 Utvikling i Sosialistisk Venstreparti

### Overordna mål og samfunnssyn

SV sitt overordna mål for samfunnet er meir konsistent gjennom perioden enn for SF. Målet med den økonomiske politikken til SV i 1989 var fyrst og fremst å skaffe nok arbeid til alle, samt å fordele arbeid, inntekt og levekår betre. Ein kritikk av eit kapitalismestyrt samfunn og eit grunnleggjande behov for endring går igjen i SV sine program, med mykje av det same innhald som i SF sine. Det overordna målet for det sosialistiske samfunnet vert skildra slik i det fyrste programmet:

For SV er økonomisk demokrati både en del av vårt sosialistiske mål, og en del av den sosialistiske prosessen. I denne prosessen gjelder det å redusere kapitaleiernes innflytelse i bedrifter og i samfunnet. SV mener at de som skaper verdiene også skal forvalte dem, og at samfunnet må få større muligheter til å styre økonomien (SV 1989: 9).

Derfor går mange av forslaga i arbeidsprogrammet på samfunnsstyring av næringslivet og marknaden, men det kjem ikkje like godt fram *korleis* denne sosialistiske prosessen skal gå føre seg. Dette vert imidlertid utdjupa i prinsippprogrammet frå 1995. Fordi Noreg ikkje åleine kan skjerme seg frå den rådande verdsøkonomien, trengs det ei global økonomisk omlegging der "*arbeidsdelinga i det kapitalistiske verdensmarkedet legges om*" (SV 1995: 43). Det må skje ei parallell utvikling i mange land samstundes

fordi "[d]et er vanskelig å tenke seg at ei radikal omforming av samfunnet kan skje i et land aleine" (Ibid.). Det overordna målet for samfunnet i 1995 kjem til syne slik:

Vi ønsker et sosialistisk samfunn bygget på andre interesser og verdier og andre behov enn de kapitalismen fremmer. [...] SVs visjon er at kapitalisme og uhemma markedskrefter erstattes av solidaritet, rettferdig fordeling, miljøhensyn og utvida økonomisk og politisk demokrati (SV 1995: 4).

Kritikken av kapitalismen vert heldt ved lag i alle dei påfølgjande programma. Kapitalismen får skulda for mykje av det som ikkje er bra i dagens samfunn, og behovet for ei radikal omforming er stadig vektlagt. Tittelen på arbeidsprogrammet frå 1997 er "*Folkemakt mot pengemakt*" og her er SVs visjon at "*kapitalisme og pengemakt erstattes av solidaritet, rettferdig fordeling, vern om miljøet og et mer levende demokrati*" (SV 1997: 2). Argumentasjonen går på at kapitalismen fører til auka ulikskap i samfunnet, men også at omsynet til naturen må vege tyngre:

Det er tid for en ny kurs. Vårt mål er et sosialistisk samfunn. Dagens markedsliberalistiske system må erstattes av et samfunn der råderett over ressursene er underlagt demokratisk styring (SV 2005: 7).

Det kreves en radikal omfordeling av makt og ressurser og en ny økonomisk verdensorden der hensynet til naturens tålegrense setter rammen for alle beslutninger i samfunnet (SV 2011: 3).

Dette viser at det uttalte overordna målet om at samfunnet må leggast om, er gjennomgåande stabilt frå 1989 til 2011. Ikkje i noko av programma til SV er det nemnt at omveltinga skal skje på revolusjonerande vis, slik vi såg i programma til SF. Men det er verdt å legge merke til at SV også i 2011 snakka om ei "*radikal omfordeling*", og det er dermed ingen teikn på endring i korleis SV ser føre seg samfunnsendring i løpet av analyseperioden. Ei endring ein kan finne er eit større fokus på klassemotsetnadar og ein tydelegare sosialistisk profil i 1995 i høve til i 2011. Nokre døme på slik retorikk er:

Utfordringene lar seg ikke møte av en klasse aleine. Skal forandring skje, må den kjempes gjennom av en allianse av lønnstakere både i arbeiderklassen og mellomlaga, av sjølsysselsatte og de som står utenfor arbeidslivet (SV 1995: 68).

Som moderne sosialister vil vi utvide den innsikten Karl Marx utvikla om industrikapitalismen med ny kunnskap om økologi og forskning om dagens informasjons- og kunnskapssamfunn (SV 1995: 75).

Dette illustrerer eit sterkare tilknytning til konvensjonell sosialistisk terminologi i 1995. Eg meiner likevel ikkje det kvalifiserer til ideologisk endring fordi denne retorikken heller ikkje er fråverande i 2011. Til dømes står det at: "*SV arbeider for et samfunn uten*

*klasseforskjeller der den enkelte yter etter evne og får etter behov" (SV 2011: 5). Men det er mykje lenger mellom desse referansane i det nyaste programmet. Det overordna synet på samfunnet må derfor likevel seiast å vere prega av stabilitet; Framleis kan ein seie at SV ligg mot ytterpolen av dimensjonen når det gjeld overordna samfunns mål.*

## **Offentleg eigarskap og marknadsregulering**

Offentleg eigarskap var eit av grunnprinsippa i SV sin økonomiske politikk i dei fyrste programma. I 1989 er det eit særleg stort fokus på motstand mot privatisering innanfor helse og utdanning.

Det offentlige skal ha ansvaret for alle helse- og sosialtjenester. SV går mot kommersielle helsetjenester (SV 1989: 43).

Økende privatisering i skoleverket truer lik rett til utdanning. [...] SV går imot at ressurser fra det offentlige skoleverket overføres til privat skoledrift, og vil arbeide for å endre privatskoleloven slik at flest mulig ressurser beholdes i det offentlige skoleverket (SV 1989: 53).

Desse to standpunkta fekk mykje plass i 1989. I tillegg er det stor motstand mot private gardeigarar på bustadmarknaden, privatisering av kommunale tenestar, private bankar, private kinoar og privatisering av kulturtilbod for å nemne noko. I det heile tatt kjem det til syne ein sterk motstand mot privat eigarskap i programmet 1989-1993. Den einaste staden der det private er omtalt som positivt er i ei setning om folkehøgskular, som er *"gode pedagogiske supplement til det offentlige skoleverk og som vil få SVs støtte også i framtida"* (SV 1989: 53).

I prinsippprogrammet frå 1995 held kritikken av privatisering fram, men med eit meir utfyllande og nyansert tillegg. Her er det tydelegare at partiet ikkje ynskjer eit samfunn utelukkande styrt av det offentlege:

Heller ikke i vårt land har statlig eierskap uten videre gitt folkemakt. Verken marked eller byråkrati gir aleine løsnings. Vi må arbeide fram mot en treleddet økonomi med offentlig virksomhet, privat virksomhet og en tredje sektor, bygd på samvirke og frivillig organisering (SV 1995: 61).

I tillegg står det at *"[s]tat, fylker og kommuner kan eie og drive nøkkelbedrifter dersom disse er av spesiell samfunnsmessig interesse"*, men at det utover dette er rom for privat eige. Dette skil seg frå retorikken i programmet frå 1989 der det ikkje står noko om å legge til rette for private løysingar (med unntak av private folkehøgskular). Skilnaden handlar ikkje så mykje om å endre standpunkt, men meir om at ein opnar opp for, og i

større grad synleggjer at også privat eigarskap har ein sjølvstendig plass i samfunnet. Denne synleggjeringa vert tydelegare utover i perioden. I arbeidsprogrammet 2005-2009 meiner SV mellom anna at:

Det viktige skillet går ikke mellom "offentlige" og "private" løsninger, men mellom virksomhet som er rettet inn på å tjene fellesskapet, og bedrifter som sikrer profitt for et mindretall (SV 2005: 20).

Dette illustrerer korleis SV går frå å konsekvent vere i mot private innslag til å opne for privat eigarskap der det er til det beste for samfunnet og der sentrale velferdsgodar ikkje er truga. Til saman finn eg fleire utsegner som kan kategoriserast som ei godtaking av privat eigarskap utover i perioden, noko som viser ei sentrumsorientering langs denne dimensjonen. Men sjølv om dei nyaste programma opnar opp for det private på nokre område, er retorikken mot privatisering av offentlege velferdsgodar like klar:

En sterk offentlig sektor er nødvendig for å kunne styre samfunnets ressurser til beste for folk flest. SV sier derfor nei til privatisering av offentlige oppgaver og selskaper. Privatiserte eller delprivatiserte selskap bør føres tilbake til offentlig eie (SV 2005: 10).

Det er et offentlig ansvar å sørge for velferd for alle. Større innslag av private tilbydere av velferdstjenester bidrar til å undergrave dette ansvaret, og svekker den demokratiske styringen av tilbudet (SV 2011: 7)

Synet på marknadsregulering viser same tendensen som synet på privatisering: Ei viss dreining mot sentrum i dei nyaste i høve til dei eldste programma. Dei fyrste programma er prega av ein einsretta kritikk mot marknadskreftene, men etterkvart vert det tydeleg at SV anerkjenner desse kreftene sin plass i samfunnet. Eit døme på den sterke kritikken finn ein i programmet 1997-2001, der fyrste side startar med overskrifta "*Frihet fra markedstvang*", og der budskapet er at:

Den enkeltes liv og hverdag påvirkes av en pågående og aggressiv markedsøkonomi. [...] I ei tid hvor den norske og internasjonale kapitalismen blir stadig råere, trengs et sosialistisk parti med mot til å stille seg i spissen for en folkelig kamp mot raseringa av de goder den norske arbeiderbevegelsen gjennom århundres kamp har tilkjempa seg, og som tør å gjenreise visjonen om et samfunn bygd på samarbeid og solidaritet (SV 1997: 1).

Dette reflekterer på mange måtar inntrykket frå dei fyrste arbeidsprogramma. Det nyaste prinsippprogrammet gir derimot eit døme på korleis SV framstår mindre dogmatisk ved å opne meir opp for marknadsmekanismane i samfunnet:

Et sosialistisk samfunn har behov for så vel sentral planlegging som markedsmechanismer. [...] På en del områder er likevel et marked den beste måten å organisere forholdet mellom konsumenter og produsenter. Utjevning av økonomiske forskjeller vil gjøre at markedet i langt større grad vil reflektere ulike ønsker og behov, og ikke først og fremst ulik kjøpekraft som i dag (SV 2011: 20).

SV godtek altså at marknadsmekanismer er naudsynnte gjennom heile perioden, men langt tydelegare i nyare tid. Noko av det same som kom fram under utviklinga i synet på privat eigedom kjem fram også her: Nokre politikkområde, som skular og sjukehus, må haldast utanfor marknadskreftene, men på andre område kan det i større grad opnast for marknadsmekanismer.

### **Oppsummering**

Analysen viste stor grad av stabilitet i det overordna målet for den økonomiske politikken til SV. Målet er heile vegen å erstatte det kapitalistiske økonomiske systemet med eit sosialistisk samfunn basert på berekraft, solidaritet og demokrati. Argumentasjonen endrar seg noko utover i perioden, med mindre vekt på klasse-motsetnadar og andre klassiske sosialistiske trekk, men ikkje nok til at det kan kallast ei ideologisk endring. Det overordna inntrykket er at SV dermed har ligge stabilt mot ytterpunktet av venstreorienteringsdimensjonen.

Når det gjeld synet på marknaden og privatisering finn eg ei viss orientering mot sentrum av dimensjonen fordi SV opnar meir og meir opp for plassen privat eigarskap og marknadsmekanismer skal ha i samfunnet. I dei fyrste programma var motstanden mot private krefter stor på nær alle område, men i dei nyaste programma handlar det stort sett om motstand av privatisering av velferdsgodar. Mange utsegner ligg framleis langt til venstre, men stadig fleire kan samstundes plasserast meir mot sentrum, slik at ein har fått eit større ideologisk spenn. Ein kan derfor snakke om ei viss ideologisk endring i verkemiddel, men endringa er noko mindre tydeleg enn den var hjå SF.

## 4.3 Økologisme

I teorikapitlet vart skilnaden mellom økologisme og den mindre radikale utgåva *environmentalism* sagt å ligge særleg i kva grad partiet ynskjer ei fundamental omlegging av samfunnet der miljø går framfor økonomi og der økologisme framstår som ein heilskapleg ideologi. Det er altså ikkje i kva grad miljøengasjementet er til stades eg her måler, men engasjementet sitt omfang og form – i kva grad SF og SV har ein særeigen miljøpolitisk profil. Verkemiddel som har rot i Ny politikk er brukt som indikatorar for å seie noko om SF og SV si miljøpolitiske utvikling og om den overordna kan karakteriserast som økologisme.

### 4.3.1 Socialistisk Folkeparti

#### Omfang og overordna mål

Miljø er eit høgt prioritert område for SF slik det kjem fram gjennom partiprogramma. Kor mykje plass partiet bruker på temaet varierer frå rundt 10 til rundt 25 prosent, men utan ein kronologisk nedgang eller oppgang i utviklinga.<sup>18</sup> Overordna er utviklinga prega av stabilitet. Visjonen er heile vegen eit samfunn som set grønne verdiar framfor kapitalistiske, og miljø er fletta inn i dei fleste delar av programma, som skatte-, nærings-, samferdsels- eller tryggingsspolitikk.

I programmet frå 1990 er pasifisme den saka som er sterkast knytt til miljøpolitikk. For SF heng desse to Ny politikk-områda tett saman. Under overskrifta "*Fra militær til miljø*" er oppmodinga klar: "*Skær ned på militæret og brug milliarderne til miljøforbedringer*" (SF 1990: 5). Her går partiet gjennom korleis nedrusting kan kome miljøet til gode, både gjennom store kutt i militærbudsjettet, men også ved andre tiltak: "*For eksempel kan flyvevåbenet og dele af flåden bruges til at kigge efter overtrædelser af miljøregler*" (Ibid.). SF viser slik at partiet ynskjer ein ny måte å tenke på, både når det gjeld økologisme og militarisme, og at det trengs ei fundamental omlegging om miljømåla skal nåast. Målet er eit sosialistisk samfunn der: "*hensynet til menneske og natur konsekvent sættes over hensynet til kapital og ting, dvs. hvor den økologiske balance og arbejdsmiljøet er sikret*" (SF 1990: 8).

---

<sup>18</sup> Sjå kapittel 3.4.2 for utgreiing om korleis dette er berekna og vedlegg 1 for oversikt over kodingar.

Programmet frå 1998 viser enda betre enn i 1990 at SF krev ei radikal omlegging av samfunnet i grøn retning. Her er miljø- og klimaproblem sett på som dei største utfordringane i dagens samfunn. Løysinga på problema er ei drastisk endring i måten vi forbruker på, samstundes med at vi må *"gribe fat i hele den miljøffjendske måde, vi producerer og transporterer på"* (SF 1998: 8). SF ynskjer altså begge deler: Både meir politisk- og økologisk bevisste forbrukarar, og ei omlegging av økonomien og industrien for å endre utviklinga:

Men det er ikke tilstrækkelig med en ny økonomisk verdensorden. Vi er nødt til også i Danmark at ændre vores levevis og bygge på en ny vækstmodel, der satser på grøn omstilling af produktion og forbrug. Vores materielle levestandard skal ned, og i stedet skal vi satse på kvalitet og tid i stedet for ting (SF 1998: 13).

Dei to nyaste valprogramma til SF har også eit sterkt og tydeleg miljøfokus. Programmet frå 2007 tek føre seg eit breiare utval politikkområde enn tidlegare, men miljø får igjen mest plass. Her er det langt meir snakk om klimautfordringar enn tidlegare. Det vert slått fast at *"[k]limatruslen er en realitet og skal bremses"* (SF 2007: 3), og understreka at det hastar. Visjonen er dessutan at miljøomsyn *"integreres i alle politikområder"* og at Danmark skal vere eit *"udstillingsvindue for avanceret miljøteknologi"* (Ibid.: 9). Teknologiaspektet vert meir vektlagt enn tidlegare og i 2011 vert fokuset på Danmark som føregangsland utdjupa i arbeidsprogrammet. Visjonen er å gjere Danmark grønare og verte *"det mest ambitiøse land i verden når det handler om at omstille vores samfund i klimavenlig retning"*. Det er dessutan eit uttalt mål at *"næste generation kan være uafhængige af olie, kul og gas til el og opvarming"* (SF 2011: 31).

Prinsippprogramma gir mykje same inntrykket som valprogramma. *"Industrisamfundets uansvarlige vækst og udpining af de naturlige ressourcer har medført en fare for et økologisk sammenbrud, der truer selve Jordens eksistens"* står det i det fyrste prinsippprogrammet (1991: 4), før det vert utdjupa:

Økonomisk vækst i traditionel forstand vil ikke længere være muligt. Opgaven i 90erne bliver derfor en grundlæggende omstilling af produktion, vaner og forbrug for at sikre en økologisk bæredygtig udvikling. Den nuværende måde at forbruge på i vor del af verden kan ikke fortsætte (Ibid.).

Mange gongar vert det gjentatt at omsynet til, og balansen med, naturen må kome før økonomisk vinning. Eit av forslaga går på å innføre eit nytt økonomisk/økologisk

berekningsystem kalla grønt BNP. Dette skal syte for at økologiske problem alltid er ein del av økonomiske modellar som vert brukte i den offentlege debatten og av *"beslutningstagere på alle niveauer"* (SF 1991: 41). Dette viser kor gjennomgripande SF meiner miljøspørsmålet bør vere i alle delar av politikken og samfunnet.

Det grønne aspektet er heilt sentralt også i skattepolitikken til SF, og det blir ofte meir lagt vekt på miljøomsynet enn ulikskapsomsynet når skattepolitikken omtalast: *"Skatte- og afgiftspolitik skal give større incitamenten til produktion og forbrug af miljøvenlige produkter og til besparelser på energi- og ressourceforbruget"* (SF 2003: 19). Dette illustrerer eit anna gjennomgåande trekk ved SF: den tette koplinga mellom miljø- og økonomisk politikk. Haldninga er at miljøproblema grunnleggande endrar livsvilkåra på jorda, og at utviklinga berre kan endrast gjennom ei omforming av den rådande økonomiske modellen i samfunnet:

Det forudsætter et opgør med kapitalismen og folkelig opbakning bag en ny social udvikling, hvor hensynet til menneskelig og social udvikling og ansvarlighed overfor miljøet vejer tungere end kortsigtede økonomiske interesser (SF 2003: 1).

Tilsvarande standpunkt vert fremja i det nyaste prinsippprogrammet frå 2012: På lang sikt trugar klimakrisa heile menneskeheita, og store endringar kan berre skje ved ei *"grundlæggende grøn omstilling af hele økonomien"* (SF 2012: 4). At sosialisme- og miljøsynet til partiet heng så tett saman, vert tydelegare utover i perioden. Denne utviklinga stadfestar økologisme som ein definerande og berande del av SF sin ideologi og identitet. Likevel er utviklinga i det overordna målet innan økologisme fyrst og fremst prega av stabilitet på den måten at partiet sitt overordna miljøsyn ligg langt ut mot økologismepolen.

## **Verkemiddel**

Det overordna målet er altså konsistent utover perioden, men korleis argumenterer partiet for å nå dette målet om eit grønare samfunn? I alle programma finn eg klart flest argument som kan klassifiserast som Ny politikk.<sup>19</sup> Heilt frå byrjinga av er det eit tydeleg fokus på at folk flest må redusere forbruket sitt, og at det må leggest betre til rette gjennom merking av varer slik at forbrukarane kan ta eit større ansvar for miljøet.

---

<sup>19</sup> Oversikt over indikatorane vart presentert i tabell 2.1.



Av Gammal politikk-verkemiddel finn eg mest argumentasjon om at skattar og avgifter må aukast for å betre miljøet. Mottoet er at det skal vere dyrt å forureine, men det kjem ikkje alltid fram om dei auka skattane og avgiftene skal kompensert for med lågare skattar andre stadar. Det finst også nokre forslag som går på ein strengare lovgjevnad. *Policy*-forslaga er likevel lite konkrete når det gjeld korleis ein skal utforme lovene. I 1991 heiter det til dømes at

[d]er skal snarest muligst laves en lovgivning, der sikrer råstoffernes cirkulation således, at ethvert produkt efter endt levetid skal kunne anvendes som råstof i en ny produktion (SF 1991: 42).

Utover dette handlar det om å forby miljøfarlege stoff i varer. Det er påfallande at det ikkje er råd å finne miljøargument knytt til offentleg eigarskap i nokon av dei sju SF-programma som er analyserte. I 2012-programmet finst det dessutan ikkje noko forslag som kan karakteriserast som Gammal politikk-verkemiddel, verken når det gjeld offentleg eigarskap, nye lover og reguleringar eller auka skattar og avgifter.

Ny politikk-verkemiddel finn eg derimot i alle programma. Særleg omhandlar mange forslag at forbruket må ned, både *"hjemme og på arbeidsplassene"*. Dei fyrste åra handlar det mest om å minke energiforbruket og bruken av fossilt brennstoff. Oppmodinga er gjerne retta mot enkeltindivid, og det dreiar seg om ei haldningsendring i høve til korleis ein ser på ressursane: *"Alle mennesker skal utvikle og udvise en langt højere grad af personlig ansvarlighed i omgang med ressourcerne"* (SF 1991: 42). Argumentasjonen for mindre forbruk sameiner fleire viktige politiske saker for SF. I tillegg til miljøgevinsten er det naudsynt å endre forbruksmønsteret *"i solidaritet med de fattige lande"*:

Det er derfor uomgængeligt, at økonomisk udvikling i den fattige del af verden ses i sammenhæng med et mindre energiforbrug og en mindre miljøbelastende økonomisk aktivitet hos os i den rige verden (SF 1998: 12).

Grøne skattar og avgifter er også eit verkemiddel som vert argumentert for i alle valprogramma til SF. Det blir vektlagt at miljøskatten skal kompensert for folk med låg eller mellomstor inntekt gjennom skattesystemet:

Det er helt afgørende, at miljøhensynet kobles med en social ansvarlighed – miljøpolitikken skal indrettes, så den ikke skaber større social og økonomisk ulighed. Miljøbeskatning skal derfor kompenseres for folk med lave eller mellemstore indkomster gennem f.eks. skattesystemet (SF 2003: 20).

Her ser vi igjen korleis den raude og den grønne politikken vert sameina i programma til SF. Dei fleste gongane det vert tatt til orde for miljøavgifter og skattar, vert det presisert at dei samla skatteutgiftene ikkje nødvendigvis skal bli større, men at skattane og avgiftene skal direkte inn på den miljøfarlege åtferda.

Også forbrukaransvar er eit mykje brukt, og tiltakande, verkemiddel i miljøpolitikken til SF. Frå å ikkje vere nemnt i programmet frå 1990, er det tydeleg i 1998, der SF mellom anna krev "*grundig og hæderlig information om varerne. Og at prisene på produkterne afspejler de reelle miljøomkostninger*" (SF 1998: 8). Og sidan er fokuset på dette med i alle programma til og med 2011. Det er vanskeleg å sjå ei utvikling i den eine eller andre retninga langs økologimedimensjonen, og ein må stadfeste at Ny politikk-verkemiddel illustrerer ei vedvarande økologismeorientering for SF.

## **Oppsummering**

Overordna er økologismeområdet frå 1990 til i dag fyrst og fremst prega av stabilitet. Visjonen er heile vegen eit samfunn som set grønne verdiar framfor kapitalistiske. Miljø utgjer ein sentral del av programma, og SF krev ei djuptgåande endring i samfunnsstrukturar for å stoppe ei miljøkatastrofe som på sikt kan true heile menneskeheita. Eg meiner ordbruken til SF i programma kvalifiserer til det som er definert som økologisme fordi det både er snakk om ei grunnleggande omvelting av samfunnet og økologisme som ein heilskapleg ideologi.

Oppsummert høyrer flest av *policy*-forslaga til SF i perioden heime i kategorien Ny politikk. Eg finn stabilitet både i det overordna synet på økologisme og på den instrumentelle tilnærminga til korleis skape eit grønar samfunn. For SF er Ny politikk-fokuset stort frå byrjinga av perioden og fram til i dag. Partiet bruker mest plass på å ta til orde for redusert forbruk og eit større forbrukaransvar i høve til betre merking av varer og betre tilrettelegging for eit økologisk forbruk. Offentleg eigarskap i energisektoren som eit middel for eit meir miljøvennleg samfunn er ikkje nemnt ein einaste gong. Argument for strengare lover og høgare avgifter på miljøfeltet er til stades, men langt frå i same grad som oppmodinga om mindre forbruk.

## 4.3.2 Sosialistisk Venstreparti

### Omfang og overordna mål

Også SV bruker mykje plass på miljøspørsmål gjennom heile analyseperioden. I fylgje kodinga i NVivo inneheld opp mot 20 prosent av programma miljørelaterte setningar.<sup>20</sup> I 1989-1993 finn ein det meste av miljøstoffet samla i eit eige kapittel, der SV tek føre seg både forureining, energi, samferdsel, naturvern og dyrevern med meir. Miljø er det politikkområdet som definitivt får mest plass. I arbeidsprogrammet 1997-2001 er det likevel via enda meir plass til miljø – og det er dessutan integrert i fleire politikkområde. Dette er synleg gjennom underoverskrifter som omhandlar miljø innan andre politikkområde, som *"Næringspolitikk – for arbeid og miljø"*, *"For et miljøriktig landbruk"* og *"Grønn skatt hjelper miljøet"*.

Miljø som eit gjennomgåande tema er derfor ein aukande tendens i SV-programma. I arbeidsprogrammet 2005-2009 skriv partiet innleiingsvis at *"SV er et miljøparti. Vi vil at miljøhensyn skal gjennomsyre alle politikkområder"* (2005: 5). Og i prinsippprogrammet frå 2011 står det mellom anna at:

SVs mål er et økologisk, økonomisk og sosialt bærekraftig samfunn. [...] For å få til dette vil SV se alle deler av politikken i sammenheng. Beslutninger innen energisektoren, samferdsel, arealplanlegging, næringsvirksomhet, landbruk, bistand og utenrikspolitikk vil alle ha stor betydning for å nå et slikt samfunn (SV 2011: 11).

For at framtidens generasjoner skal ha tilgang til et godt miljø, stabilt klima og rikt naturmangfold, må hensynet til miljø være gjennomgripende i alt vi foretar oss (Ibid.).

Det er dessutan ein tendens til at det raude og det grøne vert meir kopla saman utover i perioden. Det er til dømes synleg gjennom at kapitlet om skattepolitikk i 1989 knapt nemner miljø, medan det i 1997 heiter at *"Skattesystemet er et viktig virkemiddel for å legge om produksjons- og forbruksmønsteret i bærekraftig retning"* (SV 1997: 64).

At samfunnet er i krise på grunn av miljøet går att i alle programma – *"[m]iljødeleggelser, fattigdomsproblemer og økende nasjonalisme er i dag de største sikkerhetsutfordringene"* (SV 1997: 100) – og løysinga på problemet er ei omfattande omlegging av samfunnet. I arbeidsprogrammet 1989-1993 er partiet innanfor rammene

---

<sup>20</sup> Sjå vedlegg for oversikt over kodingar.

til det som kan definerast som økologisme fordi det blir argumentert for ei gjennomgripande endring:

Vi må produsere og forbruke andre ting enn i dag, og på andre måter. Vi må særlig holde igjen på virksomhet som skader miljøet mest: Forbruk av fossilt brensel, utslipp av miljøgifter og overbeskatning av ressursene i havet. Kursendring her kan gi lavere vekst slik økonomene måler den, men til gjengjeld et bedre liv. For etterkommerne våre er det den eneste sjansen til ei meningsfylt framtid (SV 1989: 2).

Her kjem fokuset på vern framfor vekst tydeleg fram – det er ingen tvil om at partiet vil satse på miljøet sjølv om det går utover økonomien. Som vi hugsar frå teorikapitlet har *vekst med vern* vore den rådande ideologien i Noreg, der ein framhevar økonomisk vekst som ein føresetnad for miljøvern. Her viser SV at det skil seg frå denne retninga. Når SV tek til orde for vern *framfor* vekst er det eit teikn på at partiet høyrer heime innanfor ein økologisk ideologi der miljøvern er ei målsetting overordna økonomisk vekst.

I prinsippprogrammet frå 1995 er det innleiingsvis klart kva som er det overordna målet til SF når det gjeld miljøpolitikk:

Tenk deg et samfunn der hensynet til miljøet er overordna. Der ressurser forvaltes og omfordeles på en demokratisk og rettferdig måte – i solidaritet med verdens fattige og framtidens generasjoner (SV 1995: 4).

Her viser miljømålet til partiet seg ved at fleire sentrale politikkområde vert inkluderte i den same utsegna: Miljøet skal vere overordna, men demokrati, solidaritet og omfordeling vert nemnde i same setning og viser miljø som eit integrert område for partia. I det siste prinsippprogrammet kjem det tydeleg fram at ein berre kan nå dette ideelle samfunnet ved "*dyptgripende endringer i måten vi organiserer økonomien på*" (SV 2011: 10). Den sosialistiske og den økologiske omforminga vert her integrert:

Det er mulig å skape en rettferdig og miljøvennlig verden, men det forutsetter at det kapitalistiske systemet erstattes – nasjonalt og globalt – av et demokratisk og bærekraftig behovsstyrt økonomisk system (SV 2011: 3).

Språkbruken her er også tydelegare enn før: "*For at dette ikke skal føre til en økologisk katastrofe, trengs det en radikal omfordeling av makt og ressurser på global basis*" (SV 2011: 4). Utsegnene frå programma viser med dette at partiet forfektar økologisme som ein heilskapleg ideologi. Perioden er derfor prega av stabilitet. I den grad eg finn endring er det ei rørsle enda lenger mot den ideologiske polen eg har definert som økologisme.

## Verkemiddel

Verkemidla for å nå målet om eit grønnare samfunn utviklar seg i løpet av perioden. I dei fyrste programma er det mest fokus på Gammal politikk-argumentasjon, medan det seinare vert meir Ny politikk-argumentasjon. I arbeidsprogrammet 1989-2003 går høge avgifter og forbod og reguleringar igjen som verkemiddel for å snu den uønskte utviklinga. I tillegg skal det offentlege spele ei sentral rolle i miljøarbeidet:

Det er nødvendig å styrke folkevalgte organers makt og offentlige budsjetter for å få til en mer slagkraftig miljøpolitikk. En god miljøpolitikk krever at samfunnet har strenge lover og regler som beskytter miljøet (SV 1989: 11).

Bakgrunnen for lovreguleringa er at *"krisa består i at økonomien mangler styring"* (SV 1989: 2), og det blir vist til at miljøutfordringane kring "drivhuseffekt", reduksjon av ozonlaget og sur nedbør krev handling om det skal betrast. Derfor er det viktig for SV å setje strenge reglar og høge avgifter for å markere ei ny linje i miljøpolitikken. Forslaga handlar mellom anna om å forby stoff som øydelegg ozonlaget, totalforbod mot kjemiske middel i skogbruket, utvida restriksjonar på bruk av motoriserte køyrety i utmark og forbod mot mineralvatn og øl på plastflasker og blekkboksar. I programmet 1997-2001 vil SV dessutan jobbe for å forby miljøfiendtlige stoff og varer, tilsettingsstoff, piggdekk, halogenerte plaststoff og mykje meir. Når det gjeld offentleg eigarskap vil SV i programmet 1997-2001 jobbe for at *"det offentlige sikrer og aktivt bruker forkjøpsrett for å holde styring og kontroll over viktige natur og energiresurser"* (SV 1997: 6).

I prinsippprogrammet frå 1995 er det tydelegare at redusert forbruk kan vere ein del av løysinga, men ofte i kombinasjon med reguleringar eller avgifter:

Arbeidet for å snu overforbruksspiralen kan bare lykkes dersom det samtidig med reguleringer gjennom fond, skatter og avgifter også skjer en holdningsendring hos den enkelte forbruker. [...] Samfunnsmessig og individuell handling må gå hånd i hånd (SV 1995: 21).

I 2005 er det derimot vanskelegare å finne forslag om forbod og reguleringar på miljøfronten, noko som reflekterer mindre Gammal politikk-argumentasjon. At SV bruker meir Ny politikk-argumentasjon utover i perioden er tydeleg mellom anna når det gjeld grønne skattar og avgifter. I 1989 er det ikkje sagt noko om at skattane skal bli kutta på andre område for å auke miljøskattane, medan det i 1997 vert slått fast at: *"Skattesystemet må legges om. Det må bli mer skatt på å belaste miljøet, mindre skatt på*

arbeid. Første steg er høyere CO2-avgift, lavere arbeidsgiveravgift" (SV 1997: 3). Her er det også eit eige kapittel, "Grønn skatt hjelper miljøet", der partiet utdjupar korleis dei grønne avgiftene skal ordnast for å ha mest mogleg effekt.

En stor del av beskatningen må vris fra skatt på arbeidskraft over til skatt på miljøskadelig forbruk og produksjon. SV vil gjøre dette blant annet ved å øke CO2-avgiften, og redusere arbeidsgiveravgiften (SV 1997: 68).

Miljøpolitikken i arbeidsprogrammet 2005-2009 framstår noko "mjukare" med færre argument som høyrer heime i Gammal politikk. Her finst ikkje noko forslag som går på hardare skattelegging, men derimot på grønne avgifter, og fleire tiltak som går på forbrukaransvar:

Som forbrukere har vi rett til å vite hva vi kjøper, men også hvordan en vare er produsert. Bedre merking og forbrukerinformasjon vil sette flere i stand til å handle i tråd med sine holdninger (SV 2005: 17).

Dette illustrerer den meir individretta retorikken, som viser at SV forfektar ei heilskapleg økologismeforståing som krev ei omlegging av kvardagslivet for alle menneske. Utviklinga mot meir bruk av argument kring redusert forbruk vert stadfesta her, og tatt vidare i det nyaste prinsippprogrammet. Til dømes må transporten reduserast og det må leggast om til fornybar energi samstundes med at energibruken vert mindre:

Den vestlige verden har et energiforbruk høyt over den fattige delen av verden. Redusert energiforbruk er derfor viktig både i et globalt solidaritetsperspektiv og for å nå våre klimamålsetninger (SV 2011: 11).

Her kjem det både konkrete forslag om reduksjon av CO2-utslepp og meir overordna idear om at ressursbruken må endrast frå "meir" til "betre". Dermed kan ein sjå ei rørsle mot meir Ny politikk-argumentasjon og verkemiddel utover i perioden, noko som tyder på ei endring ytterlegare mot økologismepolen.

## **Oppsummering**

Overordna er synet på økologisme i stor grad prega av stabilitet for SV: Det overordna målet er ei grøn omlegging av samfunnet som trengjer inn i alle delar av samfunnet. I verkemiddelbruk finn eg derimot ei endring; Frå å fokusere på strengare lover og reglar, avgifter og statleg eigarskap, endrar bruken seg mot meir Ny politikk-argumentasjon utover i perioden. Det aukande fokuset på redusert forbruk for enkeltindivid,

forbrukaransvar og grønne avgifter passar meir inn med Ny politikk-forståinga av økologismeomgrepet, og viser ei dreining mot ytterpunktet av dimensjonen.

Oppsummert er det overordna målet ein miljøpolitikk som er integrert i alle delar av politikken til både SF og SV. Dersom målet skal bli nådd krev det ei omfattande omlegging av samfunnet, særleg når det gjeld økonomisk politikk. Dette viser at venstreorientering og økologisme er to dimensjonar som er nært knytt saman for partia. Innanfor begge dimensjonane ynskjer SF og SV ei omfattande endring av samfunnet, der sosialisme og økologisme er dei overordna samfunnsmåla. På bakgrunn av dette skulle ein vente at stabilitet på den eine betydde stabilitet også på den andre. Det at eg fann ei viss sentrumsorientering langs den økonomiske dimensjonen, men samstundes ei ytterlegare økologismeorientering tyder på at det er to sjølvstendige område for partia, og at det ikkje er nokon direkte samanheng i korleis dei har utvikla seg. Ein kan altså moderere verkemidla innan venstreorientering, men samstundes "spisse" verkemidla innan økologisme.

## 4.4 Pasifisme

I teorikapitlet vart pasifisme definert som ei prinsipiell avvising av krig og alle former for vald. Samstundes vart det understreka at verken SF eller SV blir definert som pasifistiske i absolutt forstand, men at fredsspørsmål har vore sentrale i opphavet og utviklinga deira. Saka er dessutan definert som eit av dei klaraste uttrykka for Ny politikk. Det vart også skilt mellom "absolutt" og "betinga" pasifisme, der ein kallar det *betinga* dersom partia støttar pasifistiske prinsipp, men opnar for bruk av militære midlar i enkelte, heilt spesielle humanitære situasjonar. Spørsmålet eg ynskjer å svare på i den neste delen er derfor: I kva grad har SF og SV endra seg ideologisk når det gjeld politiske saker knytt til pasifisme, og då særleg i synet på NATO og militær intervensjon? Eg vil fyrst sjå på i kva grad partia snakkar om fredspolitikkk på eit overordna plan, før eg ser nærare på utviklinga langs dei to utvalde saksfelta.

## 4.4.1 Socialistisk Folkeparti

### Omfang og overordna mål

SF har alltid kæmpet for en verden i fred, uden krige og krigstrusler, baseret på et åbent samarbejde mellem frie og demokratiske nationer (SF 1990: 6).

Dette er utgangspunktet for SF sin tryggingspolitikk slik det kjem til uttrykk i 1990. Programmet frå 1990 har eit relativt stort fokus på tryggingspolitiske tema, og det er tydelege trekk frå samtida i språket, mellom anna med fokuset på blokkpolitikk og murens fall. Prinsippprogrammet frå 1991 legg same fredsperspektiv til grunn. Nedrusting er eit viktig mål, og Danmark skal gå føre ved å avskaffe dei mest offensive våpna totalt, ruste ned og redusere militærbudsjettet. Sluttmålet er *"en total afskaffelse af enhver krigersk kapacitet"* og at *"krigeriske konflikter bliver utænkelige og fysisk umulige"* (SF 1991: 26).

I valprogrammet frå 1998 vert fredsspørsmål behandla saman med miljøspørsmål, og det er færre konkrete forslag til nedrustingstiltak enn i dei to førre programma. Men det er i fylgje SF stadig store utfordringar knytt til bruken av militær makt, trass i at den kalde krigen er over. Partiet meiner ein må bevege seg vekk frå det tradisjonelle synet på at svaret på ei krisefylt verd er militær (SF 1998: 12). Prinsippprogrammet frå 2003 viser at tidene har endra seg, med eit større fokus på terrortrugselen framfor kald krig. Men svaret på utfordringa er det same: *"SF avviser, at terrorismen kan bekæmpes med militære midler"* (SF 2003: 22). I staden tek SF til orde for at økonomisk utvikling og demokratiske reformer i den fattige delen av verda kan fjerne *"grundlaget for terrorismen"* (Ibid.). Partiet føreslår også danninga av ein ny tryggingspolitikk som i staden for militære løysingar satsar på førebygging av konflikhtar, politisk demokrati og kamp for menneskerettar. Det er verdt å merke seg at dette synet er såpass stabilt trass i at vi veit at dansk politikk på 2000-talet gjekk gjennom ei markant høgredreing, særleg tryggingspolitisk.<sup>21</sup>

I valprogrammet frå 2007 er det sett av eit delkapittel til *"Forsvar og sikkerhet"*. Nesten heile denne delen handlar om militær innsats i konfliktområde, med bakgrunn i invasjonen av Irak. Partiet tek her også til orde for å avvikle verneplikta og heimevernet.

---

<sup>21</sup> Dette vert ytterlegare utdjupa og diskutert i neste kapittel.



Valprogrammet frå 2011 har ikkje tryggingpolitikk på agendaen i det heile, men fokuserer i staden utelukkande på dei fire sakene arbeid, helse, skule og miljø. I det nyaste prinsippprogrammet frå 2012 er tryggingpolitikk igjen kort omtala under delkapitlet med tittelen "*Internasjonal solidaritet – globalt ansvar*". Her kjem det fram eit generelt fredsperspektiv med fylgjande utgangspunkt:

SF er imod enhver form for national, kulturel og etnisk chauvinisme. Vi støtter staters, nationers og folkeslags fredelige sameksistens. SF arbejder konsekvent for at sikre fred og afrustning (SF 2012: 6).

Utifrå overordna mål er det vanskeleg å konkludere angående utviklinga langs pasifismedimensjonen fordi det varierer frå år til år kor mykje plass som er sett av til saka. Det er tydeleg at partiet sine standpunkt i fredsspørsmål er forma av sentrale saker i samtida. I dei fyrste programma i perioden er det stort fokus på den kalde krigen og verdien av nedrusting, i 2003-programmet fokus på terror, og i 2007-programmet fokus på motstand mot invasjonen i Irak. Valprogrammet frå 2011 er det einaste som ikkje har noko fokus på fredsspørsmål, og prinsippprogrammet frå 2012 bruker om lag eit avsnitt på det, noko som kan tyde på ein lågare prioritet i nyare tid. Samstundes er programmet frå 2011 som nemnt tidlegare annleis oppbygd enn dei førre, med fokus på fire utvalde saker, og prinsippprogrammet frå 2012 er langt kortare enn tidlegare prinsippprogram. Desse to nemnde eigenskapane ved dei nyaste programma kan forklare at fokuset på fredsspørsmål er mindre her. Gjennomgangen viser at det er naudsynt å dukke djupare inn i teksten og sjå på kva partia seier om utvalde saker i perioden. Her vil eg derfor sjå nærare på spørsmåla om NATO-medlemsskap og militær intervensjon.

### **Synet på NATO**

Synet på NATO kan seiast å vere relativt konsekvent fram til og med 2003-programmet. I alle program før dette kan ein finne tydeleg NATO-kritikk. I 1990 er det eit eige avsnitt med overskrifta "*Væk med NATO*". Argumentasjonen er at freden i Europa ikkje kan sikrast med ei vestleg militærblokk, og at trugselbiletet etter den kalde krigen ikkje er over fordi "*NATO eksisterer fortsatt som en overprustet magtblok*" (SF 1990: 6). Sjølv om ei avvikling av Warszawa-pakta også er ynskjeleg, er det brukt langt meir plass på NATO-kritikk. Den same haldninga kjem til uttrykk i programma frå 1991, 1998 og 2003.

I prinsippprogramma frå 1991 og 2003 finn eg likevel ein viss aksept for at ei avskaffing av NATO er lite truleg, gjennom ulike versjonar av setninga:

Så længe NATO endnu eksisterer skal Danmark optræde selvstændigt inden for alliancen, arbejde for nedrustning, global sikkerhed og afspænding og modsætte sig alle forsøg på at udvide NATO's operationsområde eller at give NATO en global rolle (SF 2003: 34).

Det uttalte målet er likevel at det skal dannast nye tryggingpolitiske strukturar som er ikkje-militære og baserer seg på eit europeisk samarbeid. I 1991 skal denne tryggingordninga basere seg på nedrusting og gjensidig kontroll og omfattast av *"de hidtidige blokstater og de neutrale stater; USA og Canada skal inddrages i ordningen, som skal opprettes indenfor rammerne af CSCE"* (SF 1991: 44). I 2003 er målet at ei slik tryggingordning skal skje innanfor rammene av EU: *"En samling af Europa med udgangspunkt i et udvidet EU og et tæt samarbejde med Rusland er en vigtig forudsætning for skabelse af ny sikkerhed"* (SF 2003: 34).

I 2007 finst ei vesentleg endring i høve til dei tidlegare programma. Her er NATO berre nemnt ein einaste gong, i setninga:

Danske militære bidrag til udenlandske missioner skal altid være legitimt forankret i internationale aftalesæt med udgangspunkt i institutioner som FN, EU og NATO m.v. (SF 2007: 16).

I dei påfølgjande programma, valprogrammet i 2011 og prinsippprogrammet i 2012, er ikkje NATO nemnt i det heile tatt. Det er dermed nærliggande å tolke dette dit at NATO-skepsisen ikkje står sentralt for SF sin politikk frå 2007. Setninga frå 2007 er dessutan ei anerkjenning av NATO, fordi militære operasjonar skal gå gjennom denne eller andre overnasjonale institusjonar. Den krasse kritikken av NATO som ei rusta maktblokk, som kom godt til syne i dei fyrste programma, er borte.

Dette må vi forstå som ei ideologisk endring på den måten at SF er blitt mindre radikale i eit av nøkkelspørsmåla innanfor tryggingpolitikken. Frå å fremje krass kritikk av NATO i dei fyrste programma, til å anerkjenne det i programmet frå 2007, har partiet valt å utelate temaet frå dei to nyaste programma. Dette meiner eg er eit klart teikn på at partiet har flytta seg mot sentrum langs pasifismedimensjonen. Utviklinga tyder på at NATO-motstand har gått frå å vere ei heilt sentral tryggingpolitisk sak for SF, til å ha fått ei minimal rolle i ein breiare tryggingpolitisk agenda. Der NATO i dei fyrste programma var ein sentral stolpe slik verda såg ut då, med kald krig og blokkpolitikk,

framstår den tryggingpolitiske agendaen til partiet i dag som meir samansett, mellom anna med fredsbygging og humanitær intervensjon som viktige delar av deira verktøykasse. Derfor er det grunn til å sjå nærare på den ideologiske utviklinga også når det gjeld militær intervensjon.

### **Synet på militær intervensjon**

I synet på militær intervensjon finn eg ei klar endring for SF. Frå 2003 og utover er ulike variantar av denne formuleringa med:

Det kan være nødvendig i sidste ende at anvende militær magt for at gennemføre beslutninger, vedtaget i det internationale retssamfund (SF 2003: 35).

Dette er eit nytt innslag i høve til tidlegare program. Verken i 1990, 1991 eller 1998 finst det utsegner som anerkjenner militær intervensjon på denne måten. Men eg finn heller ikkje at militær intervensjon er uakseptabelt, eller haldningar som tyder på "absolutt pasifisme". Fokuset er snarare på nedrusting og avskaffing av atomvåpen enn på militær intervensjon. Svaret på dei store fredsspørsmåla er at alle verdas land, også Danmark, gir suverenitet til overnasjonale organ, særleg FN.

Føresetnaden for militær intervensjon i 2003 er FN-legitimitet, og at det kan etablerast ein militærstyrke i FN-regi som får nok ressursar til å fungere effektivt. *"Det langsigtede mål er afrustning og afvikling af militæralliancer og nationale hære, således at FN er ene om at råde over militær magt"* (SF 2003: 23). Bakgrunnen er eit ynskje om at tryggingrådet agenda også må omfatte *"situationer med folkemord og grove menneskeretskrænkelser og til borgerkrige"* (Ibid.). I valprogrammet frå 2007 vert argumentasjonen for militær intervensjon utdjupa:

Krig er ikke den primære måde at skabe sikkerhed på eller undgå terror. Men SF anerkender og støtter, at der er konflikter, hvor militær indgriben kan være nødvendig for at beskytte befolkningen mod overgreb.. [...] SF mener, at Danmarks eventuelle deltagelse i konflikter i forskellige dele af verden bør hæve sig over partipolitiske uenigheder (SF 2007: 10).

Derfor kjem SF med ei rekkje forslag som skal ligge til grunn for militære oppgåver. Det er mellom anna at danske bidrag skal vere forankra i internasjonale avtalesett, at krigsdeltakinga må ha 2/3 fleirtal i Folketinget og at bidraga har eit sivilt, humanitært hovudmål. Bakgrunnen for forslaga er *"Danmarks tragiske deltagelse i invasionen af Irak*

og den elendige fiasko for Anders Fogh Rasmussens såkaldte "aktivistiske udenrigspolitik"  
(Ibid.: 11).

Det er også verdt å merke seg at valprogrammet frå 2011 ikkje tek føre seg tryggings- og utanrikspolitik i det heile. Som tidlegare nemnt er dette programmet noko annleis oppbygd enn dei førre, med fire satsingsområde: helse-, skule-, nærings- og miljøpolitikk. At utanriks- og fredsspørsmål ikkje når opp her stadfestar slik sett inntrykket av at slike spørsmål er mindre i fokus for partiet utover i perioden. Prinsippprogrammet frå 2012 har eit underkapittel om internasjonal solidaritet. Her kjem setninga om at det kan vere naudsynt med militær intervensjon opp igjen, denne gongen under argumentasjonen om at fred ikkje berre er fråvær av krig. Den ideologiske utviklinga vert slik stadfesta også i det aller nyaste programmet, og viser ei sentrumsorientering langs pasifismedimensjonen i dei seinaste programma.

### **Oppsummering**

Ved fyrste augekast har ikkje SF endra seg ideologisk langs det eg her kallar pasifismedimensjonen, på den måten at det overordna målet for samfunnet heile vegen er eit fredfylt samfunn og der det kjem fram at krig og vald uansett ikkje er løysinga. Ved å sjå nærare på to sentrale saker for partia langs dimensjonen må imidlertid dette inntrykket justerast.

SF har gjennomgått ei tydeleg ideologisk endring både i haldninga til NATO og til militær intervensjon. NATO-kritikken har blitt tona ned: Frå å ta sterkt til orde for ei utmelding på 1990- og 2000-talet, til ei anerkjenning i 2007, og til å ikkje nemne alliansen i det heile tatt i dei to nyaste programma. At SF ikkje nemner det må bety at NATO-skepsisen har vorte mindre. Analysen av haldninga til militær intervensjon viser også ei endring ved at SF frå 2003 og framover presiserer at partiet støttar militær intervensjon i dei situasjonane det er naudsynt, så lenge desse er forankra i nokre vilkår. Dette synet passar inn under det som vert kalla *betinga* pasifisme: Målet er eit fredeleg samfunn, men i ytste konsekvens, til dømes når det er snakk om "*folkemord og grove menneskeretskrænkelser*", kan militært inngrep vere rett. Langs pasifismedimensjonen er altså konklusjonen at SF har blitt klart mindre radikale og flytta seg mot sentrum i løpet av analyseperioden.

## 4.4.2 Sosialistisk Venstreparti

### Omfang og overordna mål

I arbeidsprogrammet 1989-2003 er freds- og tryggingsspørsmål lista opp som ei av ti hovudutfordringar for SV, og temaet vert handsama i det siste kapitlet i programmet; *"Norge og verdenssamfunnet"*. Her går SV inn for å samle ulike *"folkelige krefter"* i Europa for å fremje avspenning og nedbygging av blokkene. Partiet tek også til orde for eit utvida forvars- og tryggingssomgrep, der globale omsyn og å førebygge væpna konflikt er det viktigaste. I programmet er arven frå det utanrikspolitiske utgangspunktet for danninga av partiet merkbar:

SV står for den tredje vei i utenrikspolitikken. Vi vil bruke alle midler som fremmer utvikling i retning av frie selvstendige stater som lever i fred og i felles sikkerhet (SV 1989: 10).

Dette utgangspunktet viser at SV har same tilnærming til utanrikspolitikken som partiet hadde då det vart danna som Sosialistisk Folkeparti i 1961. Her er blokkpolitikken, den kalde krigen og kampen mot atomvåpen sentrale tema, og speglar tida programmet er utforma i. Til dømes er NATO-medlemskap ikkje berre problematisk med basis i klassiske pasifistiske argument, men også utifrå Noregs tryggingsspolitiske situasjon:

Norges medlemskap i NATO og avtaler med USA innebærer at vi stiller vårt territorium til rådighet for den ene supermakten, og gjør dermed Norge til et mål for den andre supermakten i tilfelle konflikt (Ibid.).

Arbeidsprogrammet 1997-2001 har eit noko utvida perspektiv på tryggingsspolitikken i høve til programmet frå 1989. I eit omfattande kapittel med tittelen *"Internasjonal solidaritet – Verden og vi"*, er SV innom eit breiare saksfelt knytt til utanriks- og tryggingsspolitikk. Her er det naturleg nok eit langt mindre fokus på blokkpolitikk, og det *"utvida tryggingssomgrepet"* vert utdjupa:

Sikkerhet er ikke bare knytta til militære utfordringer. For å trygge sikkerheten må en snarere ta utgangspunkt i et bredt knippe med utfordringer knytta til miljø, fordeling av ressurser, rikdom og fattigdom i tillegg til de rent militære (SV 1997: 96).

Det vert dessutan presisert at løysinga på utfordringane verda står ovanfor ikkje *"finnes [...] på militært plan"*, men i staden kan finnast gjennom ein alternativ politikk som tek omsyn til miljø og menneske fyrst (Ibid.).

I det nyaste arbeidsprogrammet, 2005-2009, vert spørsmål knytt til pasifisme presentert under overskrifta "Fred og solidaritet". Det overordna målet for SV her er at Noreg skal vere ein *"fredsnasjon og forkjemper for en demokratisk og solidarisk verden, hvor konflikter løses med fredelige midler"* (SV 2005: 8). Det utvida tryggingsomgrepet er med også i dette programmet:

SV vil føre en helhetlig sikkerhetspolitikk der den militære delen inngår sammen med økologiske, ressursmessige og energimessige faktorer (SV 2005: 46).

I 2005 er partiet dessutan i mot eit profesjonelt forsvar, og nedrusting er stadig eit sentralt mål i tryggingspolitikken. Mellom anna krev partiet at Noreg skal bidra til full atomvåpennedrusting og er motstandar av *"at det produseres våpen i Norge som kan inngå som en del i en offensiv våpenstrategi"* (SV 2005: 51). Dei tre arbeidsprogramma har altså ganske like samfunns mål for tryggingspolitikken, der det *betinga* pasifismeomgrepet gjer seg gjeldande fordi målet om ei fredeleg verd er overordna.

Dei to prinsippprogramma frå perioden speglar mykje av det same fokuset som arbeidsprogramma, og begge programma forfektar pasifistiske verdiar. Men trass i prinsipielle likskapar, finst det nokre skilnadar i kva partiet fokuserer på innan tryggingspolitikken. Under avsnittet "Krig og konflikter", skriv SV i 1995 at:

Den kalde krigen i Europa og mellom stormaktene er slutt. Likevel preges vår verdensdel fortsatt av blokkpolitikk. De gamle vestlige militærblokkene NATO og Vestunionen eksisterer. Ingen land har satsa på massiv nedrustning, sjøl om forsvarsbudsjettene har blitt kuttet noe (SV 1995: 31).

Naturleg nok er blokkpolitikk ikkje nemnt i programmet frå 2011, og fokuset på nedrusting er langt mindre enn i 1995. I 1995 finn ein i større grad retorikk som liknar den vi såg i programma til SF, der dei to saksfelte pasifisme og økologisme er knytte tett i hop: *"Militær nedrustning frigjør store pengesummer som kan brukes på miljø- og utviklingstiltak"* (SV 1995: 47). Sjølv om det ikkje er like uttalt som i dei tidlege programma til danske SF, er det tydeleg også her at målet er å sameine fleire "Nye" saker som er viktige for partiet. Dette inntrykket vert forsterka gjennom det uttalte målet om å *"delta i og bygge bro mellom fagbevegelsen og sosiale bevegelser retta mot kvinnefrigjøring, fred og miljøspørsmål"* (Ibid.: 71).

I 2011 er derimot nedrusting berre nemnt i generelle termar som "*Vi skal være en pådriver for menneskerettigheter og arbeide for nedrustning*" (SV 2011: 19). Her vert ikkje fred og miljø knytt saman på same måten. Dermed kan ein finne ei utvikling knytt til kva saker som er i fokus. Men det overordna målet for samfunnet er det same. Sjølv om SV ikkje tek i bruk ordet pasifisme, er det tydeleg at pasifistiske verdiar er viktig i begge dei to prinsippprogramma:

Krig er en forbrytelse mot menneskeheten. Vår visjon er en fredelig verden – en verden der konflikter løses uten krig og vold. Atomvåpen og kjemiske våpen må forbys og avskaffes (SV 1995: 47).

SV er et fredsparti. SVs utgangspunkt er at konflikter skal bli løst med ikke-voldelige midler (SV 2011: 18).

Dette illustrerer det gjennomgåande og overordna synet partiet har på fredsspørsmål – som kan seiast å vere stabilt. No vil eg sjå nærare på om synet til SV på NATO og militær intervensjon også er prega av stabilitet.

## **Synet på NATO**

NATO-saka har vore av dei sentrale sakene i SV si historie, og må seiast å vere ein del av kjernen i ideologien til partiet. I partiprogramma kjem dette tydeleg fram, sjølv om det ikkje nødvendigvis blir brukt like mykje plass i alle programma. I arbeidsprogrammet 1989-1993 vert temaet handsama under eit eige delkapittel med tittelen "Norge ut av NATO". Argumentasjonen bygger på ønsket om at sjølvstendige statar skal "*frigjøre seg fra supermaktenes politiske og militære dominans*" (SV 1989: 66), og dermed bør Noreg bidra til nedbygging av både Warszawapakten og NATO. I tillegg til det overordna målet om å trekke Noreg ut av NATO, vert også andre krav fremja. Blant desse er at Noreg trekker seg ut av NATO sitt felles kommandosystem og NATO si kjernefysiske gruppe, at det ikkje vert heldt NATO-øvingar i Noreg og at militære avtalar med USA vert sagt opp.

I prinsippprogrammet frå 1995 har SV delvis moderert sine tidlege standpunkt i blokk- og tryggingspolitikken.:

SV går imot oppbygging av nye maktblokker, NATO's atomstrategi, og går inn for at NATO avvikles til fordel for et alleuropeisk sikkerhetssystem. Dersom det viser seg at dette ikke er mulig, må Norge gå ut av NATO (SV 1995: 48).

Argumentasjonen er relativt lik, men formuleringa *"dersom det viser seg at dette ikke er mulig"* tyder på at SV har godtatt at eit nytt alleuropeisk sikkerheitssystem ikkje er eit realistisk politisk mål med det fyrste. Eit liknande atterhald finn ein også i arbeidsprogrammet frå 1997: *"SV vil arbeide for at Norge går ut av NATO. Så lenge vi ikke får oppslutning om dette, vil SV arbeide for at Norge går inn for endringer i NATO"* (SV 1997: 98). Slike endringar kan vere å gå i mot oppbygging av nye maktblokker og NATOs atomstrategi, samt å jobbe mot at NATO engasjerer seg utanfor sitt mandatområde (Ibid.). Her tek SV dessutan til orde for at hovudansvaret for nedrusting og tillitsskapande tiltak i Europa bør flyttast frå NATO til OSSE (Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa). Begge desse nyanseringane viser ei noko mindre dogmatisk line enn i 1989.

I 2005 bygg SV på sin ideologiske arv på dette området når det står at: *"SV har alltid vært motstander av Norges medlemskap i NATO, og er kritisk til en rekke sider ved NATO"* (SV 2005: 52). Her nemnast mellom anna faren for at Noreg vert tatt med i angrepskrigar i strid med folkeretten gjennom NATO sin såkalla "out of area"-strategi, og at NATO styrker dei militære og politiske banda til USA. Derfor heiter det også i dette programmet at:

SV er for norsk utmelding av NATO og vil derfor arbeide for en ny alliansepolitikk for Norge, og for alternativer til NATO-medlemskapet (SV 2005: 52).

Målet er heller eit nordeuropeisk forsvars- og tryggingpolitisk fellesskap. Argumentasjonen her, som ikkje har vore framført tidlegare, er at NATO-samarbeidet er lite relevant, både for det norske forsvaret, og i høve til dei tryggingutfordringane som er i samtida. Dessutan er NATO uheldig fordi det pålegg medlemslanda opprusting, i staden for nedrusting. Heller ikkje i prinsippprogrammet frå 2011 har partiet endra syn: *"SV er mot norsk medlemskap i NATO. Norge bør i stedet samarbeide med de land vi har sterkest interessefellesskap med"* (SV 2011: 19). SV held fast ved at alliansen bind Noreg for einsidig til USA, og at det trugar vår sikkerheit. I tillegg er partiet kritisk fordi NATO *"er med på å sikre at de rikeste landene kan ta i bruk både økonomiske og militære virkemidler for å ivareta sine interesser"* (Ibid.).

Til saman syner dette at hovudhaldninga SV har til NATO er uendra i løpet av dei over 20 åra eg studerer: SV er kritisk til NATO som allianse og meiner Noreg bør melde seg



ut. Kva partiet legg vekt på i argumentasjonen varierer noko utover i perioden, då argumenta, som i SF, er knytte opp til tryggingssituasjonen slik den er i samtida. Men mange av argumenta er også med gjennom heile perioden. I prinsippprogrammet frå 1995 og arbeidsprogrammet frå 1997 var det inkludert eit atterhald om kva partiet skulle gjere om det ikkje fekk gjennomslag, noko som kunne tyde på eit meir nyansert bilete. Dette er utelatt frå dei to påfølgjande programma og ein må dermed betrakte NATO-skepsisen samla sett som stabil, og konstatere at SV framleis står nær den definerte ytterpolen langs pasifismedimensjonen i synet på NATO.

### **Synet på militær intervensjon**

Når det gjeld synet på offensiv bruk av militære styrkar i utlandet skjer det derimot ei tydeleg endring utover i analyseperioden frå synleg skepsis til å opne opp for militær intervensjon. I arbeidsprogrammet frå 1989 er synet på militære styrkar restriktivt. I den grad militær intervensjon vert omtala står det at *"SV støtter kampen for politisk og økonomisk frigjøring i "den tredje verden". Det gjelder hvert lands mulighet for nasjonal utvikling, uten stormaktsintervensjon eller økonomisk utbytting"* (SV 1989: 66). SV nyttar dessutan programmet til å fordømme fleire militære inngrep, til dømes Sovjets militære innblanding i konfliktane på Afrikas horn og USAs krigføring mot Nicaragua. Generelt viser partiet stor skepsis til all militær i dette programmet, og ser på førebygging av væpna konflikter i verda som den mest sentrale tryggingspolitiske saka (Ibid.: 65).

Den same skepsisen er synleg i prinsippprogrammet frå 1995, og den er her knytt både til stormakter og til bruk av militære midlar generelt. Partiet har eit stort fokus på internasjonale konflikter og dei *"rike landa i vesten"* sine militærstrategiske interesser. Det kjem fram ei støtte til at FN kan gjennomføre *"fredsskapende og fredsbevarende operasjoner når det er brei enighet om dette"*. Men det vert understreka ein brei skepsis til bruk av militær makt i slike situasjonar:

Slike operasjoner må være underlagt FN-kommando og ha internasjonalt aksepterte målsettinger som sitt grunnlag. En stormakts bruk av militærmakt på fremmed jord – både i og utenfor FN-systemet – for å forsvare egne interesser, kan imidlertid aldri aksepteres (SV 1995: 48).

I 1997 introduserer SV eit nytt innslag som skil seg frå dei to føregåande i synet på militær intervensjon:

SV mener det er viktig å forsvare Bosnia som flernasjonalt stat og at hele det internasjonale samfunn må sikre Bosnias yttergrenser, også med militære midler dersom det skulle være nødvendig (SV 1997: 99).

At det eksplisitt står *"også med militære midler dersom det skulle være nødvendig"* er verdt å merke seg. Dette er første gong i perioden der partiet tek til orde for bruk av militære midlar. Det er også interessant at det er knytt så direkte til Bosniakonflikten. SV har eit eige delkapittel med tittel *"Fortsatt fokus på Balkan"* i programmet 1997-2001, der det blir tatt til orde for internasjonalt fokus og nærvær i mange år framover. At dette kjem fram mykje tydelegare enn i prinsippprogrammet to år tidlegare, viser at denne konflikten er viktig for partiet. Prinsippet om at militær intervensjon kan vere naudsynt er inkludert også i dei to nyaste programma, som her i programmet 2005-2009:

Norsk deltakelse i internasjonale militære operasjoner skal bare kunne skje etter behandling i Stortinget når det på forhånd foreligger et utvetydig og konkret FN-mandat. Slike operasjoner må skje i FN-regi. Alle ikke-militære alternativer må først være utprøvd, med unntak av situasjoner der alle involverte parter i en konflikt anmoder om militær tilstedeværelse (SV 2005: 52).

Her går partiet lengre enn i arbeidsprogrammet 1997-2001 og har formulert nokre føresetnadar som må vere til stades for militær intervensjon. Som vi ser er det framleis ein djup skepsis å spore, men likefullt er det tydeleg at partiet meiner intervensjon kan vere naudsynt. Same haldninga er synleg i det nyaste prinsippprogrammet: *"Norge kan delta i fredsbevarende operasjoner med et klart FN-mandat"* (SV 2011: 19). Partiet si haldning er derfor tydeleg: Militær intervensjon kan vere naudsynt, men berre med utgangspunkt i FN-mandat. Partiet åtvarar samstundes mot bruken av militærmakt: *"2000-tallets invasjonar i Irak og Afghanistan har vist de katastrofale konsekvensene slik bruk av militærmakt kan få"* (SV 2011: 18). Skepsisen er til syne, men det er ingen tvil om at SV opnar meir opp for moglegheita for militær intervensjon utover i perioden.

## **Oppsummering**

SV sine overordna mål for samfunnet reflekterer ei haldning som kan seiast å høyre heime i ein *betinga* pasifisme-definisjon. Målet er eit fredfylt samfunn prega av nedrusting og ikkjevald. Eg finn lite overordna endring utover i perioden. Når det gjeld verkemiddel er SV også persistent i sitt syn på NATO. Partiet jobbar for norsk utmelding både i 1989 og heile vegen fram til og med 2011. Sjølv om det er variasjonar i korleis SV

argumenterer for spørsmålet, kan det ikkje karakteriserast som ei endring frå det ideologiske utgangspunktet partiet hadde i 1989. Derimot finn eg ei ideologisk endring i synet på militær intervensjon, der partiet har gått frå ei restriktiv haldning til å opne opp for militær intervensjon. Dette er eit nøkkelspørsmål i tryggingpolitikken og må sjåast på som rørsle mot sentrum av pasifismedimensjonen.

## 4.5 Oppsummering: Kva slags ideologisk utvikling?

I dette kapitlet har eg presentert funna frå tekstanalysen. Det er vanskeleg å seie noko eintydig om den ideologiske utviklinga fordi den har, som vi har sett, variert både på tvers av dimensjonane, mellom SF og SV, og mellom overordna mål og verkemiddel. Her vil eg likevel prøve å samle trådane og seie noko om utviklinga til dei to partia utifrå analysen. Dei viktigaste funna er framstilt i fylgjande to tabellar.

Tabell 4.1 Oppsummering av ideologisk utvikling frå 1990 til 2012 for SF.

Dimensjon	Den ideologiske utviklinga til SF i stikkord
<b>Venstreorientering</b>	
- Overordna mål	Stabilitet i overordna mål: eit sosialistisk og grønt samfunn, kritikk av kapitalismen. Endring frå revolusjonær til grunnleggande omlegging av samfunnet.
- Verkemiddel	Endring frå "islæt af privateje" til styrt marknadsøkonomi, større anerkjenning av marknadskrefter utover i perioden.
<b>Økologisme</b>	
- Overordna mål	Stabilitet når det gjeld synet på at samfunnet må formast om i grøn retning og at omsynet til miljøet må vege tyngre enn økonomiske omsyn.
- Verkemiddel	Stabilitet ved ei sterk Ny politikk-orientering gjennom heile perioden.
<b>Pasifisme</b>	
- Overordna mål	Stabilitet ved at målet er eit fredeleg samfunn utan bruk av vald. Endring ved eit mindre fokus på freds- og tryggingpolitikk i dei siste programma.
- Verkemiddel	Endring frå sterk NATO-kritikk til anerkjenning, og fråvær av temaet frå 2007. Endring mot sentrum ved å ta til orde for at militær intervensjon kan vere naudsynt frå 2003 og utover.

For SF finn eg ei endring i det overordna målet for den økonomiske politikken ved at partiet har gått frå å snakke om ei revolusjonær til ei grunnleggande omlegging av samfunnet. Kritikken av kapitalismen og "uhemma marknadskrefter" er stadig å finne, men partiet opnar samstundes stadig meir opp for desse kreftene sin plass. Utviklinga

langs økologimedimensjonen er i større grad prega av stabilitet, men i den grad eg finn utvikling er det ytterlegare mot den ideologiske polen økologisme fordi verkemiddelbruken vert meir knytt til Ny politikk-argumentasjon. Det gir ein tydelegare økologismeprofil. Pasifismedimensjonen er prega av overordna stabilitet, men ei tydeleg endring i verkemiddelbruk. SF går vekk frå NATO-spørsmålet i dei siste programma, og anerkjenner funksjonen NATO har. Det same gjeld i synet på militær intervensjon; Partiet har bevega seg mot sentrum av dimensjonen ved at det står at militær intervensjon kan vere naudsynt frå og med 2003-programmet.

Tabell 4.3 Oppsummering av ideologisk utvikling frå 1989 til 2011 for SV.

Dimensjon	Den ideologiske utviklinga til SV i stikkord
<b>Venstreorientering</b>	
Overordna mål	Stabilitet i overordna mål: behov for radikal omfordeling i samfunnet, sterk kritikk av kapitalismen.
Verkemiddel	Ei viss endring mot meir anerkjenning av rolla marknadsmekanismar og privat eigarskap skal spele i samfunnet, og dermed ei moderat sentrumsorientering.
<b>Økologisme</b>	
Overordna mål	Stabilitet i høve til at miljøet skal vere overordna, men ei sterkare orientering mot at det trengs ei radikal grøn omlegging av samfunnet i dei seinaste programma.
Verkemiddel	Endring mot meir økologisme utover i perioden, på den måten at Ny politikk-argument vert meir framståande.
<b>Pasifisme</b>	
Overordna mål	Stabilitet det overordna målet: Eit fredfylt samfunn med fråvær av krig og konflikhtar. Noko endring i argumentasjon.
Verkemiddel	Endring i synet på militær intervensjon. "Kan vere naudsynt" frå 1997. Stabilitet i synet på NATO; for norsk utmelding heile vegen frå 1989 til 2011.

For SV er endringa langs fleire av dimensjonane mindre uttalt enn hjå SF. I økonomisk venstreorientering er det overordna målet gjennom heile perioden å endre samfunnet frå kapitalistisk til sosialistisk, men eg finn ei viss sentrumsorientering i verkemiddelbruk. I miljøspørsmål finn eg at SV overordna er innanfor økologismedefinisjonen heile vegen, men at partiet i verkemiddelbruk beveger seg ytterlegare mot økologismepolen. Når det gjeld den andre Ny politikk-saka, pasifisme, ser ein på den eine sida ei dreining mot sentrum av dimensjonen fordi SV skiftar syn på militær intervensjon. På den andre sida er synet på NATO persistent og talar dermed for ei framleis sterk pasifismeorientering.

Ser ein SF og SV under eitt er det tydeleg at begge partia har utvikla seg noko i synet på marknaden og i grad av privatisering, men utviklinga er moderat, og til ei viss grad meir synleg hjå SF enn hjå SV. Begge parti opnar meir opp for bruk av marknadsmekanismar og innslag av privat eigedom utover i perioden, og eg finn ei større anerkjenning av marknaden og det private si rolle i samfunnet. Konklusjonen er at partia har ei sterk venstreorientering, synleg gjennom nokre prinsipielle standpunkt som går igjen, men at dei samstundes har bevega seg lengre mot høgre innanfor dei same områda. Dermed kan ein ikkje sjå utviklinga berre som ei flytting, men snarare som ei utviding av det ideologiske rommet partia opererer innanfor.

Innan økologisme kan både SF og SV seiast å forfekte ein økologisk ideologi utifrå definisjonen av ein heilskapleg ideologi som skal omfatte alle delar av samfunnet, og at det må ei fundamental endring til. Argumentasjonen for dette var sterk i dei fyrste programma frå 1989 og 1990, og den er sterk også i dei nyaste programma frå 2011 og 2012. Når det gjeld verkemiddelbruk er det ein viss skilnad på partia. I SV-programmet frå 1989 finn eg flest verkemiddel som høyrer til Gammal politikk-kategorien. Særleg er forslag som går på strengare lover og reguleringar, samt nye eller høgare skattar for å betre miljøet framståande. Utover i perioden vert det lagt gradvis meir vekt på at vi må forbruke mindre og ta aktivt i bruk grønne skattar og avgifter. For SF ser ein noko av den same utviklinga, men her ligg tyngda på Ny politikk-argumentasjon heile vegen frå dei fyrste programma.

Langs pasifismedimensjonen har begge partia ein stabil profil mot ytterpunktet av dimensjonen, men eg finn ein større skilnad i verkemiddelbruk. Medan haldninga til NATO for SV i stor grad er prega av stabilitet, er utviklinga når det gjeld SF at dei tonar ned kritikken i 2007 og at den er fråverande i 2011 og 2012. Dette viser at SF har ei sentrumsorientering, medan SV ligg stabilt mot ytterpolen. I spørsmålet om militær intervensjon er utviklinga derimot ganske lik: Begge partia meiner at militær intervensjon i ytste konsekvens kan verte naudsynt etterkvart i perioden. For SV finn eg dette fyrst i 1997 og for SF finn eg det i programmet frå 2003.

# 5 Diskusjon: Ideologisk endring og stabilitet i SF og SV

## 5.1 Introduksjon

Ideologianalysen har vist ei kompleks ideologisk utvikling, prega av både ideologisk endring og stabilitet. I dette kapitlet ynskjer eg å gå vidare for å diskutere korleis ein kan forstå desse funna. Kapitlet er grovt delt i tre. Fyrst vil eg diskutere funna i lys av dei empiriske forventningane som vart presentert i kapittel 2. Deretter vil eg freiste nærme meg eit svar på den andre delen av problemstillinga for avhandlinga: Kvar står SF og SV ideologisk i dag i lys av deira ideologiske utvikling? Denne delen baserer seg på partifamilietylogien frå teorikapitlet. I den tredje og siste delen vil eg kome med nokre tentative refleksjonar kring kva som kan forklare den ideologiske utviklinga i SF og SV, både innanfor dei områda dei har felles utvikling og på område der dei skil lag. Denne avsluttande delen har ei svakare teoretisk forankring, men fordi ideologisk endring ikkje skjer i eit vakuum, er den meint å skulle tilføre nokre avsluttande betraktningar kring korleis ein skal forstå den ideologiske utviklinga.

## 5.2 Korleis forstå funna i lys av dei empiriske forventningane?

I teorikapitlet utforma eg tre ulike forventningar om både endring, stabilitet og endring og stabilitet. Den fyrste seier at partia skal ha hatt (1) ei konsekvent stabil ideologisk utvikling, og at SF og SV gjennom heile perioden dermed vil ligge langt ut mot dei ideologiske polane eg har definert som venstreorientering, økologisme og pasifisme.

Den andre er at partia skal (2) ha bevega seg konsekvent mot sentrum langs alle desse dimensjonane, utifrå forventninga om at dei har moderert sin ideologiske profil og blitt mindre radikale. Den tredje inneheld ei forventning om både endring og stabilitet og seier at partia skal ha (3) blitt mindre venstreorienterte, men stadig ligge langt mot ytterpunkta langs Ny politikk-dimensjonane økologisme og pasifisme.

Forventningane tek utgangspunkt i ei lik utvikling i begge dei to partia og seier ingenting om variasjonar mellom land. Fordi vi har sett at utviklinga varierer mellom SF og SV, vil ingen av forventningane kunne få hundre prosent støtte. Dei to fyrste forventningane om anten konsekvent endring eller konsekvent stabilitet vil dessutan ikkje få støtte fordi analysen viser ei utvikling prega av både endring og stabilitet. Også den tredje forventninga, at partia har fått ein rein Ny politikk-profil samstundes med ei svakare venstreorientering, må problematiserast. Sidan dei empiriske forventningane ikkje ser ut til å stemme på alle felt, vil eg diskutere teoriane bak alle dei tre forventningane for å sjå på kva som talar for støtte til kvar av dei.

Den fyrste empiriske forventninga om stabilitet er i hovudsak basert på teorien til Adams et al. (2006), som seier at nisjeparti ikkje vil endre programma sine fordi dei har lite å tene på det i høve til meir "mainstream" parti. Ei støtte til denne teorien finn ein i stabiliteten i dei overordna måla. For SF finn eg ei viss rørsle mot sentrum langs venstreorienteringsaksen, men elles overordna stabilitet. Sidan Adams et al. analyserte *policy*-forslag i valprogram for å lansere sine teoriar, bør ein kunne forvente å finne støtte for teorien om stabilitet også på verkemiddelnivå. Her gir funna imidlertid lite støtte. Det som gir støtte til teorien, er at SF endrar seg lite i miljøspørsmål og ligg stabilt ute mot økologismepolen gjennom analyseperioden. Men teorien baserte seg på i kva grad *endringar i samfunnet* får partia til å endre politikk. Sidan miljøsa har vore høgt på agendaen sidan slutten av 1980-talet er det dermed naturleg å finne stabilitet her. NATO-saka har derimot *ikkje* vore høgt på agendaen i Noreg dei seinaste åra og det er lite engasjement for å melde Noreg ut av alliansen. Det at SV likevel er for eit norsk utmelding er dermed ein sterkare indikator på at SV har trekk som gjer at ein kan samanlikne partiet med nisjeparti.

Adams et al. (2006: 526) kategoriserer SF som kommunistiske og dermed som nisjeparti. Med unntak av det over nemnde persistente synet på NATO, meiner eg at

partia ikkje kan karakteriserast som nisjeparti utifrå definisjonen som seier at desse partia primært skal konkurrere på eit lite utval ikkje-økonomiske saker (Wagner 2012). Analysen viser tvert i mot at SF og SV har utvida det ideologiske rommet ved å bevege seg meir mot sentrum, særleg langs den økonomiske venstreorienteringsaksen. SF og SV passar derfor ikkje inn i forståinga av nisjeparti som "*prisoners of their ideologies' – they have no real choice other than to cling to the policy ground they have staked out for themselves*" (Adams et al. 2006: 526).

Den andre empiriske forventninga, om ideologisk endring, får tydeleg støtte langs pasifismedimensjonen. Her har SF gått vekk frå begge verkemidla som tidlegare var svært sentrale for partiet. For SV får den også støtte ved at partiet har endra seg på éin av to indikatorar; Partiet har bevega seg vekk frå absolutt motstand mot militære intervensjonar. Forventninga om endring vert også støtta gjennom funna av at begge partia har tona ned si venstreorientering. SF har gått frå å snakke om *revolusjonær* til *grunnleggande* endring av samfunnet og partiet har opna meir opp for innslag av privat eigedomsrett og marknadskrefter. Hjø SV finn eg ei moderat endring mot sentrum fordi partiet tonar ned den mest radikale sosialistiske argumentasjonen.

Med bakgrunn i dette får teorien om at den kalde krigens slutt skal ha fått partia til å tone ned si radikale venstreorientering ut til å få støtte her. Likevel er ikkje endringa stor nok til at eg finn støtte for Eley (2002) sin teori om at murens fall har fått venstreparti til å akseptere status quo og kapitalismen og marknaden som dei rådande kreftene i samfunnet. I partiprogramma finn eg stadig ein krass kapitalismekritikk og utsegner om behovet for ei radikal omforming av samfunnet. Verken SF eller SV har gått heilt vekk frå konvensjonell sosialistisk terminologi, og rørsle mot sentrum av dimensjonen må seiast å vere moderat. Det som er interessant er at endringa tydelegast skjer i dei heilt nyaste programma, særleg gjeld dette for SF. Valprogrammet frå 2011 og prinsippprogrammet frå 2012 skil seg frå dei tidlegare ved å i langt mindre grad innehalde utsegner som kan plasserast langs den venstreorienterte ytterpolen. Dette kan vere eit trekk som gir støtte til teorien om at partia vil stå fram som meir pragmatiske fordi dei har gått frå "reine" ideologiske protestparti til å nærme seg dei sosialdemokratiske partia i samband med regjeringssamarbeid (Olsen et al. 2010).



Den tredje empiriske forventninga er likevel den som samla sett får mest støtte, fyrst og fremst fordi det førre kapitlet viste at partia si ideologiske utvikling er prega av både endring og stabilitet. Vi har sett at den fyrste delen av forventninga, som seier at partia skal tone ned si venstreorientering, har fått støtte. I kva grad utviklinga støttar den andre delen av hypotesen, at SF og SV i dag har sterkare grad av orientering mot Ny politikk-sakene, er meir usikkert.

Som vist fann eg ei gradvis sterkare orientering mot økologismepolen av dimensjonen gjennom perioden, der særleg SV utvikla seg frå å argumentere for lover, reguleringar og avgifter til å ta til orde for mindre forbruk og forbrukaransvar. Dette viser ei sterkare orientering mot økologisme og dermed mot Ny politikk. Langs pasifismedimensjonen finn eg derimot at partia har bevega seg mot sentrum av dimensjonen, særleg i verkemiddelbruk når det gjeld synet på militær intervensjon og, for SF, synet på NATO. Dette viser at utviklinga ikkje er einsretta. Likevel såg vi at SV har ein sterk NATO-motstand gjennom alle programma, og i det overordna målet om eit fredeleg samfunn finn eg at partia ligg stabilt mot det venstre ytterpunktet. Derfor kan det argumenterast for at den empiriske forventninga om både endring og stabilitet får moderat støtte også når det gjeld Ny politikk-orientering.

Trass i at partia altså har bevega seg noko mot sentrum av pasifismedimensjonen, i synet på militær intervensjon i begge parti og i synet på NATO hjå SF, meiner eg samla sett at den empiriske forventninga om ei sterkare Ny politikk-orientering og ei svakare venstreorientering passar best. Årsaka er at det ikkje er ein samla tendens mot anten endring eller stabilitet, men at utviklinga varierer frå dimensjon til dimensjon. Den stabile økologismeorienteringa og den svekka venstreorienteringa talar for ein tydelegare Ny politikk profil. Eit spørsmål det er verdt å stille utifrå dette er om den ulike utviklinga innan økologisme og pasifisme viser at det ikkje lengre er føremålstenleg å snakke om desse saksfelte samla, fordi Ny politikk-saksfeltet har spreidd seg i ulike retningar. Mykje har skjedd sidan desse politiske sakene vart satt på dagsorden på 1960-talet, og fred, feminisme og miljø har vorte tydeleg rotfesta innan sine leirar. Derfor kan det i dag kunne diskuterast om det framleis er fruktbart å studere dei i lag. Dette vil eg sjå nærare på når eg no vil diskutere kvar SF og SV står ideologisk i dag på bakgrunn av den påviste ideologiske utviklinga.

### 5.3 Korleis klassifisere partia i dag?

Innleiingsvis i avhandlinga sette eg spørsmålsteikn ved kor persist det er å framleis kalle SF og SV for «det Nye venstre»; Dei er over femti år gamle, godt etablerte innanfor sine partisystem og sit i kvar sine regjeringar saman med dei sosialdemokratiske partia. Likevel viste eg i teorikapitlet til at Ny politikk og Nye venstre er dei mest utbreidde termene på partifamilien partia høyrer til. Det vart også vist til at partia har blitt kategoriserte under mange ulike samleomgrep, som *left-libertarian* (Kitschelt 1988), venstresosialistiske (Christensen 1998), økososialistiske (Arter 2008), demokratisk sosialistiske (March 2011) og radikale venstreparti (Mudde og March 2005), for å nemne nokre. Analysen og diskusjonane over har vist at partia har vore gjennom ei kompleks og samansett utvikling – kanskje basert på eit like komplekst og samansett utgangspunkt, noko som stadig gjer ei klassifisering av dei til ei utfordrande øving.

Analysen har vist at terminologien Ny politikk-parti kan vere problematisk. Dei to Ny politikk-områda eg her har studert, økologisme og pasifisme, har ikkje hatt ei samanfallande utvikling. Både miljø- og fredspolitikk er viktige saker for SF og SV, men utviklinga langs desse to dimensjonane har vore ulik. Eg finn særleg i SF at pasifismedimensjonen er tona ned, både ved at fredspolitikk knapt er nemnt i dei to siste programma, og ved at partiet har flytta seg mot sentrum når det gjeld to saker som tidlegare har vore viktig for dei: NATO og militær intervensjon. Miljø har samstundes vore – og vorte stadig meir – eit sentralt politisk område og eg finn at både SF og SV forfektar økologisme som ein heilskapleg ideologi. Partia har også definert seg som sosialistiske *og* grønne parti, gjerne i same setning. Det viser at miljø er eit langt meir sentralt tema for SF og SV i dag enn det tryggingspolitiske er og illustrerer at det kan vere problematisk å snakke om partia som Ny politikk-parti. Kanskje er det på tide å sjå desse Ny politikk-sakene for seg sjølv og ikkje som eit kollektivt saksfelt som heng i hop.

Venstreorienteringa til partia må stadig kunne seiast å vere ein berande del av deira ideologiske identitet, og det er ingen tvil om at det framleis er "*a left left*" i SF og SV. Teorien til Taggart (1996) og andre som plasserer SF og SV under same fane som grønne parti, og som reine Ny politikk-parti, får ikkje støtte her. Til det er venstreorienteringa stadig ein for dominerande og sentral del av partia. Det fyrste som vert slått fast i prinsippprogramma er gjerne at partia er sosialistiske parti som jobbar for ei omlegging

av den økonomiske strukturen i samfunnet. Og klassiske verkemiddel frå Gammal politikk, som regulering av marknaden og offentleg eigarskap, er stadig ein sentral del av politikken, trass i at dei har blitt justert og står fram som mindre radikale utover i perioden.

Eg kan ikkje på bakgrunn av ein analyse langs tre dimensjonar slå fast kva merkelapp som overordna passar best på den samla ideologien til partia i dag. Men basert på funna i denne avhandlinga er omgrepet *økososialisme* (sjå mellom anna Arter 2008: 108) det mest treffande: Trass i ei viss sentrumsorientering ligg SF og SV stadig langt ute mot venstreorientering i økonomiske spørsmål, og dei definerer seg stadig som sosialistiske parti. Miljø- og økonomisk politikk heng tett saman for partia, og den grønne dimensjonen ser ut til å vere godt integrert i SV sin sosialismedefinisjon. Samstundes har den sterke økologismeorienteringa blitt stadig tydelegare gjennom perioden – synleg ved ein aukande bruk av verkemiddel som bygg opp under økologisme som ein sjølvstendig ideologi. Den klare sentrumsorienteringa langs pasifismedimensjonen gjer at denne dimensjonen ikkje ser ut til å vere like sentral for partia i dag, særleg ikkje for SF.

Heidar (2001: 69) er blant dei som har vist til at SV transformerte seg ideologisk *"from a 1960s 'new left' party toward a more 'green' party in the 1980s"*. Analysen i denne avhandlinga syner at denne utviklinga har heldt fram heilt til i dag. Utviklinga mot ein reindyrka økososialistisk profil passar også overeins med March (2008: 1) sin analyse som seier at *"[t]he most successful strategies include an eco-socialist strategy [...]"*. Gjennom denne strategien skil partia seg tydeleg frå dei sosialdemokratiske partia; Ikkje berre ved å vere det meir dogmatiske venstrealternativet, men også ved å ha ein stadig klarare og meir reindyrka miljøprofil som gjer at partia tiltrekk seg andre type veljarar. Som Arter (2008: 110) påpeikar om utviklinga til dansk SF:

The Socialist People's Party was not born an eco-socialist party: it became one, partly as a consequence of the need to compete with the old class parties and the Social Democrats in particular.

Samstundes støttar utviklinga mot å bli meir økososialistiske forklaringa om at miljøpolitikken til dei venstresosialistiske partia er årsaka til at ein stadig ikkje har sett gjennombrøtet til grønne parti i Danmark og Noreg, slik som i nabolanda Sverige, Finland og Tyskland. Dersom denne forklaringa stemmer, viser min analyse at utsiktene ikkje er mykje betre for dei grønne partia i dag: SF har som vi har sett hatt ein tydeleg økologisk

profil heilt frå 1990, medan SV har fått ei stadig sterkare økologismeorientering dei siste åra.<sup>22</sup>

Innleiingsvis i avhandlinga viste eg til at politiske parti er drivne av idear, men at desse ideane må spegle veljarar og samfunnet elles om partia skal halde tritt med utviklinga i det politiske landskapet. Diskusjonen over viser at denne balansegangen har vore svært aktuell for SF og SV. På den eine sida har partia ei sterk ideologisk forankring, og er kanskje meir prega av sin ideologiske arv enn andre, større parti.<sup>23</sup> Samstundes har dei måtte tilpasse seg, kanskje også meir enn andre parti, fordi ein del av deira eksistensgrunnlag vart radikalt endra ved den kalde krigens slutt. For å bruke Christensen og Midtbø (1998: 4) sine ord: *"Issues which previously made up these parties' raison d'etre are no longer on the political agenda"*. Dette utgjer bakteppet når eg no skal diskutere moglege drivkrefter bak den ideologiske utviklinga eg har peika på.

## **5.4 Drivkrefter bak ideologisk endring og stabilitet – nokre refleksjonar**

Vi har sett at den ideologiske utviklinga til SF og SV har vore prega av både endring og stabilitet frå 1989 til i dag, men kva faktorar har spela inn på korleis partia har endra seg eller heldt seg stabile? Og korleis kan den like, men også på enkelte område ulike, utviklinga til SF og SV forståast? Her vil eg forsøke å gå litt vidare og gjere meg nokre betraktningar om kva som ligg bak den ideologiske utviklinga. Eg legg til grunn for denne studien eit syn på idear og ideologi som ei sjølvstendig drivkraft for politiske parti, samstundes som eg viser til at vi ikkje kan forstå ideologisk utvikling isolert sett. Her vil eg derfor presentere ulike teoriar, noko lausare forankra, over tentative forklaringar på indre og ytre drivkrefter bak endring og stabilitet. Denne delen kan ikkje tilby absolutte konklusjonar om kva som kan forklare den ideologiske utviklinga til SF og SV. Men forhåpentlegvis kan den tilføre nokre avsluttande refleksjonar som kan gi ei breiare forståing og legge eit grunnlag for vidare forskning.

---

<sup>22</sup> Det kan her spekulerast i om regjeringsdeltakinga med dei meir moderate sentrum/venstre-partia kan tvinge fram kompromiss i SF og SV sine økologiske kjernesaker, noko andre miljøparti kan utnytte ved å mobilisere skuffa "miljøveljarar". Dersom slike mekanismar gjer seg gjeldande kan det tenkast å på sikt opne opp for andre miljøparti også i Danmark og Noreg.

<sup>23</sup> Alle mine intervjuobjekt seier seg samde i denne påstanden. Bård Vegar Solhjell (2013 [intervju]) meiner også at *"SVs veljarar ofte legg noko større vekt på samfunnssyn og verdiar enn andre veljarar"*.

### 5.4.1 Korleis forstå ideologisk endring?

I kapittel 2 vart det vist til at ideologisk utvikling kan sporast ved hjelp av eit rammeverk av tre ulike nivå av endring. Hall (1993) karakteriserer det fyrste nivået som ei finjustering av verkemidla, det andre nivået som ei endring av verkemiddel, og det tredje nivået som eit paradigmeskifte som inneber ei endring av både verkemiddel og mål. Ikkje langs nokon av dei tre dimensjonane eg her analyserer finn eg endring som kan kategoriserast som eit paradigmeskifte. Endringa skjer på verkemiddelevelnivå, og tydelegast langs pasifismedimensjonen. Utviklinga i synet på militær intervensjon er samanfallande for SF og SV fordi begge parti endrar standpunkt og opnar for militær bruk. I teorikapitlet vart det vist til at enkelthendingar kan spele inn på politikkkutforming. Mellom anna vart det vist til at situasjonen i det tidlegare Jugoslavia fekk die Grünen i Tyskland til å gå frå "absolutt" til "betinga pasifisme" på 1990-talet.

Denne konflikten må også betraktast som heilt sentral for kvifor SF og SV endra standpunkt i synet på militær intervensjon. For SV gjorde Kosovo-krisen landsmøtet i 1999 til eit av "*partiets mest dramatiske*" fordi dei vart tvinga til å ta eit standpunkt i ei svært viktig prinsipiell sak (Sølhusvik 2012: 25). Dåverande partileiar Kristin Halvorsen uttalte om situasjonen at "*det fantes ingen enkle og riktige løsninger[, b]are dårlige alternativer*" (Halvorsen og Teigene 2004). Den humanitære krisen gjorde at ein vart tvinga til å ta eit standpunkt, delvis fordi det skjedde i "*vår eigen bakhage*" (Hvas 2013 [intervju]), og både SF og SV opna for militær intervensjon.

Solhjell (2013 [intervju]) meiner konflikten markerte ei dreining "*vekk frå [at det er] kven du er på lag med som er viktig, til kva du faktisk kan bidra med for å løyse ei konflikt*". Denne prosessen kjenner ein igjen frå endringa i det grønne partiet i Tyskland der grunnsetninga "Never again Auschwitz" tok over for den tidlegare "Never again war" på grunn av denne konflikten (Brunstetter og Brunstetter 2011: 69). Dette illustrerer at enkelthendingar kan spele ei rolle i politikkkutforming, og kan underbygge Heywood (2007: 3) sitt poeng om at politiske idear ikkje oppstår i eit vakuum. Solhjell meiner samfunnsendringar har vore den sterkaste drivkrafta bak ideologisk endring for SV, som katalysator for å setje fortgang i prosessar som alt er undervegs. Utifrå dette synet spela dei humanitære katastrofane på 1990-talet noko av same rolla som Tsjernobyl-ulukka i

1986 gjorde for miljøpolitikken: *"Tsjernobyl [...] spela ei rolle for at miljø kom på dagsorden, men klimaproblema hadde kome uansett"* (Solhjell 2013 [intervju]).

Den einaste staden ein kan finne ei viss endring i overordna mål, er langs venstreorienteringsdimensjonen for SF. Her finn eg at partiet fyrst forfektar ei revolusjonær omvelting av samfunnet, for deretter å snakke om ei grunnleggande ny innretning av den økonomiske politikken. Det tolka eg som ei moderat endring fordi det indikerer at lista med dette er lagt lågare for kva samfunnsendringa skal resultere i. I verkemiddelbruken finn eg ei justering ved ein meir sentrumsorientert tilnærming til marknadsregulering og offentleg eigarskap som instrument. Mellom anna gjekk SF frå å snakke om *"islæt"* av privat eigarskap til *"islæt av offentleg eigarskap"*. Utviklinga fell saman med at dei to nyaste SF-programma er langt kortare og meir "rett på sak" – med færre analysar og færre utsegner som passar direkte inn i klassisk sosialistisk retorikk.

Det er nærliggande å sjå denne utviklinga i samheng med at partiet nærma seg, eller hadde gått inn i, regjerings samarbeid og at tidspunktet dermed var kome for å fjerne nokre av dei prinsipielle utsegnene som hadde stått i tidlegare program. Noverande partisekretær i SF, Turid Leirvoll, meiner det kortare prinsippprogrammet frå 2012 var ei naudsynt ideologisk oppdatering:

Det som skjedde med det programmet var at ein oppdaterte det. Vi skulle på ein måte lage noko som var meir prinsipielt. Og så blei det tatt vekk noko av det, kva skal ein kalle det, analysane og det fundamentalistiske. For dette punktet var ikkje uttrykk for medlemmane si meining lenger. Det var ingen som meinte at det var snakk om noko "islæt" av privat eigarskap. Ein anerkjenner privat eigedomsrett (Leirvoll 2013 [intervju]).

Dette vert støtta av Mortensen (2011: 337), som meiner det var eit nødvendig grep for å gjere partiet "magtklar"; å *"luge ud i det gammelmarxistiske arvegods, som man frygtede ville skræmme de mindre stålsatte vælgere"*. Han peikar på at retorikken frå det relativt radikale prinsippprogrammet frå 2003, med snakk om ein revolusjonær prosess for å avskaffe kapitalismen, ikkje passa inn for det nye, regjeringsklare SF. *"Det gamle snak om socialisme var blevet ubekvem bagage under vandringen mod regeringskontorerne"* (Mortensen 2011: 344).

Det er for enkelt å berre sjå dette i samband med regjeringsdeltaking, men det er samstundes nærliggande å tenke seg at det kan ha hatt ein viss påverknad. Moglegheita

for å sikre seg posisjonar i politikken blir, som nemnt tidlegare, sett på som ei av dei klassiske drivkreftene bak ideologisk endring, saman med drivkrafta om stemmer (votes) og gjennomslag for politikk (policy) (Strøm 1990; Strøm og Müller 1999).<sup>24</sup> Utifrå denne teorien skal ein forvente at partia si tilnærming til regjeringssamarbeidet er med på å påverke korleis programma vert utforma det året partia trer inn i regjeringskorridorane. For begge partia finn eg at programma frå året dei gjekk i regjering – 2005 for SV og 2011 for SF – er noko annleis bygd opp enn dei tidlegare programma. Dei er både meir "profesjonelt" utforma og framstår noko mindre dogmatisk. Likevel er det få konkrete endringar å sjå i politiske standpunkt, og endringa er kanskje mindre enn ein ville ha trudd utifrå den offentlege debatten.

For SV er dei overordna måla for samfunnet i stor grad stabile gjennom perioden. Ideologianalysen viser fyrst og fremst ei sentrumsorientering i verkemiddelbruken – eit funn som vert støtta av Solhjell (2013 [intervju]):

Eg trur den endringa SV har gått gjennom dei siste ti åra er kanskje meir ei endring i retning pragmatisme enn endring i standpunkt: At vi kan godt ha den same grunnhaldninga til offentleg versus privat sektor, men ei langt meir pragmatisk haldning til gjennomføringa av det. Så det eg ville trudd... At du kanskje fant litt av det i programma, litt endring, men at det meste [av] endringa finn du i den politiske praksisen, viljen til å føreslå ting, vere med på ting, gå inn i regjering og så vidare.

Dette reflekterer skilnaden mellom overordna mål og verkemiddel, og Solhjell si utsegn passar overeins med Hall (1993) sin teori om at det kostar mindre å endre verkemidla enn dei grunnleggande målsettingane. Marknadsregulering og offentleg eigarskap er heilt sentrale verkemiddel innanfor partiideologien til SF og SV. Slik kan dei forståast som viktige identitetsmarkørar for partia (jamfør Panebianco 1988), og dersom dei hadde gått bort i frå det kunne ein ha diskutert om det kunne ha kvalifisert til eit paradigmeskifte. Dette syner at det kan vere glidande overgangar mellom mål og middel.

Utviklinga kjenner ein igjen frå mange parti i Europa som har endra "verktøykassa" si, men insisterer på at måla er dei same. Eit døme er det sosialdemokratiske partiet i Storbritannia, som gjekk gjennom ei omfattande nyorientering på 1990-talet. Statsminister Tony Blair argumenterte då dei vann valet i 1997 med at dei hadde vunne

---

<sup>24</sup> Teorien vart nemnd i ein fotnote i metodekapitlet då eg argumenterte for å ha med partiprogramma frå dei åra SF og SV gjekk inn i sine regjeringar.

som "New Labour"; ein "tredje veg" som bestod av *"a modernised social democracy, passionate in its commitment to social justice and the goals of the centre-left, but flexible, innovative and forward-looking in the means to achieve them"* (Blair 2003, sitat henta frå Shaw 2003: 21). Kor vidt New Labour nøgde seg med å endre midlane, og i kva grad New Labour framleis kan karakteriserast som det same sosialdemokratiske partiet ("Old" Labour), har sidan vore mykje diskutert (sjå mellom anna Bogdanor 2007; Freedon 1999; Meredith 2006; Shaw 2007). Sjølv om det ikkje har vore snakk om ei like omfattande og definert omforming i SF og SV, er det fleire likskapstrekk mellom desse partia og andre som har gått gjennom det ein kan kalle ei ideologisk modernisering av verkemiddelbruken. Dette illustrerer den vanskelege balansegangen det er å skulle endre verkemiddel utan å endre partiets "sjel".

### **5.4.2 Korleis forstå ideologisk stabilitet?**

Den ideologiske endringa til SF og SV langs økologismedimensjonen skil seg frå endringa langs dei to andre dimensjonane ved at eg her ikkje finn bevegelse mot sentrum. I staden finn eg stor grad av stabilitet både i overordna mål og verkemiddelbruk. Den endringa ein kan identifisere er på verkemidelnivå i retning økologismepolen. Dette gjeld særleg for SV. Eg finn ei gradvis auke i bruk av Ny politikk-verkemiddel; redusert forbruk, forbrukaransvar og grønne skattar, og gradvis mindre bruk av argument knytt til Gammal politikk. SF hadde tatt i bruk slike Ny politikk-verkemiddel i stor skala allereie ved starten av analyseperioden. Medan SV har gjennomført ei endring i verkemiddelbruken, er det for SF meir snakk om ei justering for å nå målet om eit økologisk, grønt samfunn.

At det overordna økologiske målet ikkje endrar seg gjennom perioden, kan ein kanskje forstå ved at den store miljømessige omveltinga skjedde før analyseperioden tek til. I fylgje Rossavik (2011: 330-334) var valet i 1989 det fyrste store miljøvalet for SV. Trass i at interessa hadde ligge der lenge, var det særleg frå slutten av 1980-talet at det vart flytta høgst opp på dagsorden: *"Miljø og økologi som tema hadde historiske røtter i partiet og ble nå omfattet med fornyet interesse"* (Rossavik 2011: 319). Tsjernobyl-ulukka i 1986, mykje merksemd kring hol i ozonlaget og sur nedbør hadde gjort miljøspørsmålet stadig meir aktuelt. Miljø skulle i 1989 vere SVs primære valkampsak. Skilnaden frå tidlegare var at: *"Fienden ikke lenger primært [var] industrien eller Arbeiderpartiet. Nå skulle partiet [...] gå inn på den enkelte borgers personlige moral"*



(Rossavik 2011: 330-331). Dette passar overeins med funna frå idéanalysen av partiprogramma. Dersom dette fokusskiftet var bevisst, gjer det seg meir synleg utover i perioden gjennom Ny politikk-argumentasjon der enkeltindivid er ein meir sentral del av argumentasjonen.

For SF er det mykje som tyder på at denne "grøne omveltinga" skjedde tidlegare enn den gjorde hjå SV. Mortensen (2011) meiner at landsmøtet og programmet alt frå 1977 markerte det "*endelige revolutionære magtoppgør*" for SF; partiet modererte si sosialismeforståing og vart grønare:

Yderligere viste programmet, at SF nu, firkantet sagt, var blevet en blanding af rødt og grønt. Den ubetingede begejstring for vækst og fremgang, blot den foregik under socialistiske former, var afløst af væstkritik og økologisk bevidsthed (Mortensen 2011: 213).

Dette kan kanskje vere noko av forklaringa på at eg finn mindre endring i "grøn" verkemiddelbruk for SF enn for SV. At Ny politikk-verkemidla er godt synlege heilt frå valprogrammet frå 1990 kan dessutan sjåast i samanheng med leiarvalet dette året. Då stod det mellom to kandidatar: Holger K. Nielsen og Steen Gade, "Røde Holger eller Grøne Steen", som i fylgje Mortensen (2011: 263) nådde "*en dybere splid om selve partiets sjæl*":

Skulle det bevare sin socialistiske målsætning – forstået som en grundlæggende forandring af ejendomsforholdene i samfundet. Eller skulle partiet i stedet forsøge at nærme sig de grønne partier, der opstod i flere europæiske lande.

Leiarskifte er også sett på som ei sentral drivkraft bak ideologisk endring i litteraturen (sjå til dømes Demker 1997; Harmel og Janda 1994). Sjølv om Holger K. Nielsen, som representant for den raude delen, vart leiar, vart Gade teke opp i partileiinga som gruppeformann for SF i Folketinget. Det gjorde at den grønne fløya i partia framleis vart sterkt representert (Melve 1999: 166; Petersen 1998).

Den delen eg representerer i SF heilt tilbake frå slutten av '70-talet er veldig inspirert av dei tyske grønne. Vi sa nei til A-kraft i '85 i ein kampanje [...] og det lukkast oss, syns eg, meir enn nokon andre, allereie på '80-tallet å lage ein allianse som har bore ein grøn dagsorden gjennom i Danmark (Gade 2013 [intervju]).

Kanskje kan denne inspirasjonen frå grønne parti vere ein av grunnane til SF si sterke Ny politikk-orientering i verkemiddelbruk heilt frå byrjinga av analyseperioden. For SV vert

denne verkemiddelendringa fyrst tydeleg i arbeidsprogrammet 2005-2009. Gade (2013 [intervju]) meiner at det sterke økologiske fokuset er av dei faktorane som gjer at SF og SV skil seg mest frå kvarandre: "*Kanskje liknar vi på nokre punkt [...] dei venstreorienterte grønne litt meir enn SV gjer. Og SV ligg kanskje nokre gongar litt tettare på Vänsterpartiet i Sverige*".

Stabilitet finn eg også i SV sitt syn på NATO, som diskutert tidlegare. Korleis kan ein forstå at SV ikkje endrar sin NATO-skepsis, men at SF ser ut til å gjere det? Det er naturleg å sjå denne ulike utviklinga mellom partia i samband med den sterke posisjonen NATO-saka hadde for danninga av Sosialistisk Folkeparti i Noreg i 1961. I fylgje partifamilietylogien til Mair og Mudde (1998), og i fylgje Panebianco (1988) sin teori om viktigheita av partiideologi som identitetsmarkør, kan ein dermed tenkje seg at NATO er ein så sentral del av opphavet og ideologien til SV, at dei dermed beheld den som ei prinsipiell sak. Solhjell (2013 [intervju]) stadfestar dette inntrykket:

Mitt personlege syn på det er at det ikkje er viktig i dag. [...] Det er ikkje [ei] viktig sak for SV, ikkje for oppslutning, ikkje for medlemmane, ingenting. Men det er ein sånn symbolverdi som ligg der, og uttrykker noko veldig sterkt, og som er vanskelig å røre ved, og at det er derfor det forblir sånn. Og at det [er] ingen som eigentleg verkeleg tek diskusjonen. [...] Eg trur det er fordi det oppfattast som ein del av grunnlaget for då SF i si tid blei stifta, før SV. Og mange ser på det som ei sånn sak ein berre ikkje vil endre på, og det er ingen som tek det opp i særleg grad. Eg reiste jo ein sånn debatt for ein ti års tid sidan om det, og det var lite suksess, for å seie det sånn.

Dette synet passar godt overeins med teorien til Panebianco (1988) om partia sin *raison d'être*. NATO-saka kan slik tolkast som ei prinsipielt viktig sak, som har vore ein så sentral del av SV at dei beheld den sjølv om dei ikkje lenger er veldig opptatt av den. I fylgje Panebianco har alle parti slike saker som definerer dei, kanskje med unntak av populistiske parti. Dette stemmer som nemnt også med at SV kan ha element av nisjeparti ved seg. Utifrå denne teorien må det at SF *har* endra syn på NATO-medlemskap forståast slik at denne saka ikkje er berande for partiets ideologiske identitet på same måte som for SV, og at ei endring dermed ikkje truga partiets identitet.

NATO var eit sentralt saksfelt for SF då dei vart danna (Heidar 2008a: 77; Kragh 1995: 134). Men allereie frå byrjinga av 1970-talet, då SF støtta SD gjennom eit såkalla "arbejderflertall", hadde partiet fått eit "*mere "afslappet" forhold til NATO, idet man fandt, at de militære blokke i øst og vest var svækkede*" (Kragh 1995: 135). Kragh meiner

at utviklinga også kan sjåast som eit *"forsøg på at afpolitiserer et spørsmål, som programmatisk klart adskilte SD og SF"* (Ibid.). Gade (2013 [intervju]) meiner at saka burde ha vore ute av prinsippprogrammet til SF alt i 1991 fordi NATO-skepsisen allereie var borte frå partiet:

NATO har ikkje i dansk SFs politikk i [...] den perioden du undersøker, har det aldri vore rett så "hot" som i Norge. [...] [For] SV har det betydd rett mykje, men det har ikkje betydd like mykje hjå oss. Det var sjølvstakt ei markering, men det har ikkje betydd like mykje.

I metodekapitlet diskuterte eg i kva grad fråvær av ei sak i programma indikerer at saka ikkje er viktig for partiet eller om det i staden tyder at det er ei sak partiet unngår av pragmatiske årsaker. Diskusjonen her viser at NATO-saka er ute av dei to siste SF-programma fordi den ikkje lenger er sentral for SF. At saka stadig er med i programma til SV sjølv om den heller ikkje der er sett på som sentral for politikken til partiet, stadfestar den ulike utviklinga i SF og SV. Og kanskje gir det eit hint om SF som eit noko meir pragmatisk parti enn SV. Langs pasifismedimensjonen har partia vist ei lik utvikling ved å opne for militær intervensjon og overordna stadig vere eit "fredsparti".

### **5.4.3 Korleis forstå ulik ideologisk utvikling i SF og SV?**

Det er mykje som talar for ei lik utvikling i SF og SV frå 1989 til i dag. Dei er historisk like parti, dei ligg geografisk nær kvarandre og opererer i politiske system som ofte blir klassifisert innan same type i velferdsstatstypologiar (Esping-Andersen 1990). At eg her finn at dei utvikla seg ulikt langs enkelte av indikatorane, vil eg derfor kome med nokre siste refleksjonar rundt. Eit fyrste overordna trekk som kan peikast på er den økonomiske situasjonen i Danmark og Noreg, som i fylgje Gade (2013 [intervju]) påverkar fordi ein vert tvinga til å gjere hardare politiske val.

Det er verkeleg vanskeleg fordi føresetnaden for norsk politikk og dansk politikk er [...] så dramatisk forskjellig. [...] Eg vil seie vi har større utfordringar enn SV. Men det er ikkje sikkert SV syns det (Gade 2013 [intervju]).

Dette kan vere noko av bakgrunnen for at SF i dei nyaste programma til dømes går vekk frå det prinsipielle standpunktet om 6-timersdagen og i staden ber danskar jobbe meir:

Vi vil få Danmark ud af krisen ved at skabe arbejdspladser og vækst. Derefter – når der mangler hænder på arbejdsmarkedet – beder vi alle danskere om at arbejde 12 minutter mere om dagen (SF 2011: 6).

SF som parti har også hatt ei meir pragmatisk tilnærming til regjeringsdeltaking og samarbeid med andre parti enn SV har. Allereie på slutten av 1960-talet var SF fast støtteparti for SD i regjering i det som vart kalla "det røde kabinet", og sidan har partiet vore med i "arbejderflertal" både på 1970- og 1980-talet (Mortensen 2011). Det kan tenkast at dette har gjort at partiet i større grad har måtte "modernisere" sine standpunkt undervegs, medan SV som lenge var eit reint opposisjonsparti kunne halde på sine prinsipielle standpunkt lenger. Christensen (1996: 537) bygger opp under denne forståinga når han skildrar SV si haldning til EU-spørsmålet: *"In Norway, the Left-Socialists ignored the issue as long as they could and the process of policy formulation looked like the rerun of an old movie"*.

I tillegg sit SF i ein vanskelegare situasjon i dagens regjering: Fyrst måtte dei inngå eit kompromiss med SD før valet,<sup>25</sup> deretter må dei kompromisse med Radikale Venstre i regjering, og sidan dei er i ei mindretalsregjering må dei inngå enda eit kompromiss med eit stort opposisjonsparti. Mange meinte dei to veker lange forhandlingane med Socialdemokraterne og Radikale Venstre hadde kosta for mykje, at for mange merkesaker var forsvunne frå regjeringsgrunnlaget og at ministerpostane var kjøpt for dyrt (Mortensen 2011: 8). Trass i at SF har vorte regjeringsparti, står partiet framleis framfor det velkjente dilemma mellom pragmatisk realpolitikk og sosialistiske ideologiske prinsipp, som gjer at dei veks i opposisjon og minkar når dei har innflytelse (Ibid.). I Noreg må SV fyrst og fremst inngå kompromiss med Senterpartiet og Arbeiderpartiet i regjering. Men den klassiske konflikten mellom "realos" og "fundis"<sup>26</sup> kjenner ein igjen frå begge partia si historie, og frå mange andre liknande parti i Europa.

Ein skilnad mellom det danske og det norske partisystemet er at det er hardare konkurranse i Danmark enn i Noreg (Christensen 1996: 528). Dette er mellom anna tydeleg gjennom den meir fragmenterte ytre venstrefløya, representert ved Venstresocialistene og Enhedslisten i tillegg til SF. Dette kan ha ei viss påverknadskraft fordi det ideologiske rommet eit parti tek sikte på å okkupere åleine vert mindre, samstundes som det seier noko om partimedlemmane. Leirvoll (2013 [intervju]) meiner

---

<sup>25</sup> I dokumentet "Fair forandring" (SF og SD 2009) går til dømes SF spesifikt i mot å heve bustadskatten, i strid med sin eigen politikk frå valprogrammet i 2007, der SF vil jobbe for ein *høggare* bustadskatt.

<sup>26</sup> Fundis står for fundamentalistar og oppstod som ei fløy i det tyske grøne partiet etter ein konflikt med *realos* - realistane, Konflikten dreia seg mellom anna om synet på regjeringsdeltaking (sjå til dømes Doherty 1992).

at ein sentral skilnad mellom SF og SV er at "*delar av det som er Enhedslisten her [i Danmark] er inne i SV [i Noreg], og det vil seie at SF tradisjonelt har hatt færre av dei sterkt venstreorienterte*". Dette kan gi ei supplerande forklaring på kvifor eg finn ei noko tydelegare sentrumsorientering for SF enn for SV. Det kan leggest til at den store framgangen til Enhedslisten fyrst gjorde seg synleg ved valet i 2011 då dei fekk 6,7 prosent av stemmene og 12 mandat i Folketinget (Folketinget utan dato), så konkurransen frå dette partiet kan tenkast å verte meir gjeldande i tida framover.

Gade (2013 [intervju]) legg i tillegg stor vekt på at den borgarlege regjeringa i Danmark frå 2001 til 2009 – med Venstre, Det konservative Folkeparti, og Dansk Folkeparti som støtteparti – og politikken dei førte, har vore ei sterk drivkraft bak politikkkutforminga til SF: "*Den viktigaste drivkrafta hjå SF [...] er den borgarlege regjeringa som aldri har vore så høgreorientert på verdiar [som då]*". Det må ein kunne tolke som at høgreorienteringa i dansk politikk på 2000-talet har fått SF til å følgje etter. Ei slik høgrevridding har mellom anna kome godt til syne i innvandringspolitikken, der SF under tidlegare formann Villy Søvndal la an ei hardare line mot innvandrarar.<sup>27</sup>

I staden for å ta eit meir radikalt standpunkt for å skilje seg frå denne "høgredreiinga", kan det tenkast at SF heller måtte gå inn i det som kan kallast "the politics of catch-up" (Hay 1994; Smith 1994): Dei bevega seg etter den dagsordenen den borgarlege regjeringa sette. Distinksjonen mellom *preference-shaping* og *preference-accommodation* kan knytast til dette. Tilnærminga til *preferansetilpassing* går tilbake til Downs (1957) og baserer seg på at parti må tilpasse seg preferansane til veljarane for å vinne val, noko som høver med catch-all-perspektivet. Dunleavy og Ward (1981) viser at dette ikkje er ein einvegsretta prosess, men at også partia kan forme preferansane til veljarane. Partia kan altså velje å godta dei grunnleggande premissane for den politikken som blir ført, eller dei kan prøve å forme den utifrå sine eigne premissar. På enkelte område har nok SF og SV hatt ei agendaformande rolle, men dei har definitivt også måtte tilpasse seg endra handlingsvilkår i samfunnet. Utifrå premissen om at det politiske klimaet i landet påverkar politikkkutforminga til partia, kan høgrevriddinga i dansk politikk også vere ein faktor som forklarar sentrumsorientering til SF.

---

<sup>27</sup> Mellom anna fekk Søvndal mykje merksemd då han i 2008 gjekk svært hardt ut mot den muslimske organisasjonen Hizb ut-Tahrir, med dei etterkvart berømte orda: "*Til disse mørkemænd vil jeg sige: Gå ad helvede til*" (Jyllands-posten 2008).

## 5.5 Oppsummering

I dette kapitlet har eg forsøkt å problematisere og diskutere funna som vart presentert i analysekapitlet. Fyrst konkluderte eg med at den tredje empiriske forventninga får mest støtte; Den seier at partia skal bli meir Ny politikk-orienterte og mindre venstreorienterte utover i perioden. Funna gjer likevel at eg set spørsmålsteikn ved kor presist det er å framleis nytte terminologien Ny politikk om eit samla saksfelt for partia. Årsaka er at dimensjonane økologisme og pasifisme har utvikla seg i ulik retning gjennom analyseperioden. Eg argumenterer derfor, med bakgrunn i analysen, for at namnet *økososialisme* kan vere meir presist, fordi funna viser ei nedtona, men stadig synleg venstreorientering og ein enda tydelegare økologisk ideologi. Til slutt i kapitlet har eg presentert nokre refleksjonar kring korleis ein kan forstå den ideologiske utviklinga til partia utifrå ulik teori på området. Denne delen kan ikkje legge grunnlaget for nokon konklusjonar, men kan kanskje illustrere at mekanismane bak partiideologisk utvikling truleg er ein kompleks og mangslungen prosess, og kan kanskje legge eit grunnlag for vidare studiar av drivkrefter bak ideologisk endring for desse partia.

## 6 Konklusjon

